



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Fossheim, Lom

Dato: 24.11.2023

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 30/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 31/23	Mysubytta LVO - Fjerning av platting - Vedtak om tvangsmulkt - Rita Brekkum		2019/16363
ST 32/23	Strynefjellet LVO - Dispensasjon - Motorferdsel 2024-2027 - Bruk av snøskuter og trakkemaskine - Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen		2023/14005
ST 33/23	Breheimen NP - besøksstrategi - 2023 - Sluttbehandling		2021/2684
ST 34/23	Breheimen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltak og midlar - SNO-ressurs - 2024		2023/14306
ST 35/23	Delegerte vedtak		
DS 34/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - >Dispensasjon - Søk etter storfe ved bruk av drone - Terje Marstein		2023/10419
DS 35/23	Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - restaurere Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge		2021/4296
ST 36/23	Eventuelt		

ST 30/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2019/16363-31

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 17.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	31/23	24.11.2023

Mysubytta LVO - Fjerning av platting - Vedtak om tvangsmulkt - Rita Brekkum

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 24.11.2023 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om tvangsmulkt i sak om fjerning av platting i Mysubytta landskapsvernområde. Plattingen er bygd utan løyve på Mysubyttvegen 545 av Rita Brekkum, Bråtåvegen 995, 2693 Nordberg.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek at dersom platting som er sett opp i tilknytning til seterhuset på Mysubyttvegen 545 ikkje er fjerna innan 01.08.2024, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr. 500 pr. dag inntil plattingen er fjerna.

Sjå tidlegare vedtak om retting (2015/5516), og beskriving av gjennomføring på den siste sida i dette dokumentet som forklarar kva som må gjerast for at rettinga skal bli godkjent. Dette vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 73.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtak om førehandsvarsel om tvangsmulkt. Dokumentdato: 16.10.2023. Saksnummer: 2019/16363-28.
- Vedtak om utsett frist for fjerning av platting. Dokumentdato 15.09.2023. Miljødirektoratet.
- Søknad om utsett frist for fjerning av platting. Datert 30. juni 2023. Motteke 6. juli 2023 og vidaresendt til Miljødirektoratet. Rita Brekkum.
- Klagebehandling og endeleg vedtak i saka. Miljødirektoratet. Datert 23.03.2023.

- Vedtak om ny avvising av klage. Dokumentdato 08.09.2022. Saksnummer: 2019/16363-12.
- Klage på vedtak om avvising av klage. Datert 14.06.2022. Rita Brekkum.
- Vedtak om avvising av klage. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 30.06.2022 / 12.05.2022. Saksnummer 2019/16363-7.
- Klage på vedtak om riving av platting. Rita Brekkum. Datert 20.04.2022. Motteke 27.04.2022.
- Vedtak om utsett frist for gjennomføring av retting. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 16.11.2021 / 01.04.2022. Saksnummer 2019/16363-5.
- Søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Rita Brekkum. Datert 26. august 2019.
- Vedtak om retting av tiltak. Breheimen nasjonalparkstyre. Styremøte 6. desember 2018.
- Rapport frå Statens naturoppsyn Breheimen: Kontrollmåling av seterhuset til Rita Brekkum etter restaurering. Dokumentdato 14.10.2016.
- Løyve til restaurering og tilbygg til seterhus på Brekkomsetra gnr. 246/1 - Rita Brekkum. Dokumentdato 03.03.2016. Saksnummer 2015/5516-5.
- Brev ang. teikningane og spørsmåla i forslag 2. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 15.04.2016. Saksnummer 2015/5516.
- Nye teikningar (forslag 2) og spørsmål. Rita Brekkum. Motteke 14.04.2016.
- Uttale frå Oppland fylkeskommune avd. for kulturarv. E-postar med dato 01.02.2016 – 04.02.2016.
- Søknad om restaurering og tilbygg på seterhus. Teikningar forslag 1. E-post datert 04.09.2015. Saksnummer 2015/5516-5.

Saksopplysningar

Kort oppsummering av saka:

Søklar sin fyrste søknad vart sendt inn den 04.09.2015. I denne søknaden er det gjort greie for historia og tilstanden til setra, samt kva slags tiltak som er ønskeleg i samband med restaurering og utviding. Etter dette blir søknaden behandla av nasjonalparkstyret den 05.04.2016. Her vart det gjeve løyve til restaurering og utviding med vilkår. I nest siste kulepunktet i lista over vilkår står følgande: *«Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda»*.

Statens naturoppsyn Breheimen (SNO) gjennomførte tilsyn på eigendommen den 14.10.2016. Der vart det funne fleire avvik samanlikna med vedtaket som vart gjeve tidlegare. Utvidinga av bygningen i lengderetninga var 40 cm lengre enn det som var gjeve løyve til. I den same rapporten frå SNO er det også påpeika at det er kome opp ein platting med belegningsstein som er 6,9 x 2,9 meter. I etterkant av dette tilsynet gjer nasjonalparkstyret vedtak om retting av plattingen i styremøte den 06.12.2018. I det same vedtaket står det også om avviket i samband med utvidinga av bygningen at *«... avviket under tvil kan akseptast»*.

Hausten 2019 kjem Brekkum med søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Etter ein del fram og tilbake om korleis rettinga skal bli gjennomført, blir det i november 2021 gjort vedtak om endeleg tidsfrist for når plattingen skal fjernast. Dette vedtaket og vedtaket om

retting frå 06.12.2018 blir påklaga av s kjar. Klaga blir avvist av nasjonalparkstyret. Etter nye rundar med klage p  avvisingsvedtaket, g r saka til Milj direktoratet for endeleg avgjerd.

I brev datert 23.03.2023 stadfestar Milj direktoratet tidlegare vedtak i nasjonalparkstyret. I tillegg fastset Milj direktoratet ny dato for n r plattingen skal vere fjerna (01.07.2023). Ei veke etter fristens utl p kjem Brekkum med ein ny s knaden om utsett tidsfrist for fjerning av plattingen (01.08.2024). Bakgrunnen for s knaden om ny utsett frist var bl.a. knytt til helsemessige  rsaker.

S knad om utsett frist for retting vart oversendt til Milj direktoratet for behandling. Milj direktoratet gjer f lggjande vedtak:

Milj direktoratet opprettholder v rt vedtak av 23.03.2023, men ny frist for rivning av oppf rte terrasse foran din seter i Mysubytta landskapsvernomr de settes til 1. august 2024.

Breheimen nasjonalparkstyre behandla sak om f rehandsvarsel om tvangsmulkt til Brekkum den 17.10.2023. Saka vart sendt ut til Brekkum p  e-post den 20.10.2023.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Milj verndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mysubytta landskapsvernomr de til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av   62 i naturmangfaldlova.

Verneform l – forskrift

F rem let med Mysubytta landskapsvernomr de er   ta vare p  eit natur- og kulturlandskap med  kologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er f rem let med vernet  :

- ta vare p  verdifullt setermilj , vegetasjon og kulturminne som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare p  eit stort samanhengande naturomr de med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare p  geologiske f rekomstar og landskapsformer.
- ta vare p  vakker og s rprega vassdragsnatur.

 lmenta skal ha h ve til natur- og landskapsoppleving gjennom ut ving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Ang ande tvangsmulkt seier   73 i naturmangfaldlova f lggjande:

For   sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomf rt, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt.

Tvangsmulkt kan fastsettes n r overtredelse av en bestemmelse er oppdaget.

Tvangsmulkten begynner   l pe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som myndigheten etter loven har fastsatt. Tvangsmulkt kan fastsettes p 

forhånd dersom særlige grunner tilsier det, og løper da fra en eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at den forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt løper likevel ikke dersom etterlevelse er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige.

Tvangsmulkt kan fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt.

Tvangsmulkt pålegges den ansvarlige for overtredelsen. Er overtredelsen skjedd på vegne av et selskap eller en annen sammenslutning, en stiftelse eller et offentlig organ, skal tvangsmulkten vanligvis pålegges dette. Er tvangsmulkt pålagt et selskap som inngår i et konsern, kan påløpt tvangsmulkt også inndrives hos morselskap.

Departementet kan frafalle påløpt tvangsmulkt. Avgjørelsen regnes ikke som enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Vurdering

Når Miljødirektoratet har gjeve ny tidsfrist for riving av plattingen i denne saka, er det viktig at ein sikrar seg at riving faktisk vil bli gjort før den nye tidsfristen går ut den 1. august 2024. Dette for at saka ikkje skal dra lenger ut i tid og for at tidlegare vedtak skal bli oppfylt. I Miljødirektoratets vedtak (15.03.2023) om utsett tidsfrist står det bl.a.:

Miljødirektoratet fastsetter ikke vedtak om tvangsmulkt, jf. naturmangfoldloven § 73. Tvangsmulkt har som formål å sikre at loven og bestemmelsene i medhold av den blir etterlevet. Myndighetene kan alternativt selv sørge for iverksetting av tiltak, i dette tilfelle rivning, jf. § 71. Utgiftene i forbindelse med dette kan kreves dekket av den ansvarlige. Eventuelt vedtak om tvangsmulkt eller direkte gjennomføring fattes av Breheim nasjonalparkstyre.

I Miljødirektoratets rettleiar om [Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder](#) går det fram at nasjonalparkstyret har fleire verkemiddel gjennom naturmangfoldlova for å sikre gjennomføring i denne samanhengen. Desse vart gjennomgått i styresak om varsel om tvangsmulkt tidlegare i haust. I saka vart det gått vidare med alternativet tvangsmulkt da dette er det mest hensiktsmessige i denne saka. Dette er eit godt eigna verkemiddel får å sikre at retting av tiltaket faktisk blir gjort innan utgangen av den nye tidsfristen. Tvangsmulkt er ikkje rekna som straff og det skal alltid vere mogleg for den ansvarlege å unngå tvangsmulka. Søkjar har her fått rikeleg tid til å gjennomføre retting av det ulovlege tiltaket.

Før det blir gjort vedtak om tvangsmulkt skal den personen dette gjeld ha eit førehandsvarsel om eventuell tvangsmulkt. Den ansvarlege skal ha varsel om kva som må gjerast for å unngå at tvangsmulka trer i kraft. I tillegg skal det gjevast anledning til å kome med ei uttale med bakgrunn i varselet om tvangsmulkt, og frist for uttale er sett til 1 – 2 veker. Brekkum fekk tilsendt varsel om tvangsmulkt den 20.10.2023. Det ble også sendt ut en SMS med varsel om at vedtak var sendt ut. Same dag kom det ei stadfesting på SMS frå Brekkum om at vedtaket var motteke. Med bakgrunn i dette gjekk fristen for uttale i saka ut den 03.10.2023. Det er ikkje registrert noko uttale frå Brekkum innanfor fristen.

Størrelsen på tvangsmulkt blir fastsett etter ein konkret vurdering, men må setjast tilstrekkeleg høgt slik at ein får den ønska effekten. I vedtaket om førehandsvarsel om tvangsmulkt vart det lagt opp til 500 i tvangsmulkt pr. dag etter den nye tidsfristen for retting. I saker som dette er det vanleg å leggje seg på denne satsen for å få retta tiltak innanfor ein tidsfrist.


VEDTAK OM TVANGSMULKT

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek at dersom platting som er sett opp i tilknytning til seterhuset på Mysubyttvegen 545 ikkje er fjerna innan 01.08.2024, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr 500 pr. dag inntil plattingen er fjerna.

Sjå tidlegare vedtak om retting (2015/5516), og beskriving av gjennomføring på den siste sida i dette dokumentet som forklarar kva som må gjerast for at rettinga skal bli godkjent. Dette vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 73.

Gjennomføring:

Med bakgrunn i tidlegare vedtak om retting (2015/5516), må belegningsstein og mur fjernast og terrenget under førast attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Bakken langs punkt A og B i figuren nedanfor skal gå jamt med bakken omkring. Det er noko skrånande terreng langs grunnmuren. Langs punkt C kan det eventuelt liggje att ei rekke med stein som blir fylt ned med jord slik at det blir eit flatt areal framfor grunnmuren. På arealet kan det leggjast lause heller av naturstein slik det var søkt om tidlegare.





Arkivsaksnummer: 2023/14005-2

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 17.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	32/23	24.11.2023

Strynefjellet LVO - Dispensasjon og avslag - Motorferdsel 2024-2025 - Bruk av snøskuter og trakkemaskin - Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen

Innstilling frå forvaltar

1. Motorferdsel i samband med drift av Strynefjellet Sommerski AS:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 24.11.2023 gjeve Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen løyve til transport av personell, materiell og utstyr som er nødvendig for drift av skisenteret. Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 bokstav i.

- Følgjande vilkår gjeld for løyvet i **perioden til og med 20. april**:
 - Bruk av trakkemaskin: Inntil 6 tur/retur pr. år.
 - Bruk av snøskuter: Inntil 25 turar/returar pr. år for frakt av materiell og arbeidsfolk. Det blir rekna 1 tur pr. køyretøy som deltek på turen.
 - Løyvet gjeld fram til og med 20. april, men ikkje sundagar og heilagdagane i påska.
- Følgjande vilkår gjeld for løyvet i **perioden frå og med 21. april**:
 - 1 tur/retur pr. veke for frakt av materiell og arbeidsfolk. Det kan brukast inntil 4 snøskuterar og desse skal køyre **samla** til og frå skisenteret.
 - Løyvet gjeld ikkje sundagar og eventuelle heilag dagar.
 - Løyvet gjeld berre fram til vegen er farbar frå Videseter.
- Felles vilkår for alle transportane:
 - Løyvet gjeld for åra 2024 og 2025.

- Oversikt over køyretøy som skal nyttast i perioden må leverast til forvaltninga før sesongen startar.
- Køyretrase: Frå utløpsosen på Heillstuguvatnet (grensa for Strynefjellet landskapsvernområde) langs Strynsfjellsvegen, eller langs nordsida av Heillstuguvatnet til vestenden og opp til vegen vidare langs Strynsfjellsvegen frå Vargevasskulane – til Langvatnet – langs nordsida av Langvatnet/vegen til vernegrensa.
- Ved bruk av fleire køyretøy, og under returane, skal det brukast same køyretrasé slik at ein unngår fleire køyrespor ved sida av kvarandre og ut frå trasé.
- Køyringa kan utførast utan leigekøyrrar, men personellet skal vera tilknytt Strynefjellet Sommerski AS.
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er strengt nødvendig. Køyring skal skje med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og friluftsliv. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen og transporten skal **avbrytast/stoppe** dersom det er villrein i køyreruta. Transporten kan fortsetje når villreinen har trekt bort frå området.
- All transport skal varslast Statens naturoppsyn Breheimen (Jo Trygve Lyngved: 99240416) før kvar tur på SMS. Naturoppsynet vil også gje informasjon om det må takast ytterlegare omsyn til verneverdiar i området. Statens naturoppsyn Breheimen vil følgje opp med overvaking og forvaltar kan stoppe transporten om det viser seg at fostringsflokkane har tilhald i traséområdet fram mot og under kalving.
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllest ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
- Køyrebok skal sendast forvaltningsmyndigheita innan 1. juni kvart år for åra 2024 og 2025.
- Breheimen nasjonalparkstyre kan trekke attende eller endre vedtaket/vilkåra, dersom føresetnadane for løyvet endrar seg.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Strynefjellet landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

2. Merking/stikking av løype i samband med drift av Strynefjellet Sommerski AS:
Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 24.11.2023 gjeve Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen **avslag** på søknaden om merking av trase mellom Grotli og Strynefjellet Sommerski. Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Strynefjellet Sommerski AS, datert 28.08.2023 og motteke 03.09.2023.

Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven nedanfor:

Strynefjellet sommerski as ved Idar Aaboen og Nina Lensebakken søker herved om å videreføre/ nytt løyve for neste periode.

Idar Aaboen har 35 års erfaring med å ferdes og ta hensyn med scooter og tråkkemaskin gjennom Breheimen nasjonalpark fra Grotli til fylkesgrensen og inn til skisenteret.

Vår visjon er å drive skisenteret på Strynefjellet, og vise frem det praktfulle landskapet i området.

Vår interesse er bevaring av naturmangfold og økosystem i Breheimen nasjonalpark og ved skisenteret. Dette ved å utøve transport med forsiktighet. Vi innehar god kunnskap om området, god kjennskap til lovverket og rammene for bevaring.

Vi mener målene til Breheimen nasjonalpark samsvarer med Strynefjellet sommerski as sine. Noe som er et godt utgangspunkt i samarbeidet med SNO og breheimen nasjonalparkstyre.

Historisk sett har vært aktivitet inne på Tystigen/ sommerski senteret siden 1930 tallet, som er en plass med mye historie både nasjonalt og internasjonalt. Noen vil også si at dette er et ikon i norsk skihistorie med glansdagene fra 90-tallet. Noe vi ønsker å utvikle videre i pakt med naturen, uten at det vil utgjøre inngrep og motsigelser i forskriftene.

Generelt:

Skisenteret er pr norsk lov forpliktet til å følge lover og forskrifter for å drifte et skianlegg.

For å kunne drifte skisenteret i sesong, er det essensielt at nødvendig vedlikeholdsarbeid, tilrettelegging, uforutsette feil og mangler etc blir utført i god tid før åpning. Både med hensyn til tid og evt tilsyn som kommer fra tid til annen. Vedlikehold av bygg og installasjoner, tester, skifte/ og sette opp komponenter slik sikkerhetsstyringssystemet krever før frakt av personer i heisen kan gjennomføres.

Tidsrammen er knapp, og vi er avhengig av at alt er istandgjort til Gamle Strynefjellsvei åpner. Samt enkelte ting må man gjøre tett opp mot åpning. Sesongene våre varierer i tid, slik at jo tidligere vi får åpne jo bedre er det for

videreføring av driften. Dette er for å understreke hvor viktig det er å få kunne komme inn og ut i tide.

Det er å foretrekke å kjøre inn fra vestsiden av tidsmessige årsaker samt å kjøre fra øst medfører større drivstoff kostnader og dobbelt så lang kjøre tid. Trafikken fra østsiden opphører straks det er mulig å ferdes fra vest. Noe vi holder under oppsikt og agerer på så fort vi har mulighet.

Strynefjellet sommerski as har en krise og beredskapsplan med ROS analyse i forhold til sikkerhet. Denne påpeker «alvorlig fare» for liv og helse ved ferdsel inn fra vest så lenge det er store snøfonner i fjellssidene som ikke har rast ned. Tidsrommet for det varierer etter snømengder på vinter og varme på våren. Ingen spesifikk tidsramme for dette. Nve med sine geologer gir klarsignal når brøytemannskapet på vestsiden kan begynne, som igjen gir beskjed til skisenteret at nå er det trygt å starte brøytingen av egen vei ned på vestsiden.

Vi er derfor avhengig av å kunne frakte utstyr og personell inn på Tystigen fra østsiden til det er sikkert å ferdes fra vest. Behovet for å ferdes varierer fra år til år. Det kan være skader som trenger ekstern personell, det kan være manglende deler for å kunne utføre arbeid, det kan være personell som har anledning til forskjellige tider/ dager o.l Men vi har alltid tilstrebet å kunne reise samlet, være der inne flere dager og med god planlegging i forkant slik at det ikke skal bli unødvendige turer. Vi har en del frivillige og familie som er med på dugnad for å kunne drifte, og da er det ikke alltid mulig å samkjøre alle.

Vi har ikke brukt alle turer hvert år, og andre år har det vært behov for flere enn angitt. Det er ingen kontinuitet eller fast mønstrer i ferdsel inn og ut fra fjellet, det er derfor vanskelig å forutsi hva behovet er på forhånd. Og holde en tidsfrist som å ikke kunne ferdes etter 20 april, slik det stod i forrige vedtak er da vanskelig. Det er gjerne da det er mest aktivitet i forhold til rigging. Vi fortar ikke turer som ikke er med et formål eller arbeidsoppgav knyttet til seg.

Strynefjellet sommerski as søker herved om å stikke en midlertidig vinterløype fra Heilstugvatnet inn til Tystigen og Stryn sommerski:

Historikk:

Helt side 1970 tallet har det vært brukt stikk for vintermerking slik at mannskap som jobber inne på fjellet skal ha mulighet til å finne veien ut og inn ved dårlig vær. Samt at de kjører sikreste rute i forhold til rasutsatte strekninger.

Begrunnelse:

Det utgjør en stor fare å ikke ha sikre holdepunkt ved kjøring inn og ut på scooter.

Som arbeidsgiver er undertegnede ansvarlig for de ansatte og pliktig i forhold til arbeidsmiljøloven å sørge for trygge veivalg og ruter.

Dette går under HMS, og gjør at de som må ferdes inn på fjellet ikke utsetter seg for unødvendig fare. Det være seg: uventet uvær, blindføre o.l. som igjen kan føre til skader og andre uheldige hendelser som gjør at redningsaksjoner må iverksettes.

Fremgangsmåte:

Rutene blir satt opp av en erfaren person som har jobbet på fjellet helt tilbake til slutten av 80 tallet og som vet hvor det er trygt og best å kjøre. Merkingen utgjør ingen permanent skade. Den består av bjørkekvist eller bambus, som plukkes inn etter endt bruk. Det blir ikke liggende igjen noen spor i naturen eller skade på faunaen rundt. Det er en midlertidig merking på snølagt område som nevnt ikke etterlater noen spor da behovet opphører.

På utforsk Breheimen sin nettside så står det om hvilke ruter som er vintermerket. «Vinterrutene på fjellet er merket med naturkvist. Noen få er merket med bambus» lyder teksten. På veien inn til Tystigen så ligger store deler av veien i Breheimen nasjonalpark.

Vi håper da at denne type merking kan bli sett på i lik sammenheng/ ikke skadelig.

I verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde står det bl.a.: «Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrelgging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l.» (forvalter sin understreking og utheving)

Vi kan ikke se at denne typen merking utgjør en trussel, et inngrep, eller endring slik ordlyden i forskriftene for Strynefjellet landskapsvernområde lyder.

Tidligere ble gamleveien stikket med grove staur langs hele traseen inn til fylkesgrensa, samt merking av steiner og hindringer som medførte til fare for brøyteutstyr. Vi hadde da mulighet til å orientere oss i terrenget.

Håper vi i samarbeid kan komme frem til en god løsning som alle parter kan være enige om.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Strynefjellet landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Strynefjellet landskapsvernområde er å ta vare på eit naturlandskap med økologisk verdi og opplevingsverdi. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet m.a. å ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høg fjellsområde, ta vare på biologisk mangfald i området, med særleg vekt på leveområde og trekkområde for

villreinstammen i Ottadalen villreinområde. I tillegg er det eit mål å ta vare på kulturminne som bidreg til landskapet sin eigenart, samt ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 3 punkt 1.1 om inngrep i landskapet står det:

- *Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Etter verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde, er motorferdsel til lands og til vatn forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken (verneforskriftene § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3.

Forvaltningsmyndet kan gje løyve til m.a.:

- *naudsynt motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskiser, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5. (§ 3 pkt. 6.3 bokstav i i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde)*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står følgande retningslinjer for motorferdsel i forbindelse med Strynefjellet Sommerski AS:

Etter søknad kan det gjevast løyve til naudsynt motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskiser.

Slik drift gjeld t.d. frakt av maskiner, personell og utstyr. Ved behandling av søknad skal ein vurdere behovet driftselskapet har opp mot verneføremåla. Det skal leggjast vekt på villrein sin arealbruk og opplevingsverdi, samt friluftslivsinteressene i området. I dette inngår mellom anna vurdering av køyreruter for frakt av utstyr, og tid på året.

Det vil bli gjeve fleirårig løyve, inntil 4 år.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltningsmål

for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Strynefjellet Sommerski AS har nå søkt om fornying av løyve for motorferdsel i samband med drift av skisenteret. I tillegg har Strynefjellet Sommerski AS søkt om å få merke/stikke køyretraseen mellom Grotli og Tystigen/skisenteret. Desse to tiltaka blir vurdert kvar for seg nedanfor.

1. Vurdering av motorferdsel

I søknaden (og i tidlegare møte) blir det frå søkjar påpeika at det er eit stort arbeid med å få klargjort skianlegget før dei kan opne anlegget om våren/sumaren. Materieil som kan fraktast inn på sumaren blir transportert da, men det er likevel behov for mange turar på snødekt mark for å klargjere anlegget til sumarsesongen. Det er behov for å gå over heiseanlegget for reparasjon etter sesongen er slutt. Det må på etterjulsvinteren byggast opp nye trasear i anlegget og det må bli rydda for snø nede ved servicebygget. I forbindelse med arbeidet utanom sesongen har tiltakshavar moglegheit til å overnatte i servicebygget. Det er ikkje mogleg å køyre med snøskuter frå vest (Videseter) om vinteren pga. snøskredfare. All transport til skisenteret går frå vest når vegen blir brøyta om våren.


Etter søknad kan det gjevast løyve til nødvendig motorferdsel for drift av skisenteret på Strynefjellet. Slik drift gjeld t.d. frakt av maskiner, personell og utstyr. Ved behandling av søknad skal ein vurdere behovet driftselskapet har opp mot verneformåla. I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det at det skal leggjast vekt på villrein sin arealbruk og opplevingsverdi, samt friluftslivsinteressene i området.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av køyringa. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Eit av måla i forvaltningsplanen er å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg innanfor verneområdet, spesielt i sårbare periodar. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille vilkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve.

I førre 4-årsperiode (2020-2023) hadde skisenteret anledning til å køyre inntil 6 turar/returar med trakkemaskin og inntil 25 turar/returar med snøskuter heile vinteren fram til 20. april kvart år (ikkje sundagar og heilagdagane i påska). Bakgrunnen for denne datoen er at all køyring i verneområda rundt Breheimen bør avsluttast seinast den 20. april, og tidspunktet er sett for bl.a. å forhindre at det blir motorisert ferdsl i trekk- og kalvingsområdet for villreinen på vår-vinteren. Samtidig sto det i vilkåra at i spesielle tilfelle der det er heilt nødvendig, kan sluttidspunktet for motorferdsel endrast, men da må køyringa avklarast med nasjonalparkforvaltar i god tid før køyring kan gjennomførast. Skal ein drive med motorferdsel etter 20. april må det tungvegande grunnar til før slik transport kan skje.

Frå 2016 har Strynefjellet Sommerski AS fått løyve til gjennomføring av inntil 25 turar/returar med snøskuter kvart år i samband med drift av skisenteret. Rapportane viser at tal turar som er brukt varierer. Ein ser også at tal turar som er brukt har auka frå og med 2019, og behovet for køyring etter den 20. april har auka. Eksempelvis var 85 % av turane i 2020 gjennomført etter den 20. april. I 2021 var det ikkje levert rapport over køyringa. I 2022 var det køyrt totalt 45 turar/returar og heile 31 av desse var tur inn og ut den same dagen. I rapport for 2023 ser det ut til at det er brukt betydeleg færre turar og ein større del av desse er med overnatting på skisenteret. I april 2023 vart det også søkt om å få køyre etter den 20. april. Skisenteret fekk løyve til å køyre 1 tur/retur pr. veke for frakt av materiell og arbeidsfolk. Det kunne brukast inntil 4 snøskuterar pr. tur og desse skulle køyre samla inn og ut. Ut frå rapporten ser det ut til at i løpet av de to vekene dette fungerte vart det brukt halvparten av turane som vart gjeve løyve til.

Køyring med snøskuter til og frå skisenteret før den 20. april er mindre konfliktylt enn i perioden etter den 20. april. I perioden frå ca. 20. april går simlene mot kalvingsplassane i dette området. Det er registrert kalvingsplassar både nord og sør for gamle Strynefjellsvegen, og det er derfor uheldig om villreinen blir forstyrra i denne perioden. I kvalitetsnormen for villreinen er dette området eit eiga fokusområde. Her er det påpeikt at det er viktig å ta vare på kalvingsområdet og trekkvegane, både lokalt innanfor Breheimen, men også viktige trekkvegar for utveksling mellom delbestandene i Reinheimen og Breheimen. Det er derfor nødvendig å redusere motorisert ferdsel i dette området til det som er strengt nødvendig i perioden etter 20. april.



*Svart skravering viser kalvingsområde og grøn skravering viser trekkvegar.
Raud strek viser køyrerute.*

Nasjonalparkforvaltar meiner at det kan leggjast opp til at Strynefjellet Sommerski AS kan gjennomføre transport av materiell og personell mellom Grotli og skisenteret som tidlegare i

perioden fram til og med den 20. april. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget er det derimot under tvil at nasjonalparkforvaltar føreslår at det kan gjennomførast transport etter den 20. april i denne saka. I tidlegare løyve har dette med køyring etter den 20. april vore vurdert i kvart enkelt tilfelle. Dette er ein måte som ikkje har fungerer godt. Det er derfor vurdert at det bør skisserast eit opplegg allereie nå slik at dette er forutsigbart for både partar, og at det blir enklare for skisenteret å planleggje framover vinteren. Opplegget som blir skissert i denne saka er likelydande det som vart gjeve løyve til (delegert sak) i april 2023 som «ekstraturar» etter den 20. april. Det er ikkje tvil om at fleire av oppgåvene som må gjerast på skisenteret bør i størst mogleg grad utførast før den 20. april, slik at ein kan redusere transportbehovet etter denne dato. Nasjonalparkforvaltar har også forståing for at det er ting som må gjerast på skisenteret etter denne dato, og vil foreslå at det blir gjeve løyve til eit avgrensa tal turar på førehand. Med bakgrunn i problematikken opp mot verneverdiane i området må dette nødvendigvis bety at opplegget etter den 20. april blir strengare. I tillegg vil dette også sette større krav til planlegging for skisenteret. Totalt sett må fleire av turane inn til skisenteret i samband med arbeid på anlegget også omfatte overnatting på skisenteret. Dette er også noko som søkjar sjølv skisserer til forslag for å redusere det totale transportomfanget (i dokument datert 13.04.2023).

I eit så viktig område i Breheimen må ein vere *føre-var* og ikkje leggje opp til ordningar som vil påverke villreinen på ein negativ måte både på stutt og lang sikt. Nasjonalparkforvalter meiner at opplegget som her er skissert er i tråd med føringane i forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen. Dersom transporten skjer etter vilkåra i saka er det ikkje nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* denne gongen. Det blir lagt opp til å gje løyve i berre to år framover med bakgrunn i utprøving av opplegget som er skissert. Forvaltaren meiner at den samla belastninga som området blir utsett for er større nå enn tidlegare, bl.a. med bakgrunn i auka motorisert ferdsel dei siste åra til/frå skisenteret. Det er derfor viktig å halde talet på turar nede ved at personell kan overnatte i servicebygget slik at ein unngår mykje inn-ut køyring som det har vore tendens til i den siste 4-årsperioden. Søkjar må også organisere transportane så rasjonelt som mogleg for å unngå meir køyring enn nødvendig. Løyvet blir gjeve med vilkår (§ 9).

Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje blir skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar blir det vurdert at transport på vinterføre med snøskuter er best egna i denne samanhengen pr. nå. Det blir lagt vekt på å setja vilkår som regulerer verksemda for å unngå eventuell skade på natur og miljø (§§ 10-12).

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at transportane kan gjennomførast med dei vilkåra som er sett i tilknytning til løyvet.

2. Vurdering merking/stikking av løype

Nasjonalparkforvaltar fekk i midten av mars 2023 rapport frå Statens naturoppsyn Breheimen om at det er stikka/merka løype til skisenteret utan at det er gjeve løyve til dette. Skisenteret har nå søkt om stikking/merking av løypa i komande periode for løyve til motorferdsel.

I verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde står det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Det er forbod mot inngrep som bl.a. oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. (§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde). Det som er omtala i både verneforskrift og forvaltningsplan må forståast slik at dette gjeld berre stikking/merking av sti eller skiløype, og ikkje merking av snøskuterløype.

Søknaden må derfor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. I lova står det bl.a.:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Som nemnt i delen om motorferdsel ovanfor vurderer forvaltar det slik at kunnskapsgrunnlaget i dette området er godt. Utfordringane med ei slik merka løype er at den kan lede folk inn i området på lik linje med andre merka skiløyper. I dette området er det utfordringar med tanke på villrein og ferdsl frå før, og det er derfor ikkje ønskeleg med tiltak som eventuelt kan lede fleire folk inn i området. Preparering av skiløypene i same område blir avslutta 2. påskedag eller 15. april av omsyn til villreinen i området. Skiløypene her blir heller ikkje stikka eller merka. Forvaltar meiner at merking av ein slik trase vil kunne påverke verneverdiane nemneverdig og vil slik sett vera i strid med verneformålet.

Nasjonalparkforvaltar har forståing for at det på grunn av sikkerheit er nødvendig med ein trygg trase mellom Grotli og skisenteret gjennom vinteren. Men det er mogleg å løyse dette på andre måtar enn stikking og merking av ei løype i dette området. Eksempelvis nyttar både leigekøyrarar, Røde Kors Hjelpekorps og personell frå Statens naturoppsyn GPS i slike samanhengar. Dei lagar seg køyreruter på GPS slik at dei kan nytte desse rutene i dårleg vêr. Dette kan også vere meir effektivt i skikkeleg dårleg vêr når ein ikkje ser frå stikk til stikk, og ein unngår også utfordringar med at stikk langs løypa bles ned og blir borte.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor blir søknaden om merking av løype avslage med heimel i naturmangfaldlova § 48 og verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1.



Arkivsaksnummer: 2021/2684-31

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 17.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	33/23	24.11.2023

Breheimen NP - besøksstrategi - 2023 - sluttbehandling

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 24.11.2023 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort følgende vedtak:

Med heimel i pkt. 8.2 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre blir «Besøksstrategi for verneområda i Breheimen» godkjent med dei endringane som er synleggjort i besøksstrategien. Besøksstrategien blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Besøksstrategi for verneområde i Breheimen – Med forslag til endringar etter høyring (vedlagt).
- Høyring av besøksstrategi – Innspel frå følgjande aktørar (vedlagt):
 - Luster kommune
 - Fjordstova AS
 - Johannes Hauge
 - Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt
 - Adventure Tours
 - Skjölde grunneigarlag
 - Per Arvid Hauge
 - Oddvar Vigdal
 - Skjolden Bygdelag
 - Fortun Besøkssenter
 - Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv
 - DNT Oslo og Omegn
 - Skjåk Almenning
 - Reinheimen-Breheimen villreinutval
 - Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

- Innlandet Fylkeskommune
- Statsforvalteren i Innlandet
- Naturvernforbundet
- Lom Fjellstyre
- [Utsendt høyringsbrev m.m.](#)
- Godkjenning av besøksstrategi for Breheimen NP – 2. gongs godkjenning. 22.11.2023. Lenke: [Saksframlegg](#) og [Protokoll](#)
- Fagleg godkjenning - Breheimen NP – besøksstrategi. Miljødirektoratet, datert 11.03.2022.
- Godkjenning av besøksstrategi for Breheimen NP – 1. gongs godkjenning. 17.09.2023. Lenke: [Saksframlegg](#) og [Protokoll](#)

Saksopplysningar

I «[Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder M-415|2015 Miljødirektoratet](#)» står det at alle nasjonalparkar skal ha ein besøksstrategi. Breheimen nasjonalparkstyre har i møte den 25.05.2016, styresak 14/2016 godkjent oppstart av arbeidet med besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark. I tråd med vedtaket har sekretariatet utarbeida et forslag til Besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark som vart godkjent av nasjonalparkstyret den 17.09.2021. Den godkjente besøksstrategien vart oversendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning og godkjenninga vart gjeve i brev datert 11.03.2022. I godkjenninga og i telefonmøte peikte Miljødirektoratet på totalt tre punkt som dei ønskte skulle bli innlemma i strategien: Kapittel om klimautfordringar, nye moment frå den komande kvalitetsnormen for villrein og den komande sårbarheitsvurderinga for Dumdalsgrottene. Desse punkta vart skreve inn i besøksstrategien og endringane i strategien vart godkjent i styremøte den 22.11.2022. Utover vinteren i 2023 vart det arbeid med å få på plass eit møte med bl.a. rådgjevande utval for å få innspel på strategien. Møtet vart gjennomført den 12.09.2023. Program og referat frå møtet ligg [her](#). I etterkant av møte med rådgjevande utval vart det arrangerer ope møte om besøksstrategien i Lom og Luster.

Strategien vart sendt ut på høyring til 42 [aktørar](#). I tillegg vart høyringa annonsert i lokalaviser på aust- og vestsida av fjellet, og på Facebook. Høyringsfristen var sett til den 16.10.2023. Sekretariatet har nå gått gjennom innspela som kom inn, og i alt kom det innspel til strategien frå 19 aktørar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark og tilliggjande verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I punkt 8.2 og 8.4 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre står følgande om besøksforvaltning, verdiskaping og informasjon:

«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskaping utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette

skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkscenter».

«Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi».

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å:

- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- *ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området*
- *ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap*
- *ta vare på grottene i området*
- *ta vare på kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen er eit viktig bakgrunnsdokument for besøksstrategien. Forvaltningsplanen veg vern mot bruk innanfor rammene av verneforskrifta. Når det er motstridande interesser mellom bruk og vern, skal brukarinteressene vike til fordel for verneføremålet. Dette følgjer av sentrale retningslinjer og føremålet med vernet, og legg føringar for arbeidet med besøksstrategien.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Sekretariatet har gått gjennom de 19 ulike innspela som kom inn i høyringsperioden. Nedanfor ligg eit utdrag av dei viktigaste momenta frå innspela og innspela i si heilheit ligg vedlagt. Moment frå innspela er kommentert av sekretariatet og dette er synleggjort med raud skrift i dokumentet nedanfor. I vedlagt dokument om besøksstrategien for verneområda i Breheimen er endringane som er gjort i sjølve hovuddokumentet også synleggjort med raud tekst.

Fjordstova AS

Utstillinga som står inne på Fjordstova er produsert i samarbeid med Bjørn Bergum og Kulturdagane Skjolden, og det er derfor Kulturdagane Skjolden og Fjordstova som står bak utstillinga og materialet er eigd av Kulturdagane. Fjordstova viser til at Skjolden er ein innfallspurt til Mørkridsdalen, og at det er derav naturleg at utstillinga vert vidareført på Fjordstova. Vidare viser Fjordstova til at besøkande av helsemessige orsakar ikkje har høve til å oppleve Mørkridsdalen eller Breheimen har den moglegheita gjennom utstillinga. Fjordstova viser til at sidan Skjolden har cruiseskipanløp er det ekstra viktig med all informasjon og tilbod ein kan ha for å aktivisera tusenvis av reisande på Skjolden. Fjordstova har også status som "informasjonspunkt" for Visit Sognefjord og utstillinga har stor verdi for alle tilreisande på området. Fjordstova ynskjer å behalda utstillinga, men open for utbetringar og oppdateringar.

Det er positivt at reiselivet og nasjonalparkforvaltninga kan samarbeide om informasjonspunkt. Eigarskap og drift av utstillinga som står inne på Fjordstova er viktige emne som ein vil arbeida meir med i sjølve oppfylginga av besøksstrategien, sjå til kapittel 1.2 Kort om rammeverk og 3.2. Strategiske grep.

Johannes Hauge

Hauge dreg fram det gode samarbeidet med nasjonalparkforvaltninga, og ynskjer å utvide skjøtselstiltak på Dulsete. Utviding av skjøtselstiltak vil bidra til at beitegrunnet vert auke og høva for beitedyra vert endå betre. Hauge ynskjer konkret at det vert arbeida for å auke slåttearealet, på innsida og utsida av steingjerdet på Dulsete, rydde skog på stølsvollen, myr og opne landskapet endå meir. Ved å gjennomføre slike skjøtselstiltak så vil ein restaurere kulturlandskapet.

Hauge viser til at det er viktig å ta vare på einiske kulturminne som til dømes stølshus, utmarksløer, slåttemarkar og steingjerde for å ta vare på kulturmiljø. Hauge viser til at arbeidet som er gjennomført bidreg til auka stoltheit og eigarskap til verneområdet. Hauge har eit konkret forslag om å setje oppatt ei løe på tufta deira på Dulsete, slik at den kan nyttast til lagring av utstyr i forbindelse med skjøtsel, kunnskapsformidling, slik at det vert ein stad kor folk kan gå inn og få ein unik oppleving av verneområdet, med til dømes bilete frå Mørkridsdalen-før og no, utstilling av reiskap nytta på stølane og i utmarka. Hauge dreg fram skuleprosjektet "Naturarven" som eit veldig godt prosjekt som alle var veldig engasjerte i.

Samarbeidet med lokale krefter i Mørkridsdalen er særst positivt, og utviding av skjøtselstiltak er ynskeleg så lenge det er i tråd med gjeldande føringar. Innspelet om oppsetjing og bruk av løe på Dulsete til informasjonsformidling, oppbevaring av skjøtelsutstyr og meir er ein konkret sak som ein kjem attende til ved eit seinare høve. Formidling av kulturhistoria som høyre til området er med på å etablera og halda vedlike eigarskap og stoltheit over området.

Lokal forankring og forståing for vernet og verneformåla er viktig for forvaltninga av verneverdiane. Nasjonalparkstyret ynskjer å bidra til formidling av verneverdiane, auka lokal kunnskap og forståing for vernet og saman med besøkssentra vil ein bidra inn i liknande arbeid.

Luster kommune

Det er eit godt samarbeid mellom landbrukskontoret i kommunen og nasjonalparkforvaltninga. Forslag til to ulike kundereiser i Luster:

1. Breheimsenteret i Jostedal som utgangspunkt- Jostedal hotell og camping for overnatting og mat, og Vanddalen som startpunkt for tur, med t.d. Myrhyrna- ein moderat tur til eit flott fjell med utsyn til både Jostedalsbreen og Breheimen.
2. Besøksenteret i Fortun som utgangspunkt til Mørkridsdalen, med turar i ulik lengde/vanskegrad.

Myri i Jostedal er trekt fram som eit særst aktuelt punkt for vinterturar, og Luster kommune ynskjer auka prioritet av dette informasjonspunktet.

Gode samarbeidsrelasjonar i forvaltningsknutepunkt er viktig for samhandling og forståing av kvarandre sine interesser og rollar.

I utgangspunktet er det ikkje vore eit mål forvaltninga av verneområdet å etablere endå ei kundereise for Breheimen. I vidare arbeid med besøksstrategien er det naturleg å føre Fortunsdalen besøksenter i lag med Breheimsenteret for kundereisa i Luster, ein kjem ein til å gå i dialog med dei ulike besøkssentra for å avklare rolle og andre naudsynte moment på eit seinare tidspunkt.

Luster kommune peikar vidare på auka "opplæring" av reiselivsaktørar/destinasjonsselskap som nyttar Breheimen som arena-slik at dei gjev god informasjon til besøkande om til dømes villrein, grotter, sårbar natur med meir. T.d. digital villreinopplæring, vertskapsseminar (bruk gjerne nasjonalparksentra), meir informasjonsdeling.

Det er positivt at det er ynskeleg med informasjonsdeling, og ein ynskjer å bidra til at fleire får kjennskap til verneverdiane og korleis ein kan ta omsyn til desse.

Besøkssentra er viktige informasjonskjelder som ein kan spela på lag med i tillegg til reiselivet.

Luster kommune har konkrete forslag til verksemder i randsona: Fortun 1882, Vassbakken kro og camping, Nymoen camping, Skjolden hotell, Turtagrø hotell, Skjolden brygge, Nes gard, Jostedal hotell, jostedal camping, Villa Fjellheim, Sognefjord adventure, Jostedalen breførarlag, Icetroll, Jostedal Ski. Norgesguidane er opphøyrd, men Bre og fjell er også potensielle brukara av Breheimen.

Oversikta over bedrifter som har aktivitet i Breheimen vil ikkje vera statiske over tid. Det blir teke kontakt med Luster kommune i etterkant for å få utfyllande oversikt over bedriftene som har aktivitet i verneområda i Breheimen. Oversikta i strategien vil bli oppdatert før publisering.

Generelt bør informasjon knytt til nasjonalparken også ta for seg allemannspliktene, spesielt sporlaus ferdsel og omsynsfull ferdsel, bandtvang osv.

Nasjonalparken bør også utvikle informasjon til besøkande, nettside og behov informasjonspunkt ved Breheimsenteret utandørs er påpeika. Vidare viser Luster kommune til at ein bør sjå moglegheita til å samarbeide med besøkssentra og lokale skular for å etablere eit formidlingsopplegg som auka lokal forståing for vernet- og lokal kunnskap om verneområdet.

Informasjonsformidling er eit gjennomgåande emne som ein vil prioritere i framtida. Gjennom besøksstrategien er det lagt opp til at besøksretta nettside og fleire skilt på

innfallsportar vert etablert i nær framtid. Emne som er knytt til verneverdiane, men også til allemannsretten og pliktene vert formidla både digitalt og fysisk ved innfallsportane.

Lokal forankring og forståing for vernet og verneformåla er viktig for forvaltninga av verneverdiane. Nasjonalparkstyret ynskjer å bidra til formidling av verneverdiane og til auka lokal forståing for vernet og kunnskap om verneområdet og saman med besøkssentera vil ein bidra inn i arbeidet.

Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv

Reiselivsselskapa ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til strategiarbeidet, og kan vera behjelpeleg med å komplimentera lista over bedrifter som har aktivitet i tilknytning til verneområde. Selskapa viser til at aktivitetsbedriftene Jotunheimen Arrangement og 500 fjell er slike bedrifter.

Oversikta over bedrifter som har aktivitet i Breheimen vil ikkje vera statiske over tid. Det blir teke kontakt med reiselivsselskapa i etterkant for å få utfyllande oversikt over bedriftene som har aktivitet i verneområda i Breheimen. Oversikta i strategien vil bli oppdatert før publisering.

Reiselivsselskapa ynskjer å vera med å marknadsføra turar som forvaltninga meina ikkje kjem i konflikt med verneverdiane, det er då viktig at forvaltninga sende informasjon som er relevant ut i frå sesong. Reiselivsselskapa har konkret forslag på at forvaltninga informera reiselivet fortløypande gjennom året med relevant informasjon, konkret innhald dei ynskjer å koma ut med, og altså tek initiativ til innlegg reiselivet kan samarbeide om eller re-poste i deira kanalar. Krysspublisering eller "samarbeidsinnlegg" er relevant.

Reiselivsselskapa viser til at forvaltninga kan i større grad nytte destinasjonsselskapa (dei) som ledd i nasjonalparkforvaltninga sin kommunikasjon. Dei viser vidare til at nøkkelen er dialog og at dei får kunnskapsgrunnlaget frå forvaltninga slik at dei kan dele informasjon på rett måte.

Reiselivsselskapa har konkrete forslag om korleis ein kan systematisere dialogen mellom reiselivet og forvaltninga (kapittel 4):

- Tips reiselivsselskapa jamleg gjennom heile året. Opne for å dele informasjon og nytte deira kanalar til folkenyttig informasjonsspreing om verneområda.
- Eitt dialogmøte per år med reiselivsbedrifter og destinasjonsselskap. Eit "statusoppdateringsmøte", gjerne med digital deltaking.
- Ynskjer tydeleggjering av fagleg rådgjevande utval si rolle, og at reiselivet (destinasjonsselskapa) vert inkludert.

Elles veldig positivt med oppgradering av eksisterande informasjonstavler, og dei nye som er planlagde.

Det er bra at reiselivslaga er innstilt på å marknadsføre dei turane som forvaltninga meiner ikkje kjem i konflikt med verneverdiane. Det er viktig med god informasjonsflyt og ulike treffpunkt mellom forvaltning og lokalt reiseliv slik det er påpeika i uttala. Nasjonalparkstyret stiller seg bak desse punkta. Strategien legg opp

til at dette skal bli betre frå forvaltninga si side enn det det har vore hittil. Når det gjeld fagleg rådgjevande utval vil vi kome attende til dette ved ei seinare anledning.

Vennelaget for Sogneutrappa og Bolstadnosi Rundt

Vennelaget ynskjer å etablere ein sti, sherpasti og trapp for Bolstadnosi rett opp, med retur via Rebni og Rebnisli i Mørkridsdalen. Visjonen er å etablere ein av dei flottaste fjellturane i landet. Vennelaget ynskjer ei avklaring med Nasjonalparkstyret om tilrettelegging av sti i landskapsvernområdet. Desse tiltaka gjeld betre merking og skilting av eksisterande sti frå Rebnisli-Skåravatet - Bolstadnosi, ettersom eksisterande sti allereie er av brukbar kvalitet skriv dei. Vennelaget etterspør om det er behov for å signere ein avtale med Nasjonalparkstyret før gjennomføring.

Vennelaget er positivt til oppgraderinga som er omtala i Mørkridsdalen og på Fjordstova, og ynskjer å supplera med nokre tiltak. Skjolden sentrum er eit viktig akse for informasjonsformidling for deira brukara, samt turiststart på Fløyen og vegskiljet i Bolstad. Dersom Nasjonalparkstyret ser på vegskiljet i Bolstad og veg/sti via Rebni som ein aktuell framtidig innfallspurt til Breheimen, så kan det vera eit samarbeidspunkt. Vennelaget ynskjer tilbakemelding frå Nasjonalparkstyret på denne stien/vegen i samband med besøksstrategien. Vennelaget meina at prosjektet deira har veldig stort potensial til å tiltrekke seg turistar, at dette også vil auka trafikken inn i Breheimen nasjonalpark, og er noko ein bør ta med seg i tankane i strategiarbeidet.

Eit moment som Nasjonalparkstyret bør ha kjennskap til er parkering ved vegskiljet i Bolstad, som vert nytta i stor grad til vandring til Rebni, Rebnisli og Skåravatnet. Parkeringsplassen er allereie for lita på travle sommardagar, og grunneigar har etterlyser ein utviding og betre drift av plassen for å avlasta trafikk og unngå parkering andre uheldige stadar. Vennelaget spør om parkeringsplassen er av interesse for Nasjonalparkstyret og om det kan vera aktuelt å bidra økonomisk til ei utviding. Vennelaget viser til fleire innspel innsendt til arealplanen til Luster kommune, desse innspela ligg utanfor verneområdet; omlegging av sti utanfor gardstunet på Rebni, og parkering på Skjolden.

Behov for avtale om merking og skilting av sti vert avklara i lag med nasjonalparkforvaltar. Stien som går via Rebni til stølen Skåri har ikkje vore prioritert som innfallspurt av Nasjonalparkstyret tidlegare, og dermed har ikkje parkering knytt til vegskiljet i Bolstad det heller. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane. Strategien vil derfor ikkje legge opp til aktivitet som er uheldig for verneverdiane. Innspelet vil verta vurdert om det skal takast med i arbeidet med mogleighetsstudie for kundereisa som omhandlar Mørkridsdalen ved oppfylgning av tiltaksplan for besøksstrategien.

Adventure Tours

Adventure Tours tilbyr sykkel- og vandrarruter i Mørkridsdalen, med hovudfokus på Drivandefossen som endepunkt. Dette er eit produkt dei sel i hovudsak til cruisemarknaden, men også andre tilreisande. I 2023 var det 15-20 slike turar, med ca. 150 gjester. Adventure Tours leiger også ut sykklar til deira turistar som også reiser til

Drivandefossen, her anslår Adventure Tours mellom 200-300 stykk i 2023. Adventure Tours etterspør utviding av parkeringsplass ved Jervane i Mørkridsdalen, og om det er moglegheit for å opparbeide eigna plass for sykkelparkering, med moglegheit for å låse inn sykklar for gruppene deira. Ein eigna stad/tilrettelagt sykkelparkering vil ta mindre plass på parkeringa enn i dag. Adventure Tours er positive til å bidra økonomisk for å realisere ein sykkelparkering dersom det vert aktuelt.

Naturvennlege løysingar er ynskeleg og forvaltninga ser det som positivt at relevante reiselivsaktør kjem med forslag om ulike typar tilrettelegging for å auke mengda naturvennlege reisemetodar. Forvaltninga kan bidra med å formidle vidare informasjon, og tek innspelet med i arbeide med Mørkridsdalen som innfallsport jamfør kapittel 3.2. Strategiske grep

Skjolden grunneigarlag

Skjolden grunneigarlag viser til at det er ei stadig aukande utfordring at det ikkje er toalett tilgjengeleg på Hødnevollen og på Jervane i Mørkridsdalen. Skjolden grunneigarlag er villig til å diskutera drift og vedlikehald.

Skjolden grunneigarlag ynskjer støtte til tiltak på prioriterte vegstrekningar: Jervane – Berget / området rundt Drivande og rundtur Hødnevollen – Liane – Bølifossen – Hødnevollen (støtte må ikkje gå utover tiltaket «Buføringsveg»).

Eit anna innspel er skilting, grunneigarlaget ynskjer små infotavler på utvalde plassar (for eksempel i Berget) og namnepunkt som kan gjere turopplevinga enda meir interessant.

Behov for toalettfasilitetar på innfallsportane i Mørkridsdalen er kjent frå tidlegare prosessar og ligg inn under kapittel 3.2 Strategiske grep og under kundereisa for Luster.

Det er positivt at grunneigarane kjem med innspel på stiar kor ein ser utfordringar i høve framkoma. Det er fleire stiar i Mørkridsdalen som har behov for vedlikehald og ein må både tileigna seg kunnskap og behov om stiane. Forvaltninga ynskjer å halda dialog om tiltak og behov i vidare arbeid. Gjennom den komande utarbeidinga med nye informasjonsplakatar og merkevare vil ein kunna få ut lettfatteleg og enkel informasjon som vil ei ekstra god oppleving av området.

Per Arvid Hauge

Ynskjer svar på fylgjande spørsmål:

Sakene gjeld Dulsete, og om det vil verta kravd byggjesøknad med nabovarsel for kombibbygg til 26/1. I tillegg så etterspør Hauge om det vil verta kravd byggjesøknad med nabovarsel på restaurering av steinstølsgerdet i framtida? Dette spørsmålet kjem på bakgrunn av restaureringa av steingjerdet på Dulsete vart for "fint". Hauge etterspør så om når møteinnkalling og referat skal leggest ut til offentleg ettersyn på heimesida, og om det er noko tidsfristar i forkant og i etterkant forvaltninga skal halda seg til.

Det siste Hauge etterspør er om styreleiar har gjort seg refleksjonar om korleis Breheimen nasjonalparkstyre skal stilla seg i samband med førebygging og/eller reparasjonar i områder rundt Breheimen nasjonalpark sitt område. Hauge viser til at i Lom og Skjåk har ein vore

open for å anbefala at ein bør sjå på om det kanskje er samfunnsmessige nyttig å gjennomføra tiltak innanfor vernegrensa, og at lovar, reglar og forskrifter vil kunna tillata spesielle førebyggingstiltak, som i neste omgang kan føra til mindre skader på områder som er verna, og at ein dermed unngår at verneverdiar vert tapt. Hauge oppmodar Nasjonalparkstyret om å drøfta og vurdera om det bør sjå meir på førebyggjande tiltak i verneområdet.

Dei fyrste to spørsmåla gjeld plan- og bygningslova og er sendt vidare til Luster kommune. På bakgrunn av innspel vil nasjonalparkforvaltninga gå i dialog med kulturminneavdelinga hjå Vestland fylkeskommune for å få ei avklaring på det arbeidet som er gjennomført på steingjerdet på Dulsete. Andre innspela ligg utanfor det som er eit emne i ein besøksstrategi. Nasjonalparkstyret tek innspela orientering og kjem attende til dette ved ei seinare anledning.

Naturvernforbundet

Naturvernforbundet viser til at ein besøksstrategi må fundamentast på fakta kunnskap om verneverdiane og dokumentert erfaring med ferdsel og aktivitet i den konkrete nasjonalparken. Vidare viser naturvernforbundet til at Reinheimen-Breheimen villreinområde vart klassifisert som middels godt (gult) etter kvalitetsnorma. Naturvernforbundet forventar at det vert lagt stor vekt på arbeid som kan sikre at villreinområdet kjem opp på grønt nivå på sikt. Naturvernforbundet viser til fleire anbefalingar for utviding av kalvings- og oppvekstområde, vårbeite for bukk, samt sommar-, haust, og vinterbeite, og anbefala at desse områda vert rekna med i forvaltninga av villreinstamma i nasjonalparken. Eit tiltak som er lett kan gjennomførast er å tilrettelegge og ta omsyn til trekkruiter og områder som er viktige for villreinen. Det er viktig å oppretthalda eksisterande og restaurere historiske trekkruiter. I fokusområda skal ein vera ekstra varsam med tiltak og aktivitet, og verneinteressene bør alltid få forrang. Tamreinnæringa skal påleggast å halda dyra sine unna områder avsett til villrein.

Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane. Strategien vil derfor ikkje legge opp til aktivitet som er uheldig for verneverdiane. Sjølv om det er skissert moglege tiltak i strategien ligg det også i botnen at desse skal vurderast nøye før dei eventuelt blir realisert i praksis. Nasjonalparkstyret er godt kjent med kvalitetsnorma for villrein og vil arbeide for at ein på sikt skal kome opp på grønt nivå.

Naturvernforbundet viser til at det er eit forslag på fleire informasjonspunkt i besøksstrategien, delvis på stadar med mykje trafikk. Naturvernforbundet oppmodar om å vera forsiktig med det fordi det kan bidra til å lokke fleire til å besøka parken og dermed forstyrra villrein.

Oversikt og prioriteringane over informasjonspunkt er gjennomgått på ny og ein del blir endra frå prioritet 1 og 2 til prioritet 3. Dei som blir liggjande under prioritet 3 vil bli lagt på is inntil ein har meir sikker kunnskap om effektane av å etablere eit nytt informasjonspunkt her.

Naturvernforbundet viser til at periodiske ferdselsforbud vert gjennomført i fuglefredingsområde, og at det må vurderast om kan gjennomførast for villrein sine viktige trekkruiter og i og inntil kalvingsområder.

Dette innspelet ligg utanfor det som skal vera eit tema i ein besøksstrategi. Pr. i dag har ikkje Nasjonalparkstyret moglegheit til å innføre ferdselsrestriksjonar. Regulering av ferdsel i tid og rom har vorte sett på dagsorden med bakgrunn i bl.a. tilbakemeldingar til Klima- og miljødepartementet sitt arbeid med ny stortingsmelding om villrein. Det står att å sjå korleis dette eventuelt vil bli synleggjort i ny stortingsmelding om villrein.

Naturvernforbundet viser til at eksisterande vedtak og omfattande praksis på motorferdsel må reverserast. Dette meina naturvernforbundet kan gjennomførast ved å ha fokus på dei mest sårbare/kritiske areala. Gjenskaping av trekk og utviding av villreinareal må vera eit naturleg krav i alle relevante vilkårsrevisjonar. Periodestenging og sterkare kanalisering av ferdsel kan vera nyttig mange stadar. Dette omfattar gåande, skigåing, kite-aktivitetar, sykling, el-sykling osv. Naturvernforbundet vil påpeike at allemannsretten er særdeles viktig, men understrekar at denne retten også pålegg ein ei plikt til å ferdast skånsamt og ta omsyn.

Allemannsretten og friluftsløva gjev folk ein rett til å ferdast og opphalde seg der dei vil i naturen i Noreg. Vi er einige i at det kanskje ikkje er så stor fokus på at denne retten også kjem med ein del pliktar. Desse pliktane er viktige å fokusere på frå fleire hald i tida framover.

Naturvernforbundet oppmodar om at fagleg rådgjevande utval skal fungere endå betre i høve si hensikt, og at utvalet vert trekt aktivt med i arbeidet med utarbeiding av retningslinjer og strategiar for nasjonalparken. Naturvernforbundet ynskjer at verneinteressene vert endå betre representert i fagleg rådgjevande utval. Naturvernforbundet ber om at fagleg rådgjevande utval for Breheimen som eit minimum får to faste representantar frå reine naturvernorganisasjonar i utvalet, og at naturvernorganisasjonar frå begge fylker som har del i Breheimen vert representert i utvalet.

Dette innspelet ligg utanfor det som skal vera eit tema i ein besøksstrategi. Nasjonalparkstyret tek innspelet ovanfor til orientering og kjem attende til dette ved ei anna anledning.

Naturvernforbundet er positive til både mål 1 og mål 3 i besøksstrategien.

Dumdalen med dumdalsgrottene er veldig spesielt og ein bør vurderast å ta oppatt arbeidet med å få strengaste verneform, naturreservat, gjenopptakast.

Siste gongen dette vart teke opp var i 2018 i samband med at Miljødirektoratet og Klima- og Miljødepartementet hadde ønskje om å få innspel på områder som var egna for utvida vern, eller endring av verneformer i eksisterande verneområde. Endring av verneform i Dumdalen frå nasjonalpark til naturreservat (utviding av Høyrokampen NAT vestover) vart spelt inn, men forslaget vart ikkje teke med i den neste fasa av Miljødirektoratets arbeid.

Kort oppsummert er innspela om grottene slik:

- Besøksstrategien/nasjonalparkstyret bør arbeide for å stenge eller flytte parkeringa eller senke hastigheita ved denne trafikkfarlege innfallsporten til Breheimen.

Vurderingar knytt til avkøyringar og hastigheit på offentleg veg blir i hovudsak handtert av veigeigar og Statens vegvesen. Det kan vurderast om ein skal kome med innspel om at den avkøyringa som ligg lengst nord (den farlegaste) bør sanerast. Dette vil også kunne føre til mindre tilfeldig trafikk inn i Dumdalen. Dette må vurderast saman med andre moment i dette området.

- Ledegjerder for stiar i Dumdalen må setjast oppatt (terrengslitasje)

Dei to ledegjerdene som har stått fremst i Dumdalen vart sett opp med bakgrunn i slitasje på sti. Mellom 20 og 30 meter av stien vart revegetert for ein del år tilbake, og det ser ut til at dette har fungert godt. Dei gamle gjerdene blir nå skifta ut med skilt som ber besøkande nytte stien på grunn av sårbar vegetasjon. Nye og lågare gjerde vil bli sett opp dersom det viser seg at trafikken over moreneryggen tek seg opp at.

- Positivt at ein ikkje har stengt grottene fysisk, då ein vil øydelegge delar av verneverdien
- Bør vurderast om grottene bør få eiga informasjonsside som ikkje lokar folk til å besøke, men heller ha fokus på kva som er sårbart område

Ei form for informasjonsside om grotten kan vurderast, men i utgangspunktet er ein skeptisk til å etablere noko som gjer at grottene får enda meir fokus. Ein kan oppnå at budskapet om verdiane blir spreidd, men ein kan også oppnå at fokuset fører til at fleire ønskjer å besøke grottene. Dette er ein vanskeleg balansegang, men ein må prøve seg fram på ein slik måte at det ikkje går utover verneverdiane.

- Bør gjennomførast årlege møter med aktørar som har organisert ferdsel i grottene, med tovegs informasjon.

Slik møte er gjennomført i 2023 og det ligg i besøksstrategien at ein skal ha tettare dialog med reiselivet gjennom årlege møtepunkt med forskjellige tema.

- Det bør vurderast å etablere ei sertifiseringsordning for guidar i Dumdalen.

Pr. nå har vi ikkje moglegheit til å stille denne type krav.

- Skilting ved kvar grotte er bestemt for lenge sidan, men er ikkje gjennomført. Skilta må plasserast ved inngangane til grottene og utformast slik at dei ikkje tiltrekk seg fleire.

Skilting av kvar grotteinngang vart vurdert for ein del år tilbake i tid (rundt 2015). Naturvernforbundet skriv sjølve litt lenger opp i uttala at forbundet er skeptiske til etablering av informasjonspunkt med bakgrunn i at dette kan føre til at fleire vil besøke eit område. Det er akkurat dette som er vår bekymring også når det gjeld grottene i Dumdalen. Desto meir informasjon gjennom fleire skilt, nettsider, foredrag osb. om grottene, desto meir fokus og oppmerksomheit kan det bli rundt grottene. Dette kan i neste omgang føre til meir ferdsel. Derfor er vi skeptiske til å etablere informasjonstiltak ved dei enkelte grotteinngangane. I tillegg er sjølve innfestinga av skilta eit inngrep. Det vart gjort eit forsøk med for nokre år sidan med innfesting av eit skilt framfor ein grotteinngang, utan at dette var nokon suksess. Når det gjeld

skilting i Dumdalen må det arbeidast med å lage en meir fullstendig plan for området. Noko av dette satsar vi på å få ut sommaren 2024.

- SNO bør besøke Dumdalen oftare, då området er spesielt og sårbart område

Behov for tilsyn av grottene blir lagt inn i bestilling av ressurs frå SNO Breheimen årleg.

- Besøksundersøkinga er gjennomført men ein bør ikkje vera sikker på at det er representativ på alle punkt.

Dette er riktig og ein legg heller ikkje avgjerande vekt på dette i strategien. I tillegg er det ei stund sidan undersøkinga vart gjort og ting endrar seg raskt på dette området. Det kan også nemnast at ein besøksstrategi ikkje er eit statisk dokument som skal leve i mange år framover i tid utan at det blir gjort justeringar.

Det er elles andre typar grotter i nasjonalparken som kan ha natur- og kulturhistorisk verdi, noko nasjonalparkstyret bør ha ein plan for.

Andre moment som naturvernforbundet vil påpeike er at i Tundradalen er det eit furutre med eit flettemønster som er unikt. Vernemynde bør ha ein plan for dette treet.

Fleire stadar i Breheimen er det kleberførekomstar med grytehogg som kan vera av kulturhistorisk verdi. Dette er kulturminne som nasjonalparken bør ha ein plan for.

På Sota seter er det aukande trafikk i Breheimen. Det vert også arrangert villreinfestival her, noko som trekkjer folk inn i eit område ein kanskje ikkje vil ha meir ferdsel i.

Kommentarane ovanfor blir teke med til orientering.

Kommunikasjon med kommunane er lite nemnt i strategien. Kommunane er part i arealbruken i grenseområda mot nasjonalparken. Det bør derfor tydeleggjerast korleis kommunane skal delta i kommunikasjon omkring og oppfølging av besøksstrategien.

Kommunane blir bl.a. involvert i dei ulike gruppene som skal vurdere tiltaka under mål 2 i strategien. I tillegg vil kommunane bli involvert der det er naturleg at kommunane deltek.

Oddvar Vigdal

Oppmodar om ei oppmjuking av forvaltningspraksis i Vigdalen landskapsvernområde, då det vert forvalta som eit naturreservat. Ein vil ikkje klara å ivareta verneverdiane dersom ein ikkje opna for lokal verdiskaping, t.d. tradisjonell landbruksdrift. Dette er ein av dei beste stølane i Jostedalsfjøret. Som med anna næringsverksemd treng ein god logikk, dvs. Buførvegar, sanketrøer osv. Her er det naudsynt å endre litt på prinsippa som vert presentert.

Innspelet ovanfor ligg utanfor det som skal vera tema i besøksstrategien. Det kan likevel opplysast om at Vigdalen landskapsvernområde blir forvalta som eit landskapsvernområde med bakgrunn i verneforskrifta som er vedteke for området. Tradisjonell landbruksdrift i Vigdalen har i tidlegare tider vore beiting med sau, storfe m.m. Forskrifta legg ikkje føringar for beiting med dyr. I forskrifta står det også at det kan etablerast sanketrøer etter retningslinjer i forvaltningsplanen.

I høve reiselivet i Vigdalen så leiger DNT eit stølshus på sameigarane i Vigdalen, her vert det vist til NIBIO om at gjengroing endrar den visuelle uttrykket langs viktige turistreiseruter og kan på lengre sikt svekke grunnressursen til reiselivsnæringa.

Det er bra å sjå ting i perspektiv, 200 år er lang tid, i dag er det vanskeleg å planlegga i meir enn 2 år fram i tid. Innspel om at nytt stativ i Vigdalen bør stå i Husøy (av fleire ikkje beskrivne årsaka), ned ved Jostedøla. Faktafeil: Her må me/de finna den beste versjonen av fakta.

Informasjonspunkt langs veg skal diskuterast med vegeigar, sjå kapittel 4.5.8.

Skjolden bygdelag

Bygdelaget har forståing for at Mørkridsdalen er ein del av nasjonalparken som fortsett har kapasitet til å ta i mot fleire besøkande. Det ligg nokre forutsetningar til grunn. Bygdelaget tek det for gitt at nasjonalparkstyret set omsynet til beitedyra og kulturlandskapet høgast, og at den unike floraen og faunaen ivaretakast. Slik at det på sikt skulle verta ei overbelastning pga. Tal besøkande, vil nasjonalparkstyret gripa inn og gjera tiltak for å avgrensa tal besøkande.

Bygdelaget forutset at det vert gjennomført infrastrukturiltak som toalett og parkering på Hødnavollen og i Jervane. Utan toalett vil miljøbelastninga verta for stor i sjølve nasjonalparken og bygdelaget meina kommunen kan vera med på å løysa drift av slike toalett.

Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane. I besøksstrategien er det viktig å ikkje legge opp til aktivitet som medfører auka ferdsel i dei mest sårbare områda i Breheimen. Allemannsretten og friluftsløva gjev folk ein rett til å ferdast og opphalde seg der dei vil i naturen i Noreg. Gjennom besøksstrategien så er målet å kanalisera besøkande til dei områda som toler besøkstrykket best og informera om åtferd og sårbare naturverdiar slik at ein unngår ei overbelastning over tid.

Behov for infrastrukturiltak på innfallsportane i Mørkridsdalen er kjent frå tidlegare prosessar og ligg inn under kapittel 3.2 Strategiske grep og under kundereisa for Luster.

Bygdelaget ser det som positivt at ein får nasjonalparksenter i Fortun, men ynskjer at Fjordstova skal fortsette å vera ein innfallsport, saman med Hødnavollen. Det er viktig med informasjonsskilt utanfor Fjordstova og Hødnavollen.

Fjordstova og Hødnavollen er informasjonspunkt i besøksstrategien og er viktige delar av kundereisa i Luster, og har ei høg prioritering i høve utandørs skilt og informasjonsplakatar, sjå til oversikta over informasjonspunkt i besøksstrategien.

Vidare ynskje bygdelaget at utstillinga om Breheimen på Fjordstova vert ivareteken og vert oppgradera. Bygdelaget føreslår at Fjordstova driftar utstillinga, så lenge nasjonalparken gjer investeringane som skal til. Dette er viktig i høve bilturisme, men fordi Skjolden har mange

cruiseturistar som ikkje kjem seg til besøkssenteret i Fortun, eller inn til nasjonalparken, kan dei få nasjonalparkfølinga på Fjordstova.

Eigarskap og drift av utstillinga om Breheimen inne på Fjordstova må ytle gare avklarast i dialog med relevante aktørar.

Bygdelaget ser det som viktig at nasjonalparkstyret tek grep for å styra informasjonsflyten om Breheimen. Eit openbart stad å byrja er på ut.no kor viktig informasjon som datoar for bandtvang mm kan informerast om og grunnjevast.

UT.no er ein viktig informasjonskjelde til brukarar av nasjonalparken, og ein vil arbeide for at relevante emne om t.d. villrein, bandtvang, sporlaus ferdsel. UT.no er nemnt i besøksstrategien, det er eit større potensial for auka informasjonsdeling, og ein har skrive dette inn i kapittel 2.2. Reiselivet.

DNT Oslo og Omegn

DNT vil gjerne vera med å forbetra og utvikla informasjonspunkt og ein natursti ved Sota Sæter. Til informasjon er det etablert både ein Barnas turlag natursti og ein anna natursti i dette området. Desse har behov for oppgradering.

DNT er positive til å delta i arbeidet med ein moglegheitsstudie saman med Fjellsenteret. Det er viktig for DNT at dei som besøker området og Sota Sæter trivst og har lyst til å bruka området, og det er bra det er fokus på tilrettelegging ved hytta. Om mogleg ynskjer DNT at det vert universelt utforma.

DNT og DNT Oslo og Omegn viser til Ut.no for å informera om verneområde og villreinproblematikk. Dette arbeidet bør utviklast og er naturleg at ein ser meir på det i Breheimen.

Eit viktig omsyn i besøksstrategien er å ta vare på villrein. Det er viktig at tiltak vert basert på kunnskap, og ein bør vurdera om besøksstrategien kan innehalde tiltak som gjer det lettare når tiltaksplanarbeidet kjem i gang.

Det er bra at DNT er positive til å samarbeide om utvikling av informasjonspunktet på Sota. UT.no er ein viktig arena for å informere om problematikken rundt villrein. UT.no er nemnt i besøksstrategien, men det vil bli skrevet inn noko meir om UT.no og potensialet for informasjon rundt dette med villrein (kapittel 2.2.Reiselivet).

Reinheimen-Breheimen villreinutval

Villreinutvalet meina at villrein må ha eit gjennomgåande fokus i strategien sitt innhald. Det er viktig at villrein har eit eige delkapittel under sårbare naturverdiar. Utvalet merka seg omtala som går på klimaendringar og framtidige verdiar av breområda i vest som sentral leveområde, og meina at dette må sjåast i samanheng med fokusområda Sota og Grotli/Breidalen. Det er også veldig viktig å retta fokus på dei mest sårbare leveområda til reinen, og at det kontinuerleg vert vurdert påverknad av sti- og løypenettet. Fjerning av stiar/løyper kan verta tiltak som siste utveg.

Nemnte informasjonspunkt og anna informasjon som vert distribuert må stadig informera om vern/omsyn av og for villrein. Dette må gjerast på ein informativ måte som får fram konsekvensar dersom omsynet ikkje vert respektert.

Under kapittel 2.5 ynskjer villreinutvalet at ein kan problematisere og setje meir fokus på moderne type ferdsel og framtidsperspektiv for kva ein kan vente seg når det gjeld bruk av verneområda. Dette gjeld særleg vinteraktivitet med type skiaktivitet kor ein stadig ferdest meir effektivt og i områder kor tidlegare var uforstyrta vinterhalvåret. Dette gjeld også for sommaraktivitetar med type geocaching, fotografering, stolpejakt, internasjonale turoperatørar mm. Kva vert summen av aktivitetar? Korleis skal ein handtera det opp mot loven om friluftsliv og lokalt reiseliv?

Dette er også noko som gjerne bør inn i planen for strategisk grep for å nå dei ulike måla.

Besøksstrategien er underordna verneforskrift og forvaltningsplan. Dersom det er nødvendig å endre sti og løypenettet i Breheimen må dette gjerast med heimel i verneforskrifta og i tråd med føringane i forvaltningsplanen. Det er ikkje tvil om at nye aktivitetar, utvikling av skisporten m.m. kan vera ein trussel for villreinen i Breheimen i framtida. Det er vanskeleg å sjå for seg i kva retning dette vil gå, og det er utfordrande for forvaltninga å vere i "framkant" av utviklinga. Pr. nå er det ikkje mykje anna enn informasjon og styring av ferdsel som er dei hjelpemidla forvaltninga har til rådigheit i slike situasjonar. I framtida vil ein kanskje ha moglegheita til å regulere ferdsel på ein heilt anna måte enn det vi har i dag. Regulering av ferdsel i tid og rom har vorte sett på dagsorden med bakgrunn i bl.a. tilbakemeldingar til Klima- og miljødepartementet sitt arbeid med ny stortingsmelding om villrein. Det står att å sjå korleis dette eventuelt vil synleggjort i ny stortingsmelding om villrein.

I besøksstrategien er det viktig å ikkje legge opp til aktivitet som medfører auka ferdsel i dei mest sårbare områda i Breheimen. Allemannsretten og friluftsløva gjev folk ein rett til å ferdest og opphalde seg der dei vil i naturen i Noreg. Det som kanskje ikkje er så stor fokus på er at denne retten også kjem med ein del pliktar. Desse pliktane er viktige å fokusere på frå fleire hald i tida framover.

Under punkt 2.5 blir det teke inn meir om nye aktivitetar og utfordringar kring dette.

Skjåk Almanning:

Ynskjer lettfatteleg og enkel informasjon om både det som er lov og det som ikkje er lov i verneområda våre. Ein kan ikkje forvente at dei besøkande skal leite opp verneforskrifter og forvaltningsplan for å finna ut kva som ikkje er lov. Ynskjer informasjon på informasjonstavler, og digitalt om mellom anna bruk av drone, villvarding, sykling, motorferdsel, telting, organisert ferdsel, ferdsel i høve villrein, kiting og bandtvang.

Vernestatus som nasjonalpark kan vera med å bidra til auka besøk. Skjåk allmenning meina derfor at ein må vera forsiktig med å setje opp nye informasjonspunkt som kan bidra til auke besøk i området. Ein bør difor vera forsiktig med å teikna inn startpunkt for stiar, og gjere ei grundig vurdering av fleire av informasjonspunkta som er tenkt, særleg i tilknytning til villrein.

Friluftslivet og bruken av naturen har endra seg mykje på fåe år. Det er viktig å fylgje med på denne utviklinga, og informasjonsbehovet og bruken for berre nokre fåe år sidan kan vera mindre relevant både for dagens, og framtidens bruk og informasjonsbehov. Viktig å fylgje med på utviklinga slik at ein kan ta vare på verneverdiane framover, og klara å styra ferdselen slik ein ynskjer. Mange av informasjonspunkta er nedsnødd eller mindre synlege om vinteren, på ei tid kor dyrelivet er på det mest sårbare- og forstyrringar potensielt kan

gjera stor skade. Endringa har vore frå den “tradisjonelle” påsketuristen til å bruka nye områder gjennom ein lengre periode om vinteren. I strategien må ein ha meir fokus på å arbeide for å finna gode løysingar som dekkjer informasjonsbehovet på den årstida (gjærne ha fokus på Grotliområdet)

Skjåk allmenning meina at å legge til rette for, og marknadsføra nokre få rundturar, der ein ikkje kanalisera folk opp og inn, men tilbake att også er positivt. Dersom ein etablerer eit større informasjonspunkt rundt Sota trur Skjåk allmenning at det er svært viktig å laga ein eller fleire slike rundturar og sjå på tiltak for å redusera ferdselen einskilde stadar i det området/legga ned merka stiar.

Nasjonalparkstyret må vurdere Billingen og eit samarbeid med Reinheimen nasjonalpark som eit slutt punkt på kundereisa i staden for Sota. Momentet bør takast med i strategien som eit reelt alternativ, og utgreiast nærmare, før ein vel det eine eller det andre alternativet.

Skjåk allmenning meina at nokre av informasjonspunkta som er tenkt oppretta med prioritert 3 kan vurderast overflødig, blant anna Tundradalen og potensielt også Raudberget.

Under punkt 4.5 i strategien under “målgrupper” kan det vera strategisk lurt å ta med grunneigarane som eit punkt, då god kommunikasjon med desse er heilt avgjerande for i det heile få på plass informasjonspunkt og tiltak.

Gjennom den komande utarbeidinga av ny nettside for publikum, ny brosjyre og nye informasjonsplakatar etter ny merkevaremal, vil ein kunne få ut lettforståelig og enkel informasjon som Skjåk Almanning etterspør. I dagens merkevaremal ligg det føringar for kva ein kan ta inn av forbod, regelverk osv. I informasjonsarbeidet framover vil nasjonalparkstyret utfordre føringane for merkevaremalen for å få synleggjort verneverdiane og korleis den enkelte skal te seg i verneområda.

Oversikt og prioriteringane over informasjonspunkt er gjennomgått på ny og ein del blir endra frå prioritet 1 og 2 til prioritet 3. Dei som blir liggjande under prioritet 3 vil bli lagt på is inntil ein har meir sikker kunnskap om effektane av å etablerer eit nytt informasjonspunkt her.

For å bøte på informasjonsbehovet ute i felt på vinterstid er det i området Grotli/Strynefjellet utarbeid flyttbare informasjonstavler som blir sett ut på strategiske plassar med tanke på vårskiløping. Tavlene tek for seg bandtvang og ferdsel i område med villrein om våren. Dette vil bli vidareutvikla i tida framover med fleire tavler og at lokalt SNO plasserer ut tavlene på eigna plassar.

Dette med rundturar, Sota – Billingen m.m. vil bli diskutert i den gruppa av ulike aktørar som blir invitert til å komme med innspel og forslag til løysningar.

Grunneigarar er ein viktig aktør i dei fleste samanhengar og vil bli nemnt i avsnitt 4.3 om målgrupper.

Innlandet fylkeskommune

Ser det som positivt at ein i besøksstrategien har ein føre-var haldning og at ein er merksam på at utviklinga kan endra seg i område som i dag har lita ferdsel. Nye konflikhtar med villrein kan motverkast med aktiv kanalisering av ferdsel til mindre sårbare områder i verneområde. Innhaldet i besøksstrategien gjev og signal til forvaltninga utanfor verneområdet. Fylkeskommunen viser til at regional plan for Ottadalsområdet er viktig for villreinforvaltning

både innafor og utanfor verna område. Fylkeskommunen viser til kundereisa frå besøkssentera og til sjølve attraksjonen, i tillegg til at merka og umerka stiar frå kart i forvaltingsplanen. I framtida er det naturleg å sjå til eventuelle utarbeida sti- og løypeplanar.

Fylkeskommunen er positive til ei besøksretta nettside, det er viktig at ein tek ein tydleg plass i den digitale marknadsføringa slika t besøkande nyttar dei innfallsportane som er ynskjeleg. Sosiale medium, slik som Instagram kan vera ein arena for marknadsføring frå andre aktørar som kan ver uheldig for verneverdiane.

Fylkeskommunen meina at det bør utarbeidast ein kulturminneplan med sårbarheitsvurdering.

Det bør opnast opp for moglegheit til vegetasjonsskjøtsel i plana, i tilfelle det skulle verta aktuelt i forbindelse med tilrettelegging.

Besøksstrategien inneber skilting langs veg og informasjonstavler ved knutepunkt/rasteplassar og liknande Fylkeskommunen minnar om at det er Statens vegvesen som er skiltstyresmakt langs riks- og fylkesveg.

I framtidig revidering av besøksstrategi (og forvaltningsplanar) vil det vere naturleg å sjå til eventuelle utarbeida sti- og løypeplanar som blir utarbeid i den enkelte kommune. Dette arbeidet er nå i gang dei tre kommunane som har areal i Breheimen.

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det at verneområdeforvaltninga skal utarbeide ein kulturminneplan nært samarbeid med regional kulturminnemyndigheit, Sogn og Fjordane (Vestland) fylkeskommune og Oppland (Innlandet) fylkeskommune, og dei tre kommunane, Luster, Skjåk og Lom. Det er ønskjeleg å få etablert ein slik plan på sikt, men det er heilt avgjerande for forvaltningsmyndigheita at ein har eit tett samarbeid dei aktørane som er nemnt ovanfor. Dette gjeld spesielt avdelingane for kulturarv i den enkelte fylkeskommune, som har myndigheit og god kunnskap om kulturminne og -miljø.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Villreinnemnda vil poengtere at tolegrensene som vart funne i NINA-temahefte 51 gjeld villrein sine kryssingar av stigar. Sjølv om ferdsla er under 30 passeringar pr døgn kan villrein bli påverka på andre måtar enn vegring mot å krysse stigen. Effekten ein stig vil ha på villrein vil også vera avhengig av kor den blir lagt (funksjonsområde). Ein stig inn i eit kalvingsområde vil naturlegvis vera negativ sjølv om den har relativt få passeringar (om det er mogleg med ferdsel der i mai). Poenget er at det er meir enn berre talet på passeringar som er avgjerande for om ein stig kan ha effekt på villrein (på ein eller annan måte). Effekt på kondisjon kan truleg slå inn på eit mykje lågare ferdselsnivå. Eit døme kan vera ein person som går på ein stig gjennom ein dal der villrein finn godt beite. Ferdsla av ein person i eit slikt tilfelle vil ofte skremme vekk villreinen (kortvarig) slik at den bruker mindre tid på beite / meir tid på flukt enn optimalt og kanskje vel eit mindre optimalt beiteområde (kortvarig).

Villrein blir som regel forstyrra av folk som går i nærleiken og slik sett vil kondisjon kunne bli ramma av mindre ferdsel sjølv om ein stig ikkje skapar vegring. I "Horisont Snøhetta-rapporten" var det vist til at villrein kryssa stigar meir ved moderat ferdsel på stigen (<10 passeringar), forklart gjennom noko auka forstyrning (og truleg auka energiforbruk hjå villrein).

I 2018 gjorde NINA ei analyse av mellom anna sårbarheit for DNT-ruta over Kamperhamrane og inn i Breheimen nasjonalpark

Eit utklypp frå rapporten er teke med som eit døme på sårbarheitsvurdering: *Som figur 5.9 syner så går stien over Kamperhamrane gjennom aktuelle barmarksbeite, og den kryssar trekkleier to stader, over tangane før og etter vatna. Det er også ytterlegare to trekkleier vestafor den avgrensa lokaliteten, som ikkje er tatt med i utrekninga av sårbarheit. Utrekna sårbarheitskår for villrein er 34 (tabell 5.4). Vestområde av Jostedalsbreen nasjonalpark er opplagt viktige beiteområder om sumaren. Tilgangen til snøfenner og breklattar er attraktive område for å få fred for insektplaga på varme sumardagar. Ev. auka ferdsel innafør Sunndalssetra vil kunne gje unnvikingseffektar og endra status for bruk, som igjen vil gje utslag på sårbarheitsvurderinga (blir høgare). Det er ukjent kva mengde ferdsel som utløyser unnviking av eit område, og det varierer truleg mykje frå villreinstamme til villreinstamme.*

Etter villreinnemnda sitt syn bør vurderingar av sårbarheit for villrein basere seg på tilsvarande metodikk som i NINA-rapport 1593.

Fluktavstand blir ofte teke med som eit poeng når sårbarheit blir vurdert hjå villrein. Villreinstammene i Norge er i rapporten "*Miljøkvalitetsnorm for villrein*" delt i to grupper med ulik buffer iht sensitive einingar / funksjonsområder, der villrein i Breheimen er i den gruppa med minst buffer (500m). Fluktavstandar er også inkludert i vurderinga av sårbarheit i NINA-rapport 1593.

Vi er einige i nemnda sine refleksjonar her. I kapittel 2.1.1 vil det bli teke inn følgande formulering i 9. avsnitt: Ein skal ikkje berre sjå på tal personar som brukar eit område/sti. Villreinen vil også bli påverka av kor ein sti ligg og om ferdselen skjer inn i eit kalvingsområde, mykje brukt opphaldsområde eller liknande. Dette vil sjølv sagt vera negativ sjølv om den har relativt få passeringar av folk i eit slik område. Sjølv om tall personar i området ikkje fører til at villreinen direkte vegrar seg for å bruke området, kan det bety at villreinen får mindre beitetid og redusert kondisjon.

Statsforvalteren i Innlandet

Statsforvalteren stør det overordna grepet som er valt; Å freista å kanalisere trafikken til utkanten av verneområdet og ikkje å auke ferdselen inn i kjerneområdet.

Statsforvalteren ser det som svært positivt at besøksstrategien drøftar klimatilpassingar og for villreinen. I eit langsiktig perspektiv vil det vera særleg viktig å halda trekkmoglegheitene mellom Breheimen og Reinheimen opne.

Statsforvalteren viser til bruken av norsk naturområdet både av nasjonale og internasjonale besøkande og etterspør om det krev auka innsats på overvaking enn i dag, t.d. etablere eitt eller to faste overvakingpunkt med ferdselsteljar som vert fylgde opp gjennom sommaren. Alternativ overvaking gjennom observasjonsstudie nokre dagar gjennom sommaren. Slike langtidsseriar gjev eit betre forståing av svingingar i ferdselen enn teljingar eit par år.

Statsforvalteren viser til at informasjon er viktig, og målretta informasjon på innfallsportane. Ein bør fokusere på kva som er viktige omsyn å ta og sporlaus ferdsel. Det vert føreslege mange informasjonspunkt, og ein bør vurderer utforminga og mengda av informasjon på kvart punkt i høve til framtidig behov for tilsyn, vedlikehald og oppdateringar grundigare.

DNT har i ulike brukarundersøkingar i nasjonalparker vist seg å vera ei viktig informasjonskjelde, og besøksstrategien viser til at DNT Oslo og Omegn som ein viktig samarbeidspart, men statsforvaltaren meina at den viktigaste informasjonskanalane for norske turgåarar per i dag er ut.no, og ein må arbeide med nettsida.

Statsforvalteren viser til kundereisa frå eksisterande informasjonscentera, via informasjonspunkt og til ein innfallspurt, og set spørsmål om kor enkelt dette er i praksis, og kor mykje ressursar som skal brukast på eit slikt tiltak. Ei nettside som besøkande kan sjekke på førehand medan dei planlegg turen vil vera langt viktigare for gruppa besøkande som alt har besøkt nasjonalparken, og ikkje minst ei Facebookside med jamleg oppdateringar.

Når turistar planlegg turen godt på førehand, og det kan sjåast ut som at de lengre undå ein kjem frå, desto meir planlegg ein turen. Dette kan spegle kostnaden. Å endre på reiseruta til folk når reisa er starta, kan difor vera vanskeleg. Statsforvalteren meina difor at nasjonalparkstyret har meir att for å tilpassa tiltaka til dei reisestraumane som finst, framfor å prøva å etablera tiltak på tvers av desse reisestraumane. Statsforvalteren ville difor ha vurdert tiltaket med å etablere ei slik rute på nytt.

I innleiinga manglar ei omtale av kva kommunar som har areal i Breheimen. Dette kunne t.d. vore vist på kartet i figur 1. For dei som ikkje er lokalkjende ville fleire kartutsnitt gjennom rapporten, evt. som vedlegg, ha letta tilgangen til besøksstrategien.

Kommunikasjonsplanen har eit sterkt fokus på det nasjonalparkstyret ynskjer å formidle og gje informasjon om, dette etterlet eit inntrykk om at styret er oppteken av einvegs informasjon i større grad enn dialog. Ein bør formulera seg litt annleis på einskilde punkt.

Statsforvalteren meina at planen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med besøksforvaltning, med ein klar strategi i botn for arbeidet. Planen ville ha vore eit enda betre arbeidsreiskap for styret viss det vart gjort ei noko sterkare prioritering av tiltak framover

Nasjonalparkstyret støttar Statsforvalteren sitt syn på viktigheita av å ha ei god overvaking av kor mange besøkande eit område har kvart år for å sjå utviklinga. I Breheimen har vi gode tal over fleire år på besøkande i Dumdalen og i Mørkridsdalen. Elles i Breheimen er det lite langtidsseriar som viser utvikling i besøkstal og bakgrunnen for dette er mangel på ferdselsteljarar. Dei siste 3 åra har vi fått disponert 3 ferdselsteljarar som vi har brukt på fleire ulike plassar for å få ein oversikt over ferdselstal på dei mest brukte stiane i våre verneområde. Tanken er å bruke ferdselsteljar på nytt i dei same områda med 1-2 års mellomrom for å få en historikk slik at ein kan sjå eventuell utvikling.

Med bakgrunn i fleire tilbakemeldingar på informasjonspunkta vil det bli gjort ei ny vurdering av fleire av punkta og rangert på nytt. Det er fleire som blir endra frå prioritet 1 og 2 til prioritet 3. Dei som blir liggjande under prioritet 3 vil bli lagt på is inntil ein har meir sikker kunnskap om effektane av å etablere eit nytt informasjonspunkt her.

Når det gjeld "kundereisa" i Skjåk og Luster vil dette bli drøfta med dei aktørane som er naturlege å gå i dialog med før nasjonalparkstyret fattar ei slutning i kvar enkelt sak. Momenta som Statsforvaltaren nemner på i uttala vil bli teke opp til vurdering i denne samanhengen. Etter at saka har vore drøfta i dei enkelte arbeidsgruppene blir det vurdert om det skal lagast ei mogleighetsstudie for det enkelt område.

Informasjon om den enkelte kommune og fylkeskommune vil bli teke inn i innleiinga.

Fortun besøkssenter:

I figur 19 bør Fortunsdalen besøkssenter visast på kartet som nytt besøkssenter

I samband med opprusting av uteareal ved senteret bør det også vurderast nytt informasjonspunkt om Breheimen, i figur 19 og i figur 21 jf. Besøkspotensialet for senteret.

Oversikt over sentera bør oppdaterast. Forslag til oppdatering av siste setning: "Sentera i Lom og Jostedalen omfattande informasjon og utstillingar om Breheimen Nasjonalpark. Det nye senteret i Fortun vil legge vekt på samarbeid med desse sentera for å utvikle informasjon og utstillingar som samsvara med det som allereie er etablert."

Innfallsporatar og informasjon bør oppdaterast. Gjerne avsnitt tre (informasjon) og fem (kundereise) bør oppdaterast slik at det samsvara med utvikling av senteret i Fortun.

Under strategiske grep bør tabellen oppdaterast tilsvarende som ovanfor med hensyn til Kundereise frå Fortun, via Skjolden og til Mørkridsdalen, samt frå Fortun og til Nørdestedalen og Sognefjellet.

Under besøkssentera så bør ein oppdatere tekst, andre setning: " Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei to besøkssentera rundt nasjonalparken, samt etablere godt samarbeid med nytt besøkssenter i Fortun".

Nasjonalparkstyret tek innspela om å ta Fortunsdalen besøkssenter inn i besøksstrategien på lik linje med dei andre sentera knytt til nasjonalparken til etterretning.

Forslag til oppdatering av siste setning vert skrive inn under kapittel 2.4.4.5: "Sentera i Lom og Jostedalen omfattande informasjon og utstillingar om Breheimen Nasjonalpark. Det nye senteret i Fortun vil legge vekt på samarbeid med desse sentera for å utvikle informasjon og utstillingar som samsvara med det som allereie er etablert.

Forslaget vert lagt inn under kapittel 2.4.4.5 " Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei to besøkssentera rundt nasjonalparken, samt etablere godt samarbeid med nytt besøkssenter i Fortun".

I utgangspunktet er det ikkje vore eit mål forvaltninga av verneområdet å etablere endå ei kundereise for Breheimen. I vidare arbeid med besøksstrategien er det naturleg å føre Fortunsdalen besøkssenter i lag med Breheimsenteret for kundereisa i Luster, ein kjem ein til å gå i dialog med dei ulike besøkssentera for å avklara rolle og andre naudsynte moment på eit seinare tidspunkt.

Nasjonalparkstyret tek innspelet om informasjonspunkt i tilknytning til besøkssenteret i Fortun til orientering og vil gå i dialog med dei ulike besøkssentera for å avklara behov og ynskjer.

Nasjonalparkstyret tek innspelet om kundereisene til Fortunsdalen besøkssenter til orientering.

Lom fjellstyre

Området nord for Bøverdalen og Høydalen er av dei mest urørte areala vi har på statsallmenningane våre. Samanlikna med områda i og ved Jotunheimen er kommersiell bruk, tilretteleggingsgrad og ferdsel på eit vesentleg mindre nivå. Det kan være vi skal famne om dette området slik det er i dag, og være tydeleg på at ein ikkje ynskjer auka ferdsel, tilrettelegging og marknadsføring av dette området.

Auka satsing, informasjon og opprusting av innfallsportane til nasjonalparken kan ha betydning for dei bruksberettiga i seter- og beiteområda i Bøverdalen og Høydalen.

Beitedyra er viktige for å ivareta kulturlandskapet, og tiltak som blir gjort må ikkje vere til hinder for den tradisjonelle beitebruken. Å ivareta kulturlandskapet er eit viktig delmål i verneområda, og tiltak for å styre ferdselen til eller i nasjonalparken, må ikkje vera konfliktfylt i høve til beiteinteressene.

Fjellstyret er skeptiske til at det skal opprettast eit informasjonspunkt ved Jotunheimen fjellstue, ved innfallsvegen til Høydalen og Bøverdalen. Riksveg 55 er ein veg med særst stort trafikkgrunnlag, og eit informasjonspunkt her kan potensielt generere mykje trafikk inn mot Bøverdalen og Høydalen.

I Dumdalen må besøksstrategien legges til rette for guiding og kommersiell aktivitet i grottene. Ved å legge opp til bruk av guide/aktivitetsfirmaer sikrar ein at verneverdiane blir ivareteke, samstundes som ein styrkar den lokale verdiskapinga.

Ivaretaking av kulturlandskapet er ein viktig del av verneformålet i landskapsvernområda. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane. Strategien vil derfor ikkje legge opp til aktivitet som er uheldig for verneverdiane.

Oversikt og prioriteringane over informasjonspunkt er gjennomgått på ny og ein del blir endra frå prioritet 1 og 2 til prioritet 3. Dei som blir liggjande under prioritet 3 vil bli lagt på is inntil ein har meir sikker kunnskap om effektane av å etablere eit nytt informasjonspunkt her.

Besøksstrategien vil ikkje leggje andre føringar for kommersiell / ikkje-kommersiell bruk av grottene enn det verneforskrift og forvaltningsplan gjer i dag. I strategien er det uttrykt eit ønske om at mest mogleg av trafikken i grottene burde skjedd ved bruk av aktørar som har god kunnskap om verneverdiane. Dette kan vi ikkje regulere og ein må forvente at grottene også i tida framover blir brukt i ikkje-kommersiell samanheng.

Etter ein gjennomgang av innspela frå høyringa, har sekretariatet kome med nokre forslag til endringar i besøksstrategien etter at dokumentet vart godkjent av nasjonalparkstyret den 22.11.2023. Sekretariatet legg til grunn at desse mindre endringane er i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar om besøksstrategi og den faglege godkjenninga frå Miljødirektoratet (03.03 2022).

Sekretariatet meiner at besøksstrategien, med dei endringane som er føreslege i vedlagt dokument, kan sendast til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

Besøksstrategi for verneområda i Breheimen



1

Breheimen nasjonalparkstyre er ansvarleg for besøksstrategien for verneområda i Breheimen. Arbeidet med strategien er organisert av nasjonalparkforvalterne i Breheimen nasjonalpark.

Besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark er
fagleg godkjent av Miljødirektoratet den 11.03.2022
og vedteke av Breheimen nasjonalparkstyre den dato/mnd/år

Besøksstrategien er endeleg godkjent av Miljødirektoratet den dato/mnd/år

Edel Kveen

styreleiar, Breheimen nasjonalparkstyre

Jo Trygve Lyngved
nestleiar

Rolv Enersvold
medlem

Marianne Bugge
medlem

Per-Gunnar Sveen
medlem

Sonja Øvre-Flo
medlem

Mark Taylor
varamedlem

Framsidedfoto: Eldrid Nedrelo

Samandrag

Besøksstrategien for Breheimen er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interessar. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at ein skal legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

Dei enkelte verneområda har eigne verneforskrifter som seier noko om kva som er lov og ikkje lov i verneområdet. I tillegg til føringane i forvaltningsplanen er desse styrande for kva ein kan legge opp til i besøksstrategien.

I Breheimen kan ein oppleve alt frå frodige stølsdalar til karrig høg fjell. Plante- og dyrelivet er tilpassa eit liv i eit vêrhardt landskap og ein del artar lever heilt på yttergrensa. Villreinen er ein av artane som er tilpassa eit liv i dette landskapet og villreinen er også ein av hovudgrunnane til at områda i Breheimen er verna. Kunnskapsgrunnlaget i den nye *kvalitetsnormen for villrein* gjev godt grunnlag for å forstå utfordringane til villreinen i dag. I besøksstrategien med tilhøyrande lovverk er det eit mål å ivareta leveområda til villrein på lang sikt.

Klimaet er i endring, og desse endringane påverkar også områda rundt Breheimen. Mange av dei truga artane på Norsk raudliste er truga som følgje av klimaendringar, der mange av dei er knytt til kjøleg fjellklima som kjenneteiknar verneområda i Breheimen. Endringar som meir regn/flaum kan også påverke infrastruktur som bruer, stigar og liknande i verneområda, og må difor dimensjonast for framtidig påverknad.

Fjella og dalane i Breheimen er fulle av spor etter folk og deira aktivitet som eksempelvis ferdsele mellom aust og vest, jakt, fangst og landbruk. Fleire av kulturminna går heilt attende til steinalderen og viser at Breheimen var viktig før i tida. I dag blir Breheimen også brukt av folk til friluftsliv, jakt, fangst og landbruk, men hovudformålet med dette er stort sett rekreasjon og opplevingar. Dei som besøker Breheimen i dag er stort sett tilfreds med det dei finn av tilrettelegging her. Hovudformålet til den besøkande er å oppleve urørt natur, stillheit og å drive med enkelt friluftsliv som vandring, jakt og fiske. Områda kring Breheimen er ikkje like mykje brukt som eksempelvis «naboen» Jotunheimen, men ein må vere forberedt på at dette kan endre seg på sikt.

Breheimen nasjonalparkstyre meiner at det ikkje bør vera noko mål å auke talet på besøkande i dei sentrale og dei mest sårbare delane av Breheimen, men heller leggje til rette for auka besøk på nokre plassar i ytterkanten av verneområdet som kan tole dette. Nasjonalparkstyret meiner at det kan vere aktuelt å vidareutvikle eit par «innfallsportar» i tråd med Miljødirektoratets nye merkevarestrategi, så lenge dette ikkje er negativt med tanke på ivaretaking av verneverdiane.

Med bakgrunn i målsetjingane for arbeidet med besøksforvaltning og kunnskapsgrunnlaget er det overordna målet med besøksstrategien i Breheimen å finne ein god balanse mellom å:

1. sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv.
2. gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom besøkssenter, innfallsportar og digitale plattformer, samt gjennom ulik tilrettelegging der dette er naudsynt og ønskjeleg.
3. leggje til rette for at lokal berekraftig verdiskaping kan skje innanfor gjeldande regelverk.

Strategien går meir i detalj på kva som ligg i det enkelte punktet.

Innhald

1 Innleiing	6
1.1. Formål.....	7
1.2. Kort om rammeverk.....	8
1.2.1. Kongeleg resolusjon.....	8
1.2.2. Naturmangfaldlova.....	8
1.2.3. Verneforskrifter.....	9
1.2.4. Forvaltningsplan.....	10
1.2.5. Vedtekter.....	10
1.2.6. Merkevarerstrategi for Norges nasjonalparkar	11
2 Kunnskapsgrunlaget.....	12
2.1 Sårbare naturverdiar	12
2.1.1 Villrein	12
2.1.2 Fugl	18
2.1.3 Kulturminne.....	20
2.1.4 Geologi – Grottene i Dumdalen	21
2.1.5 Kulturlandskapet	24
2.1.6 Vegetasjon- og terrengslitasje	24
2.2 Reiselivet.....	25
2.3 Den besøkande.....	30
2.4 Anna relevant kunnskap	33
2.4.1 Friluftsliv	33
2.4.2 Jakt, fangst og fiske.....	34
2.4.3 Tilrettelegging	35
2.4.4 Informasjon	35
2.4.5 Klimaendringar i Breheimen.....	40
2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen.....	42
3 Mål og strategiske grep.....	45
3.1 Mål med besøksforvaltinga	45


3.2	Strategiske grep	46
4	Kommunikasjonsplan.....	49
4.1	Bakgrunn	49
4.2	Mål for kommunikasjon	50
4.3	Målgrupper.....	50
4.3.1	Grunneigar	50
4.3.2	Lokalbefolkninga	51
4.3.3	Turisten.....	51
4.3.4	Fjellvandrara.....	51
4.3.5	Reiselivet.....	51
4.4	Bodskap	51
4.5	Kanalar	52
4.5.1	Informasjonspunkt ved innfallsportar	52
4.5.2	Besøksretta nettside.....	52
4.5.3	Sosiale medium.....	53
4.5.4	Destinasjonsselskapa sine kanalar	53
4.5.5	Besøkssentera	53
4.5.6	Brosjyrar	54
4.5.7	Arbeid mot pressa.....	54
4.5.8	Vegskilting/kartløysingar	54
4.5.9	Film og foto om parken	54
4.6	Korleis kommunisere med målgruppene	54
5	Tiltaksplan	55
6	Kjelder	56

1 Innleiing

Verneområda i Breheimen ligg i Luster kommune i Vestland fylke og i Lom og Skjåk kommunar i Innlandet fylke, med eit samla areal på omlag 1793 km².

I Breheimen finn vi både nokre av dei mest nedbørsrike og dei mest nedbørsfattige områda i landet. Verneområda går frå det meir oseaniske klimaet i vest, over Langfjella, til det typiske kontinentale på austsida. Området strekkjer seg frå kring 100 moh. ved starten av Mørkridsdalen til toppen av Store Hestbrepiggen på 2172 moh. Landskapet har blitt forma av isbrear, skred og andre geologiske prosessar gjennom fleire tusen år.

I dag finn ein alt frå frodige stølsdalar til karrig høgfjell og isbrear, og Breheimen framstår som ein av dei mest varierte nasjonalparkane våre. Her er eit stort spekter av naturopplevingar, landskapsopplevingar og friluftsupplevingar.



Figur 1: Kart over Breheimen nasjonalpark og dei mindre verneområda.

Besøksstrategien for verneområda i Breheimen skal søke å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkjande og leggje til rette for lokal verdiskaping. I planen blir det mellom anna sett på kva delar av verneområda som kan leggjast til rette for auka aktivitet, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda. Fleire av dagens informasjonspunkt og innfallsportar til Breheimen nasjonalpark ligg i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Besøksstrategien vil difor gjelde for desse områda også.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok prosjektplanen for arbeidet med besøksstrategi i styremøtet den 25.05.2016. Nasjonalparkforvaltninga har sidan gjennomført synfaringar, møte og henta inn relevant kunnskap i tråd med prosjektplanen. Besøksstrategien er bygd opp som eit sjølvstendig dokument som vil ligge som eit vedlegg til forvaltingsplanen. Ved neste rullering av forvaltingsplanen skal besøksstrategien innarbeidast som eit eige kapittel i planen. Sidan vedtaket om verneplan for Breheimen i 2009 har det kome mykje ny kunnskap både om verneverdiane og om dei besøkande. Besøksstrategien inneheld difor ein eigen del der kunnskapsgrunnlaget er omtala.

1.1. Formål

Besøksstrategien skal:

- Bidra til å ivareta verneverdiane og auke forståinga for vernet.
- Bidra til gode opplevingar for dei besøkande
- Bidra til lokal verdiskaping.

Definisjonen på besøksforvaltning er å leggje til rette og styre bruken i verneområda slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogleg, og forståinga for vernet aukar, samstundes som ein tek vare på verneverdiane.

Besøksstrategien er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser.

Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein leggje størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

1.2. Kort om rammeverk

1.2.1. Kongeleg resolusjon

Verneplanen for Breheimen vart vedteken ved Kongeleg resolusjon (Kgl. res.) av Kongen i statsråd, 7. august 2009, og omfattar Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat. Ved vernevedtaket vart det fastsett ei eiga forskrift og eit eige vernekart for kvart av verneområda. Honnsrøve naturreservat vart vedteke oppretta ved Kgl. res. av Kongen i statsråd, 10. juni 2005 gjennom Verneplan for barskog i Oppland. Breheimen nasjonalparkstyre overtok forvaltingsansvaret for Honnsrøve naturreservat i 2015.

Gjennom vernevedtaket er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre interesser. Kongeleg resolusjon inneheld kommentarane frå dei ulike forvaltningsnivåa til dei ulike innspela i verneplanprosessen, samt konklusjonane frå Miljøverndepartementet. Enkelte saker kan vere spesielt omtala i resolusjonen og legg såleis føringar for korleis verneforskrifta skal tolkast.

I kapittel 6.5 om *Vern og bruk* i resolusjonen framhevar Miljøverndepartementet at: *reiselivet er ei viktig næring i dei tre kommunane, men det ligger ikkje større turistanlegg innfor verneframlegget. Verneplanen kan ha ein positiv verknad for reiseliv og turisme dersom vernet vert nytta i samband med merkevarebygging av attraksjonar i området..... Det er lagt til grunn at en berekraftig utvikling av reiselivet i området ikkje må kome i konflikt med verneverdiane.*

I kapittel 6.8.5 om *Informasjon* beskriv Direktoratet for naturforvaltning (DN) følgjande: *DN sluttar seg til fylkesmennene sine synspunkt om at det er viktig å framskaffe god og heilskapleg informasjon i området. Forvaltningsmynda vil ha eit overordna ansvar for informasjon om/i verneområda, men også andre aktørar har ansvar og verdifull kompetanse med tanke på informasjonsarbeid, mellom andre Breheimsenteret og Norsk Fjellmuseum. DN støttar fylkesmennene om at Breheimsenteret og Norsk Fjellmuseum vert styrka og at det vert bygd opp informasjon om Breheimen i desse sentra. Direktoratet meiner også det er naturleg at eit større informasjonspunkt vert etablert ved ein sentral innfallsport til Breheimen i kvar kommune etter modell frå Utladalen Naturhus. Dønfoss og Fjordstova er aktuelle informasjonspunkt i Skjåk og Luster kommunar. Miljøverndepartementet støtta utsegna.*

I kapittel 6.8.6 om *Forvaltning av villrein* skriv Direktoratet for naturforvaltning bl.a.: *DN vil peike på at i høve villrein vil ferdsel i områda kunne vere ei utfordring. Ferdsel kan fortrenge villrein frå større areal, særleg i område dominert av U-dalar. Dette bør vere styrande for utviklinga av ferdsel i området, særleg i dei områda som i dag har redusert bruk av villrein.* Miljøverndepartementet støtta utsegna.

1.2.2. Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er den overordna lova om forvaltning av mangfaldet i naturen. Føremålsparagrafen har eit grunnleggjande prinsipp som har verknad for besøksstrategien:

§ 1. (lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I tillegg skal miljørettsprinsippa naturmangfaldlova §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved handsaming av saker etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, og etter den generelle dispensasjonsbestemminga i § 48 i naturmangfaldlova. Kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og økosystemtilnærming og samla belastning (ref. naturmangfaldlova §§ 8 – 10) er viktige rettesnorer for vurdering av aktuelle tiltak og aktivitet i verneområda. I besøksstrategien er slike vurderingar og knytt opp til konkrete sårbarheitsvurderingar ved dei innfallsportane der det er vurdert som relevant.

1.2.3. Verneforskrifter

Alle verneområda har individuelle verneforskrifter som seier noko om kva som er lov og ikkje lov i verneområdet. Dette er dei reglane som er mest konkrete og styrande for besøksstrategien.

Forskriftene legg føringar for kva aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområda. Det er klare restriksjonar på byggetiltak og inngrep, og det er klare restriksjonar på motorferdsel. Det er også reglar for andre former for ferdse i områda.

Verneområda i Breheimen består av 1 nasjonalpark, 5 landskapsvernområde og 2 naturreservat. Føremålsparagrafen (§ 2) i verneforskriftene legg grunnlaget for all forvaltning i nasjonalparken, landskapsvernområda og naturreservata, også besøksforvaltning. Forskriftene har også ei rekkje andre reglar som er relevante i besøksstrategien.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å:

- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- *ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området*
- *ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap*
- *ta vare på grottene i området*
- *ta vare på kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Rundt Breheimen nasjonalpark ligg desse verneområda:

- Mysubytta landskapsvernområde
- Høydalen landskapsvernområde
- Mørkridsdalen landskapsvernområde
- Vigdalen landskapsvernområde

- Strynefjellet landskapsvernområde
- Høyrokampen naturreservat
- Honnsrøve naturreservat

Fleire av informasjonspunkta og innfallsportane til Breheimen nasjonalpark ligg i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Besøksstrategien vil difor gjelde for desse områda også. Meir informasjon om verneområda og dei ulike verneforskriftene ligg her:

www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen

1.2.4. Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen er eit viktig bakgrunnsdokument for besøksstrategien. Føremålet med forvaltningsplanen er å gjere forvaltninga av verneområda meir framsynt for rettshavarar og brukarar av verneområda. Samstundes er òg mål for å ta vare på natur- og kulturkvalitetane i områda, og tiltak knytt til innfallsportar og informasjon, ein viktig del av forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen veg vern mot bruk innanfor rammene av verneforskrifta. Når det er motstridande interesser mellom bruk og vern, skal brukarinteressene vike til fordel for verneføremålet. Dette følgjer av sentrale retningslinjer og føremålet med vernet, og legg føringar for arbeidet med besøksstrategien.

I forvaltningsplanen er det peikt på nokre spesielle utfordringar knytt til forvaltninga av verneområda som også vedkjem arbeidet med besøksstrategien:

- Ferdsl og slitasje i grottene i Dumdalen.
- Å balansere interessene mellom bruk og vern, særleg sett i forhold til omsynet til villrein.

Utfordringane og måla for verneområda er vidare samanfatta slik:

- Sikre verneverdiane i eit langsiktig perspektiv (200 år).
- Sikre det biologiske mangfaldet, mellom anna villreinstammen i Reinheimen - Breheimen
- Sikre eit særprega kulturlandskap i landskapsvernområda, der støls-/seterlandskap er sentralt for landskapet sin eigenart.
- Gje ålmenta moglegheiter til å utøve eit naturvenleg og enkelt friluftsliv innanfor rammene av verneforskriftene.

1.2.5. Vedtekter

I punkt 8.2 og 8.4 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre står følgjande om besøksforvaltning, verdiskaping og informasjon:

«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskaping utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenter».

«Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi».

1.2.6. Merkevarestrategi for Norges nasjonalparker

Merkevarestrategien for Norges nasjonalparker er en felles overordna strategi for alle nasjonalparkane, besøkssentera, nasjonalparklandsbyane og andre verneområde. Gjennom den nye merkevara for Norges nasjonalparker skal alle aktører få ein tydelegare felles identitet gjennom utforming av logo, skiltssystem, informasjonsplakatar, brosjyrar, nettsider osv. Alle gjennomførte tiltak skal vera i tråd med føringane i merkevarestrategien.



Figur 2: Noko av det mest sentrale i merkevarestrategien er symbolet «portalen» i alle logoane.



Figur 3: Skiltprogrammet i merkevarestrategien.

2 Kunnskapsgrunnlaget

Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiane, reiselivsnæringa og dei besøkjande. Det er gjennomført omfattande registreringar over mange år av kulturminne, sårbare artar og hekkelokalitetar. Det føreligg oversikt over reiseliv / lokale næringsaktørar, og det er innhenta mykje kunnskap om dei besøkande gjennom besøksundersøkinga.

2.1 Sårbare naturverdiar

Plante- og dyrelivet er ein viktig del av vernet i Breheimen. Mange av artane ein finn her er spesialtilpassa fjellartar som er skapt for livet i eit karrig, vêrhardt landskap. Men ein finn òg artar som lever på yttergrensa av sine preferansar. Vern av eit så stort område med så store og ekstreme forskjellar i klima og vegetasjon som i Breheimen vil truleg vere av stor verdi for å sikre genetisk mangfald og verdiar som ein i dag manglar oversikt over. Stor variasjon i klima vil også gje artar høve til å migrere etter kvart som klimaendringar gjer dagens leveområde meir utfordrande.

2.1.1 Villrein

Verneområda i Breheimen er del av eit større leveområde for villreinen i Reinheimen – Breheimen villreinområde. Hovudføremålet med vern av nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Eit av føremåla som er spesifisert er å ta vare på leveområda til villreinstammen i Reinheimen – Breheimen villreinområde (tidlegare kalla Ottadalen villreinområde).

Forvaltingsmål villrein

Det er eit mål å ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen - Breheimen villreinområde, jf. føremålet i § 2 i forskrifta for nasjonalparken.

Noreg har eit spesielt ansvar for villreinen som art, og Reinheimen – Breheimen villreinområde er utpekt som eit av dei nasjonale villreinområda. Det har svært mykje å seie at leveområdet for villreinen blir sikra. Breheimen representerer eit av dei aller siste europeiske villreinområda, med store areal villmark med liten grad av inngrep. Villreinområdet er det villreinarealet i Noreg med prosentvis størst urørd areal (48%).

Stammestorleiken i Breheimen har vore kring 800 vinterdyr siste åra. Ein villrein flokk på fleire hundre dyr krev mykje mat. Det marginale og ustabile livsgrunnlaget i fjellet krev at villreinen må flytte seg over store delar av leveområdet. Sommar- og vinterbeita fordeler seg over område med store skilnader i snømengd og mattilgang. Vinterbeita er ofte område med lite snø og gode førekomstar av lavbeite, medan vår- og sommarbeita er område med tidleg snøsmelting og god tilgang på frodige beite. Om sommaren går dyra spreidd over store område og om hausten etter paringstida skil dei fleste bukkane lag med fostringsflokken. Bukkeflokkane trekkjer til ytterkantane av leveområdet på grøntbeitetrekke om våren. I kalvingstida trekker fostringsflokkane til område med lite ferdsel.

Villreinen treng såleis store samanhengande fjellområde. Villreinen brukar også store areal i samband med flytting mellom ulike årstidsbeite og kalvingsområda. I Breheimen går trekkvegane på tvers av dalføra og fell dels saman med merka turløyper i området. Det er difor viktig at forvaltninga har eit langsiktig perspektiv, då dyra gjerne også endrar trekkmønster over tid.

Erfaringsvis brukar villreinen eit beiteområde nokre år, for så å veksle til eit anna område, og på den måten går bruken av områda i syklusar. Villreinen treng altså store område for å kunne utnytte beite, og er heilt avhengig av å kunne bevege seg uforstyrra mellom dei ulike områda, både gjennom året, men også gjennom årvisse flyttingar (syklusar).


For å ta vare på villrein må ein også sjå forvaltninga i lys av klimaendringane. Dersom dei varme somrane med kraftig nedsmelting av brear og snøfenner held fram, vil breområda i Breheimen vera svært verdifulle som leveområde for villreinen. Sjølv om villrein ikkje nyttar områda lengst i vest i dag, er det likevel viktig å ta vare på alle trekkvegar slik at dyra kan veksle mellom gode sommarbeite i vest nær breane og vinterbeita i aust. Villrein har til all tid veksle mellom vinter og sommarbeite, og for å ta vare på arten i eit lengre perspektiv, må ein leggja forholde til rette slik at reinen fritt kan veksle mellom tilgjengelege leve- og beiteområde .

Den sørlege delen av Breheimen nasjonalpark er i dag barmarksbeite for villrein. Om vinteren trekker villreinen ut på tangane i aust der det er mindre nedbør. Områda elles er stort sett brukt som heilårsbeite. Delar av dette arealet er også kalvingsområde. I kalvingstida om våren, er reinen spesielt sårbar for forstyrring. Sett i ljøs av dagens bruk, så ligg mange av leveområda i randsonene og det er difor viktig å unngå for stor tilrettelegging her. Det er viktig å sjå på den samla belastninga.

Breheimen sett under eitt har ikkje mange fysiske inngrep. Det er store villmarksareal, nesten frie for inngrep. Dei største inngrepsfrie areala ligg i nasjonalparken, og for det meste i høgareliggjande område. I eit så stort område vil det ferdast folk, og det må vera infrastruktur som tillèt verdiskaping. Det vil såleis vera aktivitetar av ymse slag. Det er store område med lite forstyrring og låge tal på besøkande som kjenneteiknar Breheimen. Merka stinett er meir utvikla i vestområda, der områdebruken til villreinen er mindre, enn lenger aust. Ferdsla har vore på eit akseptabelt nivå, og for det meste ligg den innanfor 3-30 personar per. dag eller lågare. Dette er rekna som ei akseptabel tolegrense for villrein i undersøkingar gjort i Rondane, Snøhetta og Nordfjella om villreinen sin arealbruk. Det gjeld alle stiar over skoggrensa i vestområda. Dei stiane som har størst ferdsel i sumarsesongen der det er villreintrekk er stien Sota – Tverrådalskyrkja og Heillstuguvassosen – Åfåttjønn (NINA rapport 1349 om brukarane av Breheimen NP). Sjølv på desse strekningane er ferdsla svært sjeldan oppe i 30 personar per dag. Ein kan ikkje berre sjå på tal personar som brukar eit område/sti. Villreinen vil også bli påverka av

kor ein sti ligg og om ferdselen skjer inn i eit kalvingsområde, mykje brukt opphaldsområde eller liknande. Dette vil sjølvsagt vera negativ sjølv om den har relativt få passeringar av folk i eit slik område. Sjølv om tall personar i området ikkje fører til at villreinen direkte vegrar seg for å bruke området, kan det bety at villreinen får mindre beitetid og redusert kondisjon.

Regional plan for Ottadalsområdet for perioden 2016-2026 vart i 2016 vedteke av fylkeskommunane i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Hovudmålet med planen var å sikre villreinen i Ottadalsområdet store nok område for at stamma framleis skal kunne vera levedyktig i framtida, samt å sikre moglegheiter for utveksling til andre villreinområde. I arbeidet med planen vart det kartlagt 4 fokusområde i Breheimen med brukarkonfliktar, spesielt sett i høve ferdsel og villrein. På oppdrag frå Miljødirektoratet publiserte Norsk institutt for naturforskning i 2022 kvalitetsnormen for villrein. Her er det gjort ei samla vurdering av bestandsforhold, lavbeite og leveområde, og menneskeleg påverknad i dei 10 nasjonale villreinområda i landet. Ingen av dei 10 nasjonale villreinområda vart klassifisert til god kvalitet (grøn farge). 4 av dei nasjonale områda, deriblant Reinheimen-Breheimen villreinområde, oppfyller per nå minstemålet for middels kvalitet (gul farge). Dei 6 andre områda vart klassifisert til dårleg kvalitet (raud farge). Sjå kart nedanfor.



Figur 4: Klassifisering av dei nasjonale villreinområda i Noreg. Kart: www.nina.no

I arbeidet med kvalitetsnormen er det sett på dei same 4 fokusområda som er trekt fram i den regionale planen, men i denne prosessen vart det også peikt på to nye område i Breheimen. Viktige moment og utdrag frå dei enkelte fokusområda i kvalitetsnormen og den regionale planen er som følgjer:

- Fokusområde Grotli – Breiddalen.

- Frå regional plan: «*Dette er eit område som villreinen i dag brukar hovudsakleg i sommararbeiteperioden frå april til slutten av oktober. Enkelte år er det også kalving nær vegen i Breiddalen mot Langvasskrysset. Området er viktig som ein korridor for utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet (saman med fokusområde Strynefjellet/ Tystigen). Dette området har vore utsett for stor menneskeleg påverknad. Rv 15 gjennom Breiddalen er heilårsveg med aukande trafikk og stor andel tungtrafikk. Breiddalsvatnet er regulert. Det vil vere over 300 hytter i området når regulerte hyttefelt er ferdig utbygde. Ved Grotli Høgfjellshotell er det skitrekk og mykje brukte skiområde både nordover og sørover*».
- Frå kvalitetsnormen:
 - Riksveg 15 over Strynefjellet fungerer som ei trekkhindring for villreinen og bruken av trekkvegen over Breiddalen er redusert dei siste 15 åra. Dei 2 siste åra har derimot villreinen trekt over Breiddalen og brukt områda nord for riksveg 15 til vinterbeite. Kva som påverknadsfaktoren her er usikkert.
 - Både biltrafikk og menneskeleg ferdsel i området har auka betrakteleg dei siste åra.
 - Trekkvegen vest for Breiddalsvatnet er spesielt viktig for at det skal vere mogleg å oppretthalde utveksling mellom delbestandane i Reinheimen og Breheimen.
- Fokusområde Strynefjellet – Tystigen.
 - Frå regional plan: «*Dette området ligg nær fokusområde 4 Grotli – Breiddalen og villreinen brukar det i daghovudsakleg til sommararbeite frå april til slutten av oktober. Gamle Strynefjellsvegen som fekk status som nasjonal turistveg i 2005 går i dette området. Vegen er ope i sommarsesongen frå om lag midten av juni og ut september, og det er ein del camping langs vegen. Tystigbreen vart teken i bruk til sommarskiaktivitet på slutten av 1960-talet. Alpint har vore hovudaktiviteten, og dette anlegget har hatt stolheis sidan 1986. Det har også vore køyrd opp løyper til langrenn på Tystigbreen. I 2009 vart det gjeve løyve til helikopterlanding ved serviceanlegget ved Strynefjellsvegen med innflyging frå vest*».
 - Frå kvalitetsnormen:
 - Det er merka turstiar og skiløyper som genererer ferdsel inn i området. Ferdsel fører til at villreinen delvis skyr området innover mot Heilstuguvatnet. Det blir arbeid med å kanalisere løypekjøring til under tregrensa i området. Aktivitet ved sommerskisenteret kan også føre til at villreinen skyr områdene i periodar.
 - Det er usikkerheit om kva grad villreinens bruk av trekkvegane er redusert, men villreinens bruk av den austlege trekkvegen frå Langvasseggen er meir redusert enn dei to andre som går gjennom fokusområdet. Det er viktig at desse blir ivareteke og det bør difor ikkje setjast opp installasjonar langs vegen som kan føre til auka forstyrring.

- Trekkvegane her er viktige for at det skal vere mogleg å oppretthalde utveksling mellom delbestandane i Reinheimen og Breheimen.

Både dei to fokusområda ovanfor er påverka med bakgrunn i at Grotliområdet genererer mange besøkande frå hytter og turistbedrifter. Ein annan viktig faktor her er gamle Strynefjellsvegen (nasjonal turistveg) som generer mykje trafikk inn i Strynefjellet landskapsvernområde. Dette er eit viktig trekkområde for utveksling mellom nord- og sørområdet. Området er også brukt som kalvingsområde og behovet for kanalisering av ferdsel er høgt. Stryn sommerski brukar området lengst vest i mai/juni. Til denne drifta er det knytt ein del motorisert ferdsel seinvinter/vår.

- Fokusområde Lomseggen.

- Frå regional plan: «*Dette er grenseområdet mellom Ottadalen villreinområde og området for tamreindrift som Lom tamreinlag har konsesjon på. Heile det avmerkete fokusområdet ligg innafor Breheimen nasjonalpark. Lom tamreinlag brukar dette området som vinterbeite i perioden frå februar til byrjinga av april, mens villrein normalt trekker inn mot grenseområdet i byrjinga av april og blir der til ut i september. Det har vore episodar der tamrein har trekt over i villreinområdet, tilsvarande har mindre villreinflokkar beita i tamreinområdet. Dette har ført til gnissingar mellom villrein- og tamreininteressene. Ein episode enda i 2009 opp i Forlikrådet, og partane vart da samde om å halde seg heilt til ei intern varslingsavtale som vart skrivne allereie i 1984. Det vart også lagt vekt på å halde ein open dialog i framtida*».
- Frå kvalitetsnormen:
 - Utfordringane i dette området er knytt til overlappande arealbruk mellom tamrein og villrein. Arealet er brukt som vinterbeite for tamrein (under konsesjon), men også villreinen søker hit i vinterhalvåret og beiter fram til brunsten i september. Det er ei utfordring å halde villrein og tamrein åtskilt i periodar om vinteren.

Her er det fokus på problematikken mellom tamrein og villrein. Lom tamreinlag brukar området frå januar – april kvart år. Det er liten konflikt med ferdsel i området slik bruken er i dag. Området er brukt til toppturar om vinteren og om sumaren. Lomseggen er eit populært dagsturmål frå Lom sentrum. Ferdsla blir vurdert til å liggje på eit akseptabelt nivå i dag.

- Fokusområde Vest-Jotunheimen/Sognefjellet.

- Frå regional plan: «*Vest-Jotunheimen var tidlegare ein del av Ottadalen villreinområde, men vart i 1981 utskilt som eige villreinområde. Fleire trekkveggar mellom desse områda er framleis urørte, og det er viktig å oppretthalde ein korridor som gjer det mogleg for rein å veksle mellom områda i framtida. Aust i området, nord for Prestesteinsvatnet, er eit regionalt viktig område for sommarskiaktivitet med løypekøyning for langrenn i perioden mai-oktober*».
- Frå kvalitetsnormen:

- Vest-Jotunheimen grensar til Reinheimen-Breheimen i sør-øst og det førekjem utveksling mellom villreinområda. Sjølv om ein del av dei tidlegare trekkvegane har gått ut av bruk, er det likevel éin funksjonell korridor som blir nytta framleis. Det er viktig at denne passasjen blir oppretthalde sidan det er eit ønskje om utveksling mellom villreinområda.
- Konfliktpotensialet her er merka turstiar og oppkøyring av skiløyper knytt til Sognefjellshytta. Det er også anleggsvegar, kraftmagasin og tamreindrift i nærområdet som kan gjere det utfordrande å oppretthalde trekkpassasjen mellom områdana.

Dette er eit tidlegare trekkområde i Luster og Lom kommune og ligg mellom Turtagrø og Krossbu. Her er det påpeikt av villreinorgana at det er viktig å halde ope korridoren mellom Vest-Jotunheimen og Breheimen. Det er viktig å unngå for mykje ferdsle i området og tilrettelegging av nye stiar.

- Fokusområde Framrusti.

- Frå kvalitetsnormen:

- Nytt fokusområde aust for Rauddalsvatnet som har tilførsel av trafikk frå to veger som går inn i området.
- Viktig trekkveg mellom Rauddalsdammen og Framrustsætra frå Dyringshøi og vidare inn til Framrusthovden. Det er i hovudsak bukk som bruker denne passasjen. Trekket er intakt i dag, og bukkane brukar passasjen regelmessig. Bukkane vegrar seg for å trekke i dei mest aktive periodane med menneskeleg aktivitet, men dei trekker over så snart det er roleg i området.


- Fokusområde Sota seter.

- Frå kvalitetsnormen:

- Nytt fokusområde ved Liavatnet i Skjåk kommune.
- Aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkvegen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, og med det også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Aktiviteten ved Sota sæter har tidlegare vore sesongbasert, men i dag er det heilårsdrift med organiserte turar både sommar og vinter. Ved Liavatnet er det også eit hytteområde. Trafikken av folk er for det meste konsentrert mot Tverrådalen og Tverrådalskyrkja.
- Trekket er ikkje sterkt påverka i dag, men det bør følgjast med på.

I tillegg til fokusområda ovanfor er det i kvalitetsnormen sett på området frå Kamperhamrane i vest til Rauddalsvatnet i aust. Her går det ei kulturhistorisk vandrerute med DNT-sti og to DNT-hytter i og langs dalen som genererer ferdsel. Det er viktig å følgje med på utviklinga her framover i og med at dette er kjerneområde for sør-vest stammen i Breheimen i barmarksperioden.

Problemstillingane som er presentert ovanfor gjer det nødvendig å vera føre-var når det gjeld villreinen i Breheimen. Sjølv om det er store villmarksareal, lite tilrettelegging og forholdsvis lite ferdsel i Breheimen i dag, er det lite som skal til før ein kan oppleve at eitt eller fleire av fokusområda kan bli meir negativt påverka på sikt.



Figur 5: Kart viser trekkvegar, kalvingsområde og beiteområde. I tillegg viser kartet fokusområda som er definert i regional plan for Ottdalsområdet og kvalitetsnormen for villrein. Kart Innlandsgis.

2.1.2 Fugl

Freda rovfugl er registrert fleire plassar i verneområdet. Desse registreringane er ikkje offentlege opplysningar. I forbindelse med utarbeiding av besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark var det behov for ei oversikt over sårbare områder for fuglelivet. Kistefos Skogtjenester har i 2018 laga ein rapport som skildrar og avgrensar slike lokalitetar. Det er i rapporten vektlagt omsynet til sårbare rovfuglar/ugler samt våtmarksfugl. Det andre fuglelivet i nasjonalparken blir vurdert til å ikkje bli negativt påverka av den ferdselen og tilrettelegginga som er i dag.

Kistefos Skogtjenester sin rapport peikar blant anna på at ulike fugleartar har ulik toleranse for forstyrningar. Areal innanfor artars leveområde har skiftande funksjon gjennom året, og artens sårbarheit vil variere i samsvar med dette. Forstyrningar vil ha ulik effekt i et hekke-yngeområde, oppvekstområde, trekkveg, rasteplass, beiteområde og så vidare. Fuglane er spesielt utsett i hekkesesongen, når egg og ungar krev mat, varme og beskyttelse. For nokre område vil eksempelvis ferdsel vinterstid vera uproblematisk (gjeld til dømes våtmarksområda), mens andre lokalitetar kan vere sårbare frå etableringsfasa i februar til ungane forlèt reiret i juli (som til dømes hekkeområde for kongeørn).

Detaljerte opplysningar om den enkelte lokalitet er sensitiv informasjon som er unntatt frå offentlegheita. Innanfor og i nær tilknytning til nasjonalparken har vi en rekke viktige hekkelokaliteter for både våtmarksfugl og rovfugl. I Kistefos sin rapport er desse vist som 23 sårbarheitssoner.

Art	Tal sårbarheitssoner	Robust	Nokså sårbar	Sårbar	Sensitiv i perioden
Kongeørn	6	1	2	3	1. feb. - 1. aug.
Jaktfalk	4	4		0	1. feb. – 1. juli
Hubro	5	3		2	1. feb. – 1. juli
Kongeørn, hubro, jaktfalk	1	0		1	
Våtmark	7	4	3		20. mai – 15. aug.
Sum	23	12	5	6	

Figur 6: Tabell ovanfor viser kartlagde sårbarheitssoner i Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande verneområde, fordelt på sårbarheitsgrad.

Rapporten peikar også på at ulike typar ferdsel kan utgjere ein forstyrrande faktor for sårbart fugleliv. Denne ferdselen kan vere knytt til turisme/rekreasjon, forvaltningsoppdrag eller utøving av næring. Vidare blir det skildra at ei spesielt sårbar periode for fleire av rovfuglartane er i etableringsfasen på ettervinter/tidleg vår. Dette er ein periode som også omfattar påska, og solvendte lokalitetar vil ofte vere attraktive rasteplassar for skituristar. Samstundes vil små og større bergvegger på slike plassar vere svært viktige, og ofte helt avgjerande, reirlokaltetar for blant anna kongeørn og jaktfalk. Desse lokalitetane har eit gunstig lokalklima, og er tidleg frie for snø slik at dei kan takast i bruk av artar som startar hekkesesongen tidleg. Utanom den tradisjonelle påskeutfarten er det på ettervinter/ vår også aktivitet knytt til mellom anna transportoppdrag til hytter, sporing av rovdyr og fjellskigåing. Samla sett er difor potensialet for uheldig forstyrringar av sårbare artar til stades, og det er ei viktig oppgåve å minimalisere denne sumbelastninga.

Rapporten beskriv vidare at når barmarksperioda startar endrar aktivitetane karakter, og fotturistar og fiskarar vil vere dei dominerande brukargruppene. Denne ferdselen er relativt føreseieleg, og er i stor utstrekning knytt til merka sti og tilgjengelege vassdrag. Etablering av stiar, bålplassar, teltplassar og informasjon om turmoglegheitene vil difor bidra til å styre denne typen ferdsel. Samstundes vil flytting/ending av etablert tilrettelegging kunne avlaste lokalitetar som i dag er negativt påverka (hekkeplassar for rovfugl eller sårbare våtmarksområder). Forvaltinga må likevel vera merksam på nye aktivitetar som klatring og tilrettelegging for opplevingar i nærleiken av reiområde for rovfugl.

2.1.3 Kulturminne

I verneområda i Breheimen finst ei rekke kulturminne, frå så langt attende som steinalderen. Mange av kulturminna daterer seg fleire tusen år tilbake og dei er difor automatisk freda etter kulturminnelova. I forvaltningsplan er det sett følgjande forvaltningsmål:

Forvaltningsmål kulturminne

Det er eit mål å sikre verdifulle kulturminne i Breheimen, jf. formålet i § 2 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda. Breheimen nasjonalpark har ein 0-visjon for tap av kulturminne og kulturhistoriske kvalitetar innan 2020.

Dagens bygningar og gamle kulturminne syner historisk bruk av områda, og målet er at desse skal bli tekne vare på, mellom anna for å gje besøkande eit innsyn i bruken av verneområda. Sikring av kulturminne skal skje i nært samarbeid med kulturminnestyremaktene.

Kulturminne har ein verdi både ut ifrå alder, kulturhistorie og som arkitektonisk objekt. Kulturminne er kjelde til kunnskap om tidlegare bruk, og kan vera identitetsskapande både nasjonalt og lokalt. For folk som besøker verneområda vil opplevingsverdien av kulturminnet vere mest sentral, og vekke undring og ettertanke. Dette kan forsterkast gjennom god formidling.

I mange tilfelle vil kulturminne vera knytt til naturverdiar, og i verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda i Breheimen er det å ta vare på kulturminne ein del av verneformåla.

Ein kan dele dei faste kulturminna i Breheimen inn i tre hovudkategoriar:

- Kulturminne knytt til jakt- og fangstkulturen, spesielt reinsfangsten
- Kulturminne knytt til ferdsla mellom fjordbygdene i vest og fjellbygdene i aust
- Kulturminne knytt til landbruket sin arealbruk som seter- og stølsdrift, og beiting

I samband med villreinfangsten har det vore laga ei rekkje fangstanlegg i fjellet i Breheimen. Dei siste åra har stadig fleire objekt smelta fram ved breane i området. Status i 2021 var at kring 3500 funn er samla inn i Innlandet fylke, noko som utgjer om lag halvparten av verdas brerelaterte funn. Det er nå 16 kjente funnstader ved snøfenner og brear i eller nær Breheimen nasjonalpark. Nokre av brefunna kan ein sjå i utstillinga ved Norsk Fjellsenter i Lom. I tillegg er det dyregraver og bågastø over tregrensa i store delar av verneområdet, samt andre enkeltlokalitetar av ymse slag.

Ferdselsaktiviteten er godt dokumentert gjennom ferdselsvegane, og det er eit rikt kjeldemateriale som fortel om bruken gjennom tidene heilt frå 1400-talet og fram til slutten av 1800-talet, då nye vegar vart bygd. Ein del av dei gamle ferdselsvegane vart teke i bruk av det moderne friluftslivet frå midten av 1800-talet.

Stølsdrifta og beitebruken har vore intensiv i fjelldalane heilt fram til ny tid. No er bruken mindre og det er vanskeleg å halde oppe aktivt beite i fleire område. Tradisjonane kring landbruket sin bruk av verneområda er god, og spesielt god i Mørkridsdalen. Der er det innsamla mykje tradisjonsstoff gjennom MONA-prosjektet om Mennesket og naturarven.

Kulturminna i den delen av Breheimen som ligg i Innlandet er godt dokumentert. Dei siste åra er kulturminna i dei vestlege delane av Breheimen også kartlagd. I samband med verneplanarbeidet vart det av firmaet Asplan Viak utarbeidd ei konsekvensutgreiing for kulturminne og kulturmiljø for Breheimen (2008). I forvaltingsplanen er det nedfelt at det skal utarbeidast ein kulturminneplan med sårbarheitsvurdering, men dette har ikkje blitt gjort enda. Ein meiner likevel at ein har rimeleg god oversikt over dei kulturminna som finst når registreringane blir ferdige i verneområda i Luster kommune.

Kulturminne har fleire verdiar som skal takast vare på og forvaltast etter både naturmangfaldlova og kulturminnelova. For mange kulturminne er den største trugselen slitasje. Det er difor viktig at ein vurderer tilstanden og fare for forringing ved nye tiltak og tilrettelegging:

- Ein bør unngå å leggje ferdsel til område der kulturminne kan ta skade. Ved stor nedsmelting av breane er det mange lause kulturminne som blir liggande oppe til ved brekantane. Ein bør unngå ferdsle ved desse lokalitetane frå august til snøen fell.
- Leggje om stiar som går innanfor sikringssona på 5 meter frå kulturminne når det er fare for slitasje som kan forringe kulturminnet.
- Tiltak for å hindre ny vardebygging som kan skade kulturminne.

2.1.4 Geologi – Grottene i Dumdalen

Grottene i Dumdalen er dei største som er kjende i Sør-Noreg. Dei utgjer relativt store elvegrotter, og store, tørrlagde trykkleidningar som inneheld erosjonsformer og sedimentavsetningar frå siste eller tidlegare istider. Det finst få kalksteingsgrotter i Sør-Noreg, og Dumdalsgrottene er eit døme på istidsgrotter som vi elles berre finn i Nord-Noreg. Dei er mykje nytta, og av stor verdi for ekskursjonar og grotteforskning. Det er også andre grotter/karstførekomstar i nærleiken, og desse er dei høgastliggjande i Skandinavia. Dei siste femten åra har Dumdalsgrottene opplevd stor slitasje frå menneskeleg bruk, særleg knytt til turisme. Det gjeld heile naturtypen men først og fremst dei større grottene. Det er spesielle forvaltingsmessige utfordringar knytt til grottene i Dumdalen i nasjonalparken, jf., kap. 3.2 i forvaltingsplan for verneområda i Breheimen.

Det er ein del guida turar og anna organisert ferdsel i grottene i Dumdalen. Ulike skular nyttar verneområda i si formidling der grottene er eit attraktivt turmål. I tillegg er det ein del som nyttar grottene på eiga hand. Det er registrert negative konsekvensar frå ferdsel i grottene, som slitasje, strukturendring etter skidding, tagging/ripping og sot frå bålrensing.

Grottene i Dumdalen ligg i nasjonalparken og det gjev desse førekomstane eit strengt vern. I verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark er grottene ein del av verneføremålet. Det gjer grottene til ein del av sjølve grunnlaget for vernet. I ein nasjonalpark skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturmiljø finne stad. Skal det skje, er det ein føresetnad at det det skjer for å ta vare på verneføremålet. Ferdsel til fots i samsvar med friluftsløva er tillate, men kan regulerast i bestemte området for å ta vare på verneverdiane, mellom anna geologiske førekomstar som

grottene i Dumdalen. I forvaltningsplanen for Breheimen er det vurdert at organisert turverksemd kan skade verneverdiane i desse grottene. Det vil seie at all organisert ferdsel til grottene må søkjast om og krev løyve frå nasjonalparkstyret.

Hausten 2022 vart det gjennomført ei kartlegging av Dumdalsgrottene der målet var å sjå på utviklinga i grottene etter at området vart verna som nasjonalpark i 2009. Oppdraget gjekk ut på å evaluere dagens tilstand av dei mest besøkte grottene, og å gje råd om vidare oppfølging. Oppdraget vart gjort av Speleoconsult AS v/ Stein-Erik Lauritzen og resulterte i ein rapport som skildrar situasjonen.

I rapporten kjem det fram at hovudinstrykket av Dumdalsgrottene sidan tidlegare synfaring er at søppel, restar av tau, stiar, etc. er fjerna. I tillegg er det ikkje lenger like lett å sjå tagging/riping på dei plassane det var mykje av dette tidlegare. Bakgrunnen for dette er at Statens naturoppsyn rydda grottene for denne type installasjonar i 2018 på oppdrag frå nasjonalparkstyret.


Når det gjeld slitasje og påverknad etter ferdsel i dei mest brukte grottene er det store variasjonar i funna i rapporten. Alt frå grotter som er tilnærma urørt, til grotter med stor og irreversibel slitasje i minst 50-100% av det tilgjengelege arealet i grotta. Nedanfor er det ei oversikt over slitasjegraden i dei enkelte grottene.

Grotte	Slitasjegrad	Kommentar
<i>Dummbua</i>	1A	<i>Lite besøkt, vanskelig å entre, de fleste går forbi.</i>
<i>Nedre Elvegrotte</i>	(2-3)B	<i>Brukes mye, gjennomgangsgrotte.</i>
<i>Tørrgrotta</i>	3C	<i>Gjennomgangsgrotte, brukes mest og er mest nedslitt.</i>
<i>Øvre Elvegrotte</i>	(2-3)B	<i>Brukes mye, gjennomgangsgrotte.</i>
<i>Jotunhallen</i>	2A	<i>Regenerert siden forrige inspeksjon.</i>
<i>Sveitserosten</i>	1A	<i>Lite brukt og i hovedsak oversett.</i>
<i>Spiralgrotta</i>	3C	<i>Mest slitt av alle grottene. På grunn av bløt og homogen kalkstein er slitasjen mer synlig enn i Tørrgrotta.</i>
<i>Dummhølet</i>	(1-2) B	<i>Noe slitasje, regenerering fra rennende vann og fukt.</i>

Figur 7: Tabellen ovanfor viser slitasjegraden i dei mest brukte grottene i Dumdalen. Tabell: Speleoconsult AS ved Stein-Erik Lauritzen

Forklaring: **Slitasjegrad 1:** Urørt. **Slitasjegrad 2:** Beskjedne merker etter ferdsel. **Slitasjegrad 3:** Stor og irreversibel slitasje.

Kor stor andel av det tilgjengelege arealet i grotta er påverka? (Uttrykt i %, eller med bokstavkode **A:** opp til ca. 10 % av tilgjengeleg areal i grotta. **B:** opp til ca. 50% av tilgjengeleg areal i grotta. **C:** 50- 100% av tilgjengeleg areal i grotta.



Figur 8: Bileta viser stor slitasje på strømskålene på golvet i Spiralgrotta.
Foto: Speleoconsult AS v/ Stein-Erik Lauritzen.



Figur 9: Informasjonstavle i Dumdalen som var sett opp hausten 2021. Plakaten inneheld ferdselsreglar og informasjon om søknadsplikt for organisert ferdsel. Foto: Stein Grevrusten

Grottene i Dumdalen er svært sårbare for skade og øydelegging, noko også rapporten frå Speleoconsult AS viser. Rapporten tek også for seg forslag til tiltak og overvaking i tida framover. Det vises i denne samanhengen til rapporten frå Speleoconsult AS og til side 72-73 i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen.

2.1.5 Kulturlandskapet

Kulturlandskapet er ein viktig verneverdi i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Fleire av landskapsvernområda fungerer som innfallsportar til nasjonalparken og har stor betydning for opplevinga av området. Aktiv landbruksdrift og skjøtsel av landskapsvernområda er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Oppfølging av dei ulike skjøtelsesplanane vil difor bli viktig i åra framover.

2.1.6 Vegetasjon- og terrengslitasje

Delar av det merka- og umerka stinettet i Breheimen ligg i område med slitesvak vegetasjon, særleg i blaute myrområde, stiar som kryssar/er lagt langs bekkar og elvar, og i område med bratt stigning og som difor er erosjonsutsette. Langs hovudstinettet i verneområda er det difor strekningar som har stor slitasje på vegetasjon i form av trakkskadar og stader er det erosjonsskader. Somme stader er trakkskadar frå beitedyr ei stor utfordring, medan andre stader har «spreidd» ferdsel ført til at det er etablert fleire stiar i eitt og same område.

Eitt av måla er å sikre store urørde leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Det er såleis eit mål at dei godkjende stiane i forvaltningsplanen skal vere godt vedlikehaldne og tilrettelagde, både gjennom god merking og ved hjelp av gode bruer der dette er naudsynt. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med både grunneigarar, grunneigarlag, sameige, felleseige, idrettslag, DNT og reiselivsnæringa. Merking som ikkje er i tråd med forvaltningsplanen blir fjerna.

Sidan verneområda i Breheimen vart oppretta har det vore gjennomført ei rekkje tiltak for å unngå skade på vegetasjon og terreng, og for å styre ferdsla utanom sårbare område. Dette gjeld mellom anna legging av gangbaner i Dumdalen, på Dulsete og ved Sota, steinlegging i innfallsport i Vigdalen, omlegging av sti og legging av stein i stien aust for Knivabakkgjerdet, muring av trapp og steinlegging i Smithburåket. Stien Mysubytta til Slæom er blaut fleire stader og det er lagt klopper enkelte stader.

Slitasje på grunn av beitedyr er ei utfordring etter delar av stien i hovuddalføret i Mørkridsdalen, dette gjeld særleg strekningen frå Hødnevollen – Dalen. Delar av strekningen har allereie vorte utbetra siste åra, og her må ein følgje med på utviklinga og vere budd på at det kan verte behov for ytterlegare tiltak. Her er slitasjeskadar frå beitedyra ei større utfordring enn slitasje frå menneskeleg ferdsle per i dag. Ved Heillstuguvassosen er det etablert nye stiar gjennom stor ferdsel i området.

Turstien frå Mørkrid (Jervane) til Osen – Åsete – Fast går forbi Drivandefossen. I området ved Drivandefossen finn ein den trua/sårbare naturtypen fossesprøytsone som har nasjonal verdi. I følgje naturbase har lokaliteten landets største førekomst av den raudlista arten fossegrimemose.

Denne arten veks innanfor ei sone på 100 - 150 meter på nordsida av fossen, kring 250-300 moh., både på steinar/berg og på bakken. Stien til Osen, Åsete og Fast går gjennom fosseenga. I dag ser ein ikkje at ferdsla i området er til skade for naturverdiane i dette området, men med auka ferdsel vil stien i større grad kunne bli utsett for slitasje sidan ein ferdist i eit område med høg tilførsel av fukt/fosserøyk.

Også fleire stiar som er mykje nytta av lokale turgåarar er utsett for erosjon. Døme på dette er stien frå parkeringsplassen i Fagredalen og til Holmevatnet, og delar av stien frå parkeringsplassen i Vanndalen som går i retning Myrhyrna. I Lundadalen på strekninga Heimaste Lunddalssetra til Ytste Lunddalssetra er det erosjon i Ærsbakkane og utskliding av masse i stien ved Ytste Reset. Også stien via Smithbue mot Lomseggen er sterkt utsett for erosjon i dei nedste partia. Stien Mysubytta – Sprongdalshytta har også fleire blaute parti.

Sjå også forvaltningsmål for friluftsliv i kapittel 2.4.1.


2.2 Reiselivet

Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde ligg omkransa av tre andre nasjonalparker; Jostedalbreen nasjonalpark, Jotunheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Det er eit aktivt reiseliv rundt heile parken. Reiselivet i Breheimen har sitt opphav heilt tilbake til fyrst på 1800-talet. Det var byfolk frå Christiania, engelskmenn og tyskarar som var det ein kan kalla dei fyrste turistane. Dei var opptekne av tindebestiging, villreinjakt og brevandring.

Nasjonalparker og verna naturområde er eit kvalitetsteikn. Både for norske og utanlandske reisande er natur og naturopplevingar av dei største attraksjonane. Nasjonalparker er eit internasjonalt kjent omgrep som reiselivet har nytta i marknadsføring i årtider. Reiselivet er viktig for mange lokalsamfunn gjennom sysselsetting og verdiskaping. Den tette koplinga mellom natur og reiseliv gjer at forvaltninga aktivt må vere involvert i reiselivsutviklinga knytta til verneområda, for å sikre gode opplevingar og verdiskaping som ikkje er med å forringe naturverdiane og verneformål.

Reiselivet kring verneområda i Breheimen er organisert frå dei einskilde føretaka, via regionale og fylkesvise destinasjonsselskap til Visit Norway. I tillegg er kommunar og fylkeskommunar viktige utviklingsaktørar og tilretteleggjarar. Gjennom ulike kanalar har særleg destinasjonsselskapa eit stort internasjonalt nedslagsfelt. Mykje av marknadskommunikasjonen i reiselivet er attraksjonar og opplevingar som er oppnåeleg for mange, og dette går ofte føre seg i randsona av verneområda.

I dag er det ei sterk satsing på reiseliv på alle kantar av Breheimen, men denne er fragmentert i geografisk delte reiselivsregionar i Indre Sogn, Gudbrandsdalen og Nordfjord/Sunnmøre. Dei store sentrale aktørane med tilknytning til Breheimen er Visit Sognefjord, Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv. Organa arbeider for å få til eit samordna reiseliv i sin region.



Figur 10: Reiselivsorganisasjonar og større aktørar som marknadsfører aktivitetar i Breheimen nasjonalpark.

Ein gjennomgang av dei tre reiselivsorganisasjonane i området viser kva slags medlemsbedrifter som tilbyr ulike aktivitetar i Breheimen i tabellen nedanfor. Mange andre av overnattingsbedriftene reklamerer også med tilbud om aktivitetar på sine heimesider, men dei fleste brukar tenester frå aktivitetsselskapa til dette.

Bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet		
Firma	Aktivitetar	Bruk av verneområdet
Medlem Visit Jotunheimen		
Aktiv i Lom AS	Brevandring, grotteturar, toppturar vinter og sommar i Jotunheimen.	Grotteturar i Dumdalen
Fyrst og Fremst	Brevandring, grotteturar, toppturar vinter og sommar i Jotunheimen.	Grotteturar i Dumdalen
Brimi Eventyr	Arrangerer ulike aktivitetar og matopplevingar.	Grotteturar i Dumdalen
Elveseter AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Fjelleventyret	Ski- og fotturar, fiske, kløving, jakt.	Guida jakt/fiske og kløving.
Krossbu Turisthytte	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Leirvassbu AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Naturopplevingar AS	Utleige av utstyr og guiding	Toppturar
Sognefjellshytta AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Medlem Nasjonalparkriket Reiseliv		
Grotli Høyfjellshotell	Overnatting og aktivitetar.	Toppturar og fiske
Skjåk Almenning	Utleige av hytter, jakt og fiske.	Utleige av hytter, jakt og fiske.
Dønness Camping	Overnatting og aktivitetar.	Nei
Sota Sæter	Overnatting og aktivitetar.	Toppturar på vinter og sommar, skiturar og fotturar og klatring.
Medlem Visit Sognefjord		
Jostedalen brevørarlag	Brevandring, bre- og klatrekurs, toppturar, sommar	Brevandring og kurs i Jostedalen
Icetroll	Kajakpadling på brevvatn, brevandring, sommar	Mest bruk utanfor/andsona til verneområda i Jostedalen
Norgesguidene	Toppturar, skred-, klatre- og brekurs, heile året.	Toppturar og kurs i Jostedalen, grotteturar i Dumdalen
Adventure Tours Norway	Vandring og fisketurar	Vandring i Mørkridsdalen
Jostedal hotell	Overnatting og formidling av aktivitetar, heile året.	Nei
Nes Gard	Overnatting og aktivitetar, vår, sommar og haust.	Vandring Vigdalen og Mørkridsdalen
Skjolden hotell	Overnatting og formidling av aktivitetar, vår, sommar og haust.	Nei

Figur 11: Ein gjennomgang av dei tre reiselivsorganisasjonane viser kva slags medlemsbedrifter som tilbyr ulike aktivitetar i Breheimen (lista er ikkje uttømmende og vil endre seg over tid).

Den største reiselivsaktøren i Breheimen, og som kanskje bidreg til mest trafikk i dei indre delane av verneområda, er Den Norske Turistforeningen. I Breheimen er alle DNT-hytter eigd og drifta av DNT Oslo og Omegn, til saman er det 10 hytter og eit omfangsrikt nett av merka stiar. Dette nettverket av stiar og hytter er populært for fjellturar over fleire dagar. DNT har også utvikla den mest brukte tur-portalen i Noreg, UT.no. Denne fortel om turar og hytter i heile Noreg. [Gjennom](#)

samarbeid mellom DNT og forvaltninga (og andre) har turane i verneområda fått egne rubrikkar som gjev informasjon om verneområda på UT.no. I tillegg er det mogleg å få inn spesielle Obs-varsel ved spesielle anledningar. DNT genererer kring 5000 overnattingsdøgn per år i Breheimen. Dei fleste av desse er i barmarksperioda.

Den norsk turistforening sine hytter kring Breheimen				
Hyttenamn	Driftansvarleg	Betjent/ubetent	Innanfor /utanfor verneområde	Kommune
Skridulaupbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Utanfor	Skjåk
Slæom	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Breheimen NP	Skjåk
Sota sæter	DNT - Oslo og Omegn	Betjent	Utanfor	Skjåk
Sprongdalshytta	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Breheimen NP	Luster
Arentzbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Breheimen NP	Luster
Fast	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Mørkridsdalen LVO	Luster
Vigdalsstøl	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Vigdalen LVO	Luster
Nørdstedsseter	DNT - Oslo og Omegn	Betjent	Utanfor	Luster
Medalsbu	DNT - Oslo og Omegn	Nødbu	Breheimen NP	Luster
Stølsdalen	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Utanfor	Luster
Trulsbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvbetjent	Breheimen NP	Skjåk

Figur 12: Oversikt over DNT sine hytter i Breheimen.

Skjåk Almenning er ein annan aktør med tilknytning til Breheimen. Skjåk Almenning er landets største private grunneigar og eig det meste av arealet i Skjåk kommune sin del av Breheimen nasjonalpark, Mysubytta landskapsvernområde og Strynefjellet landskapsvernområde. Dei driv med utleige av hytter og formidlar ulike jakt- og fisketilbod i verneområda i Breheimen. Skjåk Almenning sin hytteutleige genererer 200 - 250 overnattingsdøgn per år i Breheimen. Dei fleste av desse er fotturistar, jegerar og fiskarar i barmarksperioda.

Skjåk Almenning sine utleiehytter kring Breheimen			
Hyttenamn	Driftansvarleg	Innanfor /utanfor verneområde	Kommune
Glitterbue	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Grønstorrbu	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Liabu	Skjåk Almenning	Utanfor	Skjåk
Raudalsbu	Skjåk Almenning	Utanfor	Skjåk
Sauhytta	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Sottjønnbu	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk

Figur 13: Oversikt over Skjåk Almenning sine utleiehytter i Breheimen.

Breheimen blir i mindre grad nytta til marknadsføring slik som nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalbreen som er meir innarbeidd i reiselivet, og framstår som meir attraktive område

overfor kundegruppene. Samstundes vert delar av området marknadsført gjennom destinasjonsselskapa. Reiselivet sitt fokus på kjende attraksjonar og spektakulære opplevingar gjer at Breheimen i liten grad har vore nytta i tung marknadsføring i mangel på trekkplaster som brevandring eller tilsvarande attraksjonar som Besseggen eller Preikestolen. Det tradisjonelle friluftslivet er dominerande og den kommersielle aktiviteten er liten.

Bruken av Breheimenområdet er i endring. Det er ei sterk sesongsatsing på Sognefjellet sør for nasjonalparken, og aksen Lom – Geiranger nord for verneområdet er av dei mest populære reiserutene som inngår i kundereisene. Både desse turistvegane er opne berre 6 månader i året frå mai - oktober, men i denne perioden er det stor trafikk. I seinare tid er det også diskutert om det er mogleg å opne Sognefjellet tidlegare om våren.

Heilstuguvassosen og Mørkridsdalen er dei mest brukte innfallsportane i Breheimen, og rett etter følgjer stien til Smithbua frå Lom sentrum, saman med Sota. Heilstuguvassosen ligg ved Gamle Strynefjellsvegen som er Nasjonal Turistveg, og i Mørkridsdalen kan ein oppleve levande kulturlandskap og flotte fossestryk ikkje langt frå vegen. Vi kan vente oss at etterspurnaden etter bruk av verneområda vil auke. Med auka trafikk får vi meir press på naturverdiane i nasjonalparken og områda rundt. Det er viktig å vera førebudd på denne utviklinga. Ein må vera førebudd på at behovet for auka ressursar i forvaltninga vil auke i samband med meir intensiv bruk av områda.

Kring verneområda i Breheimen er nokre av dei mest trafikkerte og populære turistvegane, med mange overnattingsstader og aktivitetsverksemdar som ligg i nærleiken. Derimot er mykje av merksemda til reiselivsverksemdene retta mot andre besøksmål, som nasjonalparkane Jostedalbreen og Jotunheimen. Dei fleste aktivitetsbedrifter har hovudaktiviteten andre stadar enn Breheimen, sjølv om verneområda i Breheimen blir nytta i noko grad.

Det er fleire attraksjonar som tiltrekk besøkande til Breheimen. Den norske turistforeininga har eit veletablert og godt utbygd sti- og hyttenett som fjellvandrarar set pris på. Det er gode høve til fleirdagars høg fjellsturar blant tindar og brear, der ein får kjensle av å vere aleine. Mørkridsdalen med sitt frodige natur- og kulturlandskap har også fått auka merksemd og besøk i seinare år, og er ein av dei mest besøkte stadane i verneområda.

Jakt og fiske er aktivitetar som er veletablert i Breheimen. Det er mange gode fiskevatn og -elvar som er populære turmål.

Også verneområda i Breheimen opplev i noko grad at det kjem nye aktivitetar som kan vere utfordrande i forhold til vernet. Dette gjeld kanskje i særleg grad toppturaktiviteten. Den mest brukte tida til denne aktiviteten er våren, som samsvarar med kalvingstida til villreinen og hekketida til fuglar. Førebels er det ikkje rapportert om større uroingar i samband med toppturar, men ein følger nøye med i tida framover.

Ein annan trend som kan skape utfordringar er Facebook- og Instagramvenlege turmål som kan dukke opp. Slike SoMe-turmål kan vere utfordrande for forvaltninga og anna infrastruktur å halde følge med, jamfør Trolltunga og Besseggen.

Verneområda i Breheimen blir også påverka av klimaendringar. Breane smeltar og trekk seg tilbake og skoggrensa er på veg oppover på grunn av varmare klima. Auka nedbør har i seinare år gitt mange større flaumar, og forvaltninga har brukt mykje både tidsressursar og midlar for å

sikre infrastrukturen for både landbruks- og reiselivsinteresser. Dette vil også i åra som kjem vere ei utfordring.

2.3 Den besøkande

Sommaren 2016 vart det gjennomført ei brukarundersøking ved hjelp av 12 svarkassar plassert ut ved dei viktigaste innfallsportane til verneområda i Breheimen. 2836 svarskjema var fylt ut, samt 364 skjema i ei nettbasert etterundersøking. Resultat frå undersøkinga er med på å danne eit bilete på kven det er som besøker Breheimen og kvifor.

Lokalitet	Svarkasse	Tal respondentar (N=2836)	Teljar
1. <u>Heillstuguvasosen</u>	X	499	X
2. <u>Sota</u>	X	355	
3. <u>Mysubytta</u>	X	214	
4. <u>Smithburåket</u>	X	359	
5. <u>Dumøyen</u>	X	217	X
6. <u>Vasenden</u>	X	78	
7. <u>Vanndalen</u>	X	147	
8. <u>Vigdalen</u>	X	156	
9. <u>Hødnevollen/Mørkridsdalen</u>	X	482	X
10. <u>Nørdstedalsseter</u>	X	52	
11. <u>DNT-hytta på Nørdstedalsseter</u>	X	72	
12. <u>Eggjalia</u>	X	205	


Figur 14: Oversikt over kvar svarkassene i spørjeundersøkinga stod.

Breheimen er populær for brukarar som ønskjer å oppleve villmark, dramatiske landskap og fred og ro. Dei store urørde områda gjev ei unik moglegheit til å gå lange turar med liten grad av forstyrning. I undersøkinga svarar 84% at Breheimen samsvarar med brukaren sitt idealområde, og 80% er godt nøgd med forvaltning og tilrettelegging.

Brukarundersøkinga syner at det store fleirtalet av dei besøkande er tilreisande, 76 %, og berre 11 % bur i ein av dei tre kommunane Lom, Skjåk og Luster. Nokon fleire, 17 %, eig eller har fritidsbustad nær Breheimen, men dei er også dels blant dei som bur i området.


Nasjonsfordelinga viser at nordmenn er i fleirtal, men med så mykje som 42% utlendingar. I alt var 34 nasjonalitetar registrert i Breheimen i tillegg til Norge. Det er tyskarane som er den klart største gruppa utlendingar. Dei fem største nasjonane er Tyskland (37%), Nederland (14%), Belgia (12%), Sverige (7%) og Danmark (5%).

Det er naturopplevinga, ønskje om å oppleve villmark og dramatiske landskap som er hovudgrunnane for å besøke Breheimen. Svært viktig er også det å kjenne seg fri, å oppleve fred og ro og det å kunna gå langtur. Dei aller fleste fylgjer stiane, og det er også tydeleg at godt merka stiar og tydeleg skilting er verdsett.



Figur 15: Grunnar for å besøke Breheimen.

Fottur er den klart mest dominerande aktiviteten. Det er også kartlagt vinteraktivitetar, og skiturar utanfor oppkøyde eller kvista (vintermerka) løyper er mest utbreidd. Når det gjeld tidlegare friluftslivserfaring er det registrert at det er flest med veldig lite erfaring eller veldig mykje erfaring. Dette kan nok samanheng med at Breheimen både kan vere populært turområde for kortturar og for lange fleirdagarsturar.



Figur 16: Friluftslivsinteresser.

Det er tydeleg at besøk i Breheimen også utløyser overnatting innafor eller i nærområdet til Breheimen, og turisthytte er hyppigast nemnt som overnattingsstad. Telt blir nesten like mykje brukt som hotell/pensjonat.

Nærpå alle er positive til at Breheimen er verna som nasjonalpark, og om lag ¼ oppgjev vernestatusen som viktig for at dei tok turen til Breheimen. Knappt halvparten seier at besøket til Breheimen var hovudgrunnen til den turen dei var på, og 2 av 3 hadde bestemt seg for besøket minst ein måned før dei reiste heimanfrå. Dei aller fleste var også godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i området. Likevel er dei fleste positive til å bygge bruer/klopper over enkelte elvar/bekkar, og det å bruke gangbanar i over våte myrar. Ein syns også det er fornuftig å legge om stiar, dersom det trengs for å verne om sårbar natur.



Figur 17: Tilfredsheit med tilrettelegging for friluftsliv.

Besøksundersøkinga tilseier at det meste av bruken er knytt til tydelege stiar. Den tydelege stien føretrekk folk fordi den er enklare å gå, meir komfortabel og kjennest tryggare. Dette gjer at stien kan vere det viktigaste verkemiddelet for forvaltninga til å styre bruken til stader eller bort frå stader utan bruk av tvang. Å endre stiar vil vere effektivt tiltak særskilt mot nye brukarar av området, medan godt kjende brukarar er vanskelegare å styre. Om ein skal endre bruksmønsteret til røynde brukarar av eit område krev det godt informasjonsopplegg der dei forstår og er samd i intensjonen, jamfør Dumdalsgrottene.

Det er internett som er den føretrekte informasjonskanalen for dei besøkande, med informasjonstavler ved innfallsportane eit godt stykke bak på ein andre plass. Dei besøkande ønskjer god tilgjengeleg informasjon når dei planlegg turen til området. Den mest etterspurde informasjonen brukarane ønska er turforslag, attraksjonar og generell informasjon som er eigna å formidle gjennom internett. Undersøkinga seier vidare at skal ein påverke måten den besøkande bør oppføre seg lokalt av omsyn verneverdiar og sårbarheit, er mest sannsynleg enkle, informative og spesiallaga tavler ved innfallsportane det mest effektive. Også informasjonsstenera og brosjyrar er attraktive informasjonskanalar.

Av dei som kjenner området frå før så er det auken i talet brukarar som dei fleste markerer som den tydelegaste endringa over tid. Dei seier likevel at det er lett å finne stader der ein kan vere for seg sjølv, og dei fleste syns ikkje det er for mykje folk der i høgsesongen.

2.4 Anna relevant kunnskap

2.4.1 Friluftsliv

Breheimen er eit viktig område for utøving av friluftsliv. Særleg randområda i Breheimen merkar seg ut som særleg viktige for friluftslivet. Det er kort veg frå dei frodige stølsgrendene til vilt høgfjell, og denne variasjonen gjev mange turmoglegheiter for ein kvar smak. Det naturvenlege og lite ressurskrevjande friluftslivet dominerer, med fotturar om sommaren, og skiturar på seinvinteren og våren. Dei fleste aktivitetane er uorganiserte, men det finst også tilbod om guida turar. Det er per i dag ingen faste friluftssarrangement i verneområda, korkje vinter eller sommar. Dei siste åra har toppturar med bruk av randonee-utstyr vorte meir populært.

I Breheimen er det eit nett av stiar og løyper (sjå figur 18). Det er gode bilveggar rundt, og inn mot Breheimen. Dette gjer det lett å kome langt inn i området, sjølv på dagsturar. Det er òg gode moglegheiter for lengre turar med overnatting i telt, utleigehytter eller på turisthyttene.

Forvaltingsmål friluftsliv og ferdsel

Vernet skal sikre eit naturvenleg og enkelt friluftsliv i området, med lite teknisk tilrettelegging. Av verneverdiane er det særleg omsynet til villreinen og anna sårbart dyre- og planteliv, samt omsynet til geologiske førekomstar, karst og grotter som skal vektleggjast i høve til friluftsliv.


Omsynsfull ferdsle skal vere eit mål for friluftslivet i verneområda. Det skal både vere område som er tilrettelagde med T-merkte stiar, og område der ein må finne vegen heilt på eiga hand.

Det er både eit mål og ei utfordring å syte for god informasjon om naturen og kulturverdiane til dei som ferdast i verneområda.

Det er eit mål i minst mogleg grad å gripe inn i ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmark. Forbod mot ferdsel o.l. er både konfliktylt og vanskeleg å handheve, og svært lite ønskeleg.

Det er eit mål å sikre store urørde leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Løypenettet i området er allereie tett i høve til villreinen sine behov. Når det gjeld forvaltingsmål knytte til friluftsliv, er det viktig at dei vert sett i lys av at det er eit mål å få villreinen tilbake i sørlege og vestlege delar av Breheimen, dvs. Luster.

Generelt skal den tilrettelegginga som vert gjort, gjere områda lettare tilgjengeleg for ålmenta innanfor ramma av verneforskrifta. Målet er at all tilrettelegging skal vere naturvennleg slik at det vert minst mogleg belastning på naturmiljøet, medfører minst mogleg inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet, og at kvaliteten på naturopplevinga vert ivareteken. I dette ligg òg at ein må vurdere om fysisk tilrettelegging er naudsynt og ønskjeleg i eit område. All tilrettelegging skal tilpassast naturmiljøet og kulturlandskapet, slik at det ikkje verkar skjemma.



Figur 18: Kart over dei merka og umerka stiane i Luster, Skjåk og Lom (vedlegg 11 i forvaltningsplanen).

2.4.2 Jakt, fangst og fiske

Det blir jakta på hjort, villrein, elg, li- og fjellrype og noko rådyr og hare i verneområda. Jakt på hjort går føre seg både i Luster, Skjåk og Lom. I Lom og i Skjåk vert det også jakta elg. Reinsjakta skjer over skoggrensa i delar av verneområda. Omfanget varierer med svingingar i villreinbestanden og kvar dyra står under jakta.

Forvaltingsmål jakt, fangst og fiske

Det er eit sentralt mål for forvaltinga av Breheimen at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneføremålet. Desse aktivitetane høyrer til det enkle friluftslivet som er ein del av verneføremålet, og har stor tyding, særleg lokalt. Jakt og fiske utgjer dessutan eit bidrag til å regulere bestandane.

2.4.3 Tilrettelegging

I forvaltningsplanen står det at tilrettelegging vert gjort mellom anna for å gjere områda lettare tilgjengeleg for ålmenta, for å få fram husdyr med tanke på verneføremåla og for å kanalisere ferdsla. I samband med tilrettelegging for friluftsliv er det viktig å tenke god tilrettelegging for dei fleste brukargrupper.

Tilrettelegging kan vere fysiske tiltak som stiar og løyper og merking av slike, løypepreparering, rasteplassar, bålplassar, utsiktsstader, badeplassar med meir. Tilrettelegging kan òg vere informasjon ute med tavler, skilting, trykt informasjon som brosjyrar, handbøker, kart og det kan vere elektronisk informasjon tilgjengeleg på internett/ mobiltelefon. Lista er ikkje uttømmende.

2.4.4 Informasjon

Breheimen nasjonalparkstyre har det overordna ansvaret for å utarbeide og formidle informasjon om verneområda. Det er viktig med god informasjon til brukarane av verneområda.

2.4.4.1 Informasjon som verktøy for målstyrt forvaltning


Som ein del av Bruk-Vern prosjektet hos Fylkesmannen i Oppland i perioden 2009-2011 vart det utført fleire observasjonsstudiar for å sjå på korleis informasjonstavlene ved innfallsportane til nasjonalparkane vart brukt. Observasjonane vart gjort i samband med informasjonspunkt ved innfallsportar til Rondane nasjonalpark men er også relevante for Breheimen og andre verneområde. I oppsummeringa frå dette prosjektet heiter det mellom anna at:

«Andelen som stopper ved skiltene på infopunktene ser ut til å vere ganske stabil; mellom 25 og 30 % av de som passerer/oppholder seg ved infopunktet. Plasseringen av skiltene ser ut til å ha stor påvirkning på hvor mange som stopper. På Spranget stoppet det 8 ganger så mange ved det skiltet som hadde gunstigst plassering (på utsida av infopunktet) som ved det skiltet som var plassert lengst unna (skiltet for «Fosseråket»). Sammenligner en Spranget og Grimsdalen ser det ut til at mange skilt på samme sted virker negativt på hvor lenge folk stopper. I Grimsdalen så 16 av 20 på alle tre skiltene på infopunktet. På Spranget, med 6 skilt, leste tre fjerdedeler bare ett eller to skilt. Tida brukt på infopunktet totalt var også lengre i Grimsdalen; 160 sekunder mot 100 sekunder på Spranget. Av plakatene «på innsida» av

infopunktet på Spranget ble relieffet over fjelltoppene og kartet over nasjonalparken klart foretrukket framfor plakatene med mye tekst. Kartet/relieffet er en type informasjon som folk kan relatere direkte til sin tur/opplevelse der og da, og oppleves derfor sannsynligvis som mer interessant/relevant enn innholdet på de to andre plakatene. Folk bruker kort tid på infopunktene. Tida brukt på den enkelte plakat var i snitt ett minutt, både på Spranget og i Grimsdalen. Unntaket var plakatene på Spranget for Sel kommune og nasjonalparkplakaten med verneverdier og –bestemmelser, som folk bare brukte 20-30 sekunder på». (Vorkinn, Marit. 2011. *Informasjon som verktøy for målstyrt forvaltning*. Fylkesmannen i Oppland).

2.4.4.2 Informasjonspunkt

I dag er det 14 informasjonspunkt rundt Breheimen. Figur 19 viser kvar desse informasjonspunkta er. Det er «gamle» informasjonspunktar som informerer om verneområdet på alle punkta. På desse plakatane er det mykje tekst, men i den nye malen er det lagt opp til at omfanget av tekst skal minimaliserast.



Figur 19: Kartet viser oversikt over informasjonspunkt og besøkssenter rundt Breheimen nasjonalpark.

Tilstanden på stativa som plakatane er festa på er av varierende kvalitet. Ein god del av desse stativa er modne for å bli skifta ut. Plakatane på alle informasjonspunkta må skiftast ut med nye plakatar som er i tråd med den nye merkevara for verneområda.



Figur 20: Eksempel på informasjonstavler i ulik utføring. Foto: Stein Grevrusten

I figur 21 er det ein oversikt over alle informasjonspunkt og dagens status. I tillegg er det sett inn forslag til plassering av nye informasjonspunkt. Dei nye punkta er teke inn fordi det er plassar der det er naturleg å informere om verneområda. Dei fleste av dei nye informasjonspunkta er ikkje avklart med grunneigar og kommune. Denne prosessen blir starta når besøksstrategien er godkjent. Det bør prioriterast å skifte ut dei punkta som er mest slitt og der det er mest trafikk inn i verneområdet.

Nr	Namn	Eksisterande/nytt punkt	Behov ny informasjon?	Behov nytt stativ?	Prioritet	Eventuell kommentar
1	Strynefjellet vest	Nytt	Ja	Ja	1	
2	Strynefjellet øst	Nytt	Ja	Ja	1	
3	Grotli	Nytt	Ja	Nei	1	På tavle hos Statens vegvesen
4	Billingen	Nytt	Ja	Nei	1	Saman med Reinheimen NP
5	Raudalen	Nytt	Ja	Ja	3	
6	Sota	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
7	Dønfoss	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
8	Tundradalen	Nytt	Ja	Ja	3	
9	Bismo	Nytt	Ja	Ja	23	I sentrum.
10	Lundadalen	Eksisterande	Ja	Nei	2	
11	Lomseggen/Lom sentrum	Nytt?	Ja	Ja	1	
12	Jotunheimen fjellstue	Nytt	Ja	Ja	23	
13	Vassenden	Eksisterande	Ja	Nei	2	

14	Dumdalen	Nytt	Ja	Ja	1	Blir sett opp i 2021.
15	Krossbu	Nytt	Ja	Ja	23	Ev. saman med Jotunheimen NP?
16	Sognefjellshytta	Nytt	Ja	Ja	23	Ev. saman med Jotunheimen NP?
17	Nørdstedalseter	Eksisterande	Ja	Ja	1	
18	Skjolden sentrum	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
19	Mørkridd	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
20	Hødnevollen	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
21	Dalsdalen	Eksisterande	Nei	Nei	3	Fjerne informasjonspunkt?
22	Gaupne	Nytt	Ja	Ja	23	I sentrum saman med Jostedalsbreen og Jotunheimen
23	Vigdalen	Eksisterande	Ja	Ja	1	
24	Myri	Nytt	Ja	Ja	2	Populært vinterstartpunkt
25	Vannalsvatnet	Eksisterande	Ja	Ja	1	
26	Gjerde	Nytt	Ja	Ja	2	I sentrum.
27	Fagredalen	Eksisterande/øydelagt	Ja	Ja	1	Tidlegare tavle øydelagt
28	Viva	Eksisterande	Ja	Ja	21	
29	Styggevatnet	Eksisterande	Ja	Ja	1	Saman med Jostedalsbreen

Figur 21: Oversikt over status på alle eksisterande informasjonspunkt og forslag til nye informasjonspunkt rundt Breheimen nasjonalpark.

2.4.4.3 Innfallsportar

Innfallsportane er eit av dei viktigaste treffpunkta der forvaltninga kan formidle viktig informasjon til dei besøkande, anten dei berre er på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Undersøkingar viser at berre eit avgrensa tall som besøker innfallsportane har tid, interesse eller høve til å gå inn i parken for å utøve tradisjonelt norsk friluftsliv. Dei fleste nøyer seg med å sjå inn i området eller rusle ein kort tur i nærområdet. Å legge til rette for gode opplevingar ved ein innfallsport er difor viktig både for den besøkande, for forvaltninga og for lokalsamfunna rundt verneområda. Eit besøk til ein innfallsport skal gje ei totaloppleving av å vera velkomen, gje påfyll av kunnskap og historier, samt ein smak av nasjonalparken.

Begrepet innfallsport blir brukt om summen av utandørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkande fram til ei oppleving av heile eller delar av verneområdet. Ein innfallsport kan innehalde eitt eller fleire tilretteleggingstiltak i regi av forvaltningsmyndigheita. Gode innfallsportar styrkar vernet, fremjar friluftsliv og kan vera haldningsskapande. Dei kan også styre ferdsel vekk frå sårbare område og gje den besøkande naturoppleving og naturglede.

I brukarundersøkinga frå 2016 vart det plukka ut 12 av dei viktigaste innfallsportane til Breheimen nasjonalpark. I tillegg til desse er det fleire mindre innfallsportar som leder folk inn i verneområdet. Det føreligg ikkje ferdselsteljingar på alle desse innfallsportane men ein veit stort sett av erfaring kven som er mest nytta av turistar og fastbuande. Innfallsportane til Breheimen er i stor grad samanfallande med kartet over informasjonspunkta i pkt. 2.4.5.2.

2.4.4.4 Nettside

I dag har ikkje Breheimen ei eiga nettside som er retta mot dei besøkande. Det er i stor grad andre aktørar som informerer om Breheimen utan at forvaltninga har kontroll på kva som blir formidla. I kjølvatnet av besøksstrategien blir det difor etablert ei besøksretta side som blir publisert under portalen <https://www.norgesnasjonalparker.no/> Sjå punkt 4.5.2. i kommunikasjonsplanen for meir informasjon.

Nasjonalparkstyret har derimot ei eiga nettside som er vinkla meir mot forvaltninga av verneområda: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen>

2.4.4.5 Informasjonssentera

Det er ~~tre~~-senter som er autoriserte besøkscenter for Breheimen nasjonalpark.

- **Norsk Fjellsenter** ligg i nasjonalparklandsbyen Lom og er autorisert besøkscenter for Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen nasjonalparker.
- **Breheimsenteret** ligg i Jostedalen i Luster og er autorisert besøkscenter for Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparker.
- [Fortunsdalen ligg i Fortun i Luster og er autorisert besøkscenter for Jotunheimen og Breheimen nasjonalparker.](#)

Besøkscenter nasjonalpark formidlar informasjon om nasjonalparker og andre verna områder nasjonalt og internasjonalt. Sentera skal stimulere til bruk av naturen og nasjonalparkane, og til friluftsliv generelt. Sentera i Lom og Jostedalen har omfattande informasjon og utstillingar om Breheimen nasjonalpark. [Det nye senteret i Fortun vil legge vekt på samarbeid med desse sentera for å utvikle informasjon og utstillingar som samsvara med det som allereie er etablert. Me vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei to besøkscentera rundt nasjonalparken, samt etablere godt samarbeid med nytt besøkscenter i Fortun.](#)

formaterte: Skrift: (Standard) Arial, Ikke Utheving

formaterte: Skrift: (Standard) Arial, Norsk (nynorsk)

2.4.5 Klimaendringar i Breheimen

Norsk Klimaservicesenter har nedskalerte klimamodellar frå IPCCs femte hovudrapport frå 2013 (AR5) fram mot slutten av dette århundre til fylkesvise samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100. Figur 22 og 23 er framskrivingar for høvesvis Oppland og Sogn og Fjordane. Hendingar relatert til klimaendringar skjer allereie i dag og vil auke i omfang etterkvart som temperaturen stig dei neste tiåra. Særleg er det venta at naturfarar knytt til ekstrem nedbør, regnflaum, og jord-, flaum- og sørpeskred vil auke i tida framover.



Figur 22: Oppland: Samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleiken (Norsk Klimaservicesenter).



Figur 23: Sogn og Fjordane: Samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleiken (Norsk Klimaservicesenter).

Utgangspunkt for klimamodellane vidare er middels utslipp (RCP4.5), der verda får til mange imponerande utslippskutt i mange bransjar, men ikkje til alt. Med dette som utgangspunkt vil temperaturane i kommunane som utgjør verneområda i Breheimen stige med mellom 2,1 og 2,4 grader. Auka temperatur vil føre til auka nedbør, mellom 6 og 10 prosent.

Vern av natur er i seg sjølv eit viktig tiltak for å dempe effektane av klimaendringane. Verdsbanken seier at vern av eksisterande natur med klimaregulerande funksjonar er det viktigaste tiltaket for å sikre naturbaserte løysingar. Robust og variert natur er mindre sårbar for endringar og kan bidra til at samfunnet lettare tilpassar seg eit endra klima.

2.4.5.1 Klimaendringar påverkar verneføremål

Klimaet er i endring, og desse endringane vil påverke verneverdiane i Breheimen. 87 av dei truga artane på Norsk raudliste er truga som følgje av klimaendringar, der mange av dei er knytt til kjøleg fjellklima som kjenneteiknar verneområda i Breheimen.

For tryggleik og sikre tilkomst til verneområda for folk og beitedyr vil det særskilt vere utfordrande med ekstremnedbør og overvatn. Regnflaumar i bekkar og mindre elver, og våte skred vil auke som følgje av dette. Dette vil truge infrastrukturen med stiar og bruer. Endringar i klima vil også føre til raskare gjengroing av stiar og kulturlandskap, samstundes som materiale brytast raskare ned. Dette kan vere uheldig for kulturminna. Alle desse faktorane gjer at ein rekne med større kostnader til vedlikehald av stiar, bruer, kulturminne og kulturlandskap i framtida.

Lengre vekstsesong i eit varmare klima fører til at skoggrensa vil trekke seg oppover. Dette inneber at høgfjellsøkosystemet som omfattar store delar av verneområda i Breheimen, og som er eitt av verneføremåla, minkar. Flora og fauna som er tilpassa livet på høgfjellet vil bli utkonkurrert av skogartar, og får mindre leveområder.

Temperaturstiginga vil påverke breane også i Breheimen. Sjølv ein auke i vinternedbør ser ikkje ut til å kompensere for lengre smeltesesong, og det er venta at to tredjedelar av ismassane i Noreg vil vere vekke om 70-100 år. Mest utsett er snøfenner og dei mindre breane, som det er mange av i verneområda i Breheimen. Breane er eit viktig landskapselement for høgfjellet i Breheimen, som påverkar vegetasjon og landskap, leveområdene for villrein og vassdragsnaturen.

Villreinstamma i Reinheimen-Breheimen nyt godt av dagens snøfenner og brear i høgfjellet om sommaren når insekta blir plagsame og dei treng avkjøling. Villrein er godt tilpassa livet i høgfjellet og floraen der. Når skoggrensa stig høgare opp i fjellet vil leveområda bli mindre. Villrein kan godt ete skot og blader i skogen om sommaren, men om vinteren er det laven på høgfjellet den er avhengig av. Det er lettare å fordøye laven for villrein og den brukar mindre energi på å grave fram mat på vindutsette høgfjellsområder enn i skogen.

2.4.5.2 Klimatilpassing i Breheimen

Klimaendringane vil utfordre mange av verneføremåla for verneområda i Breheimen. Fleire av utfordringane er vanskeleg å påverke i stor grad med lokal forvalting. Vi vil få høgare temperatur og meir nedbør i åra som kjem, noko som kjem til å påverke naturen i verneområda. Det er likevel fleire områder forvaltinga kan gjere tiltak for å ta vare på verneverdiane og tilpasse seg eit endra klima.

Infrastruktur: Stiar og bruar må så langt som råd dimensjonast for eit våtare klima. Bekker og elver kan gjere stor skade på etablerte installasjonar. Ved ekstremnedbør kan det oppstå situasjonar på nye stader enn ein er van med. Mykje av endringane i infrastruktur vil skje i kjølvatnet av skadehendingar i form av til dømes flaum. Det må vurderast om det skal byggast oppatt, om det skal skje ei omlegging av sti eller flytte ei bru til ein meir eigna stad, om tilrettelegginga må dimensjonast opp for å tole framtidens naturhendingar. Særskilt langs elver og bekkar må det vurderast og planleggast for eit våtare klima.

Skjøtsel: For å ta vare på kulturlandskapet må det vere aktiv skjøtsel. Dette gjeld både gjennom å ha beitedyr i områda og manuell skjøtsel av dei kulturtinga naturtypene som finst i verneområda i Breheimen. Nokre stader kan det vere aktuelt å styre beiting aktivt gjennom samarbeid med beitebrukarar. Tiltak der det er beitedyr vil ha størst og lengst effekt.

Villreinen: Det er viktig å ta vare på leveområda til villreinen. Om skoggrensa stig høgare, vil beiteområda bli mindre. Då kan tidlegare lite nytta områder bli viktige. Forvaltninga må difor handsame saker med utgangspunkt at villreinen kan endre både beiteområder og kalvingsområder i framtida. Om leveområda til villreinen i framtida minkar, vil det vere viktig å minimere stress og uroing gjennom mykje ferdsel og motorferdsel i aktuelle områder.

2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen

I Breheimen nasjonalpark og tilliggjande verneområde er det eit godt kunnskapsgrunnlag både når det gjeld verneverdiane og brukarane av nasjonalparken. Mellom anna har brukarundersøkinga gjeve ny kunnskap om kven brukarane er og kva for inntrykk dei har av Breheimen i dag. Det totale kunnskapsgrunnlaget gjev godt grunnlag for å styre bruken av nasjonalparken til det beste for verneverdiane og at ein samstundes kan gje dei besøkande ei god oppleving.

Sikring av verneverdiar krev ein tankegang som strekkjer seg minst 200 år fram i tid. Ein må difor ikkje stille seg i ein slik situasjon at grunnlaget for verneverdiane på sikt blir forringa. Forvaltninga av området skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane og ikkje omvendt.

Villreinenens leveområde

Villreinenens leveområde er eit av dei viktigaste formåla med vernet av Breheimen nasjonalpark. Villrein er ein art som er sårbar for ferdsel. Den har også krav til store beiteareal sumar og vinter, uforstyrta kalvingsområde, frie trekkveggar og tilgang på «reserveområder». Det er difor viktig å ikkje gjere endringar på strukturen som er i dag med tanke på folks ferdselsmønster og ferdselsintensitet. I denne samanhengen er det også viktig å merkje seg at mange av dei dalføra som leidar inn i Breheimen også har ulike lokalitetar for rovfugl som er sårbare for auka ferdsel.

I kunnskapsgrunnlaget blir området mellom Grotli – Breiddalen og Strynefjellet – Tystigen trekt fram som eit av dei områda med stor trafikk i store delar av året. Bakgrunnen for dette er at området har kring 300 hytter, ein stor reiselivsbedrift og nasjonal turistveg Gamle Strynefjellsveg. Området er kalvingsområde for villreinen og blir også brukt som beiteområde sumar og vinter. Det

blir også vist til dei andre fokusområda som er omtala i kapittel 2.1.1. samt kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein og regional plan.

Om ein samanliknar Breheimen med andre nasjonalparkar som har villrein, er oppfatninga at det generelt sett er lite trafikk i Breheimen. Likevel er potensialet for auka besøk i Breheimen stort, mellom anna fordi det er fleire store «turistmotorar» tett på, eksempelvis Jotunheimen og Jostedalssbreen. I mange sine auge er Breheimen «uoppdaga» og meir fokus på Breheimen som turmål kan fort endre dette, mellom anna med dagens tilgang til ulike digitale plattformer.

Endringar i friluftslivet kan også føre til konflikhtar mellom brukargrupper og villreininteressene. I ein del område ser ein at det tradisjonelle friluftslivet er på retur, og at «nye» typar aktivitet som eksempelvis toppturar på ski, kiting, sykling, bruk av hundespenn m.m. er vorte meir populært. For dei aktørane som skal forvalte utmarka framover er det ei utfordring å vera i framkant av utviklinga. Endringane i desse trendane kjem raskt og blir fort populære. Forvaltninga har ofte ikkje eit regel- eller lovverk som er tilpassa slik endringar og blir derfor «bakpå» i ein del situasjonar. Da er det viktig at aktørar som rettighetshavar, villreinnemnd og -utval, kommune og nasjonalparkforvaltninga kan samarbeide om informasjonsspreiing for å prøve å styre ferdsel og aktivitetar som er uheldig for villreinen. Noko liknande vart gjort i Hurrungane for ein del år tilbake da beiteforholda for villreinen var vanskeleg for villreinen. Når dei aktørane som dreiv med skiaktivitetar i dette området fekk god informasjon om kvifor dei ikkje burde drive der, vart all aktivitet avslutta og dei tok i bruk andre område dei ikkje var til hinder for villreinen.

Det er eit mål å skjerme dei mest sårbare delane av villreinen sitt leveområde. I desse områda må alle tiltak og sti- og løypenett vurderast fortløpande med tanke på korleis det kan påverke villreinen. Eksempelvis kan det vere nødvendig å fjerne stiar eller løyper dersom det viser seg at desse er til hinder for villreinenens bruk av området. Dei besøkande må i størst mogleg grad ledast til område som toler meir bruk.

Ferdsel

Kunnskapsgrunnlaget viser at dagens brukarar av Breheimen er ute etter naturopplevingar og dei vil oppleve villmark og spektakulært landskap. Svært viktig er også det å kjenne seg fri, å oppleve fred og ro, og det å kunna gå på langtur. Dei aller fleste følgjer stiane og ein stor del nyttar telt til overnatting. Av dei besøkande som svara på spørjeundersøkinga er det heile 84 % som svarar at Breheimen samsvarar godt med sitt «ideelle turområde». Dette viser at brukarane er godt tilfredse med det dei opplev og at forventningane til området innfrir slik det er i dag.

Dei fleste av brukarane finn informasjon på internett om Breheimen heime før turen startar, og dei opplever at det er enkelt å finne informasjon om området. Dette gjer at mange av brukarane kan «styrast» til områder som er mindre konfliktylt når forvaltninga får oppretta egne besøkssider for Breheimen. Ein må også vera klar over at det er andre aktørar som marknadsfører Breheimen på sine egne nettsider og brosjyrar. Det må difor vera eit mål å koma i dialog med desse for å luke ut marknadsføring som er uheldig for verneverdiane i Breheimen.

Mange av dei mest populære turmåla i norsk natur får god marknadsføring gjennom ulike sosiale medium. Det kan føre til store utfordringar for verneverdiane når turmål og naturattraksjonar tiltrekkjer seg eit stort tall besøkande på stutt tid. Dette er ei utvikling som ein må følgje nøye med på i framtida og gripe fatt i med dei verkemidla forvaltninga rår over.

Det har i lang tid vore knytt usikkerheit til handteringa av lovverket rundt ferdselen i grottene i Dumdalen. I 2020 vart det gjort ei avklaring på dette frå Miljødirektoratet og regelverket kan nå takast i bruk som tenkt. Dette vil kanskje føre til at ein får meir oversikt over den organiserte ferdselen i grottene. Samstundes er den uorganiserte ferdselen også ei bekymring når det gjeld slitasje på grottene. Det kan i utgangspunktet vera ønskjeleg at flest moglege «uorganiserte» deltek på organiserte opplegg i regi av firma som har fått god innføring i verneverdiane i grottene. Det bør difor ikkje leggjast opp til ei forvaltning som leiår fleire «uorganiserte personar» til dette området. Det blir også vist til retningslinjene for forvaltning og bruk på side 72-73 i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen og til rapporten frå Speleoconsult AS.

Det bør ikkje vera noko mål å auke talet på besøkande i dei sentrale og dei mest sårbare delane av Breheimen, men heller leggje til rette for auka besøk på nokre plassar i ytterkanten av verneområdet som kan tole dette. Særleg landskapsvernområda skal kunne nyttast på ein berekraftig måte av reiselivet, slik at fleire kan oppleve natur- og kulturverdiane i verneområda i Breheimen. Potensiale for verdiskaping er også størst i desse områda.

Innfallsportar og informasjon

Forvaltningsmyndigheita har eit overordna ansvar for å informere om verneområda og må leggje til rette for å formidle informasjonen på ein god måte. Innfallsporten er vanlegvis forvaltninga sin viktigaste møteplass med dei besøkande. Dette gjer at innfallsporten er viktig med tanke på formidling av informasjon til brukane. I figur 21 ovanfor er innfallsportane/innformasjonspunkta til Breheimen lista opp. I dag er det 14 informasjonspunkt ved 14 forskjellige innfallsportar til Breheimen. Det er i tillegg ein god del plassar til der det er vanleg at brukarane av Breheimen tek seg inn i området frå. Det er difor naturleg at det kjem opp nye tavler her også for å dekke alle dei plassane dei besøkande tek seg inn i verneområdet frå. Det blir difor lagt opp til at informasjonspunkta rundt Breheimen blir oppgradert i tråd med tabellen i figur 21 og vedlegg 1.


Når nytt kart over verneområda skal utarbeidast er det viktig at ein synleggjer berre dei innfallsportane som det er ønskjeleg at hovudmengda av dei besøkande skal bruke. I utgangspunktet betyr dette at det må fokuserast på innfallsportar som leiår ut til eit godkjent sti- eller løypenett, har god tilkomstveg med opparbeida parkering og eit turområde som ikkje er i konflikt med verneverdiane.

Mange av dei besøkande i verneområda i Breheimen får informasjonen gjennom dei etablerte besøksentra ved Breheimsenteret i Luster og Norsk Fjellsenter i Lom. Gjennom både kongeleg resolusjon og utarbeidinga av forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen er det også peikt på at ein bør utvikle større informasjonspunkt ved sentrale innfallsportar til Breheimen nasjonalpark. Dette vart gjort tidlegare på Fjordstova i Luster og på Coop ved Dønfoss i Skjåk. På både desse plassane var det innandørs informasjon om verneområda, men på grunn av avgrensa midlar til å drifte plassane vart informasjonspunktet på Dønfoss lagt ned i 2019/2020. Informasjonspunktet på Fjordstova er framleis i drift, men utstillinga er ikkje i tråd med den nye merkevarestrategien.

Nasjonalparkstyret meiner at det er aktuelt å vidareutvikle desse informasjonspunkta og innfallsportane i tråd med Miljødirektoratets nye merkevarestrategi. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner ein at desse kan utviklast som hovudinnfallsportar til Breheimen som blir framheva ekstra gjennom arbeidet med besøksforvaltninga. Ei eventuell satsing her må

likevel gjerast med omsyn til verneverdiane, og det kan vera nødvendig å gjennomføre sårbarheitskartlegging.

Frå Norsk Fjellsenter i Lom er det etablert ei «kundereise» frå Fjellsenteret og ut til attraksjonar på Sognefjellet eller startpunkt inn til Jotunheimen nasjonalpark. Reisa går mellom Breheimen nasjonalpark på nordsida av Sognefjellsvegen og Jotunheimen nasjonalpark sør for vege. Kundereisa startar eigentleg allereie på dei nye besøksretta nettsidene til Jotunheimen nasjonalpark, der besøkande kan finne informasjon som er styrt av forvaltninga.



Figur 24: Figuren viser gangen i kundereisa frå start til slutt.

Med bakgrunn i dette er det ønskeleg å sjå på etablering av ei liknande «kundereise», men i ein noko mindre skala, frå-til desse plassane:

- Norsk Fjellsenter (start) – Dønfoss (informasjon) – Sota (tilrettelegging).
- Breheimsenteret [og Fortunsdalen](#) (start) – Skjolden (informasjon) – Mørkridsdalen (tilrettelegging).

Med bakgrunn i at det allereie er etablert ei kundereise frå Norsk Fjellsenter til Sognefjellshytta (Jotunheimen nasjonalpark) er det ikkje naturleg at ein prioriterer noko her i denne omgangen. Langs denne aksen er det derimot ønskeleg å få opp informasjon om Breheimen nasjonalpark på dei etablerte informasjonspunkta som informerer om Jotunheimen nasjonalpark. Det kan også nemnast at Lomseggen er i dag tungt marknadsført frå Lom sentrum og fungerer som ein infallsport til Breheimen frå den sida. Det må vurderast om verneområdeinformasjonen er tilstrekkeleg slik den er i dag langs denne traseen.

Sjå meir om dette i mål 2 under punkt 3.2.

3 Mål og strategiske grep

3.1 Mål med besøksforvaltninga

Med bakgrunn i målsetjingane for arbeidet med besøksforvaltning og kunnskapsgrunnlaget er det overordna målet med besøksstrategien i Breheimen å finne ein god balanse mellom å:

1. sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv.
2. gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom besøkssenter, innfallsportar og digitale plattformer, samt gjennom ulik tilrettelegging der dette er naudsynt og ønskjeleg.
3. leggje til rette for at lokal berekraftig verdiskaping kan skje innanfor gjeldande regelverk.

3.2 Strategiske grep

I besøksstrategien må det takast grep for å nå måla som blir sett. Dette skildrar dei overordna grepa eller handlingane som må til for at ein skal lykkast med besøksforvaltinga i eit verneområde.

Strategiske grep for å nå dei ulike måla

Mål 1: Sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv

- Kanalisere ferdsel til stiar og løyper som er godkjent i forvaltningsplanen og til områder som kan tole høgt besøkstrykk.
- Bruke informasjon som eit verkemiddel for å redusere bruk av sårbare område.
- Vurdere om stiar og løyper som er i konflikt med verneverdiane kan leggjast om eller fjernast.

Tiltak for å nå måla:

- Sikre at godkjente stiar og løyper er godt merka.
- Synleggjere på digitale plattformer dei innfallsportane som er ønskjeleg at dei besøkande brukar.
- Marknadsføre turar som forvaltinga meiner ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.
- Sikre at det er god og oversikteleg informasjon på dei ulike informasjonspunkta. Informasjonen skal vera tilpassa nærområdet.

- Sjå på moglegheita for å erstatte skiløypa gjennom Strynefjellet landskapsvernområde med ei anna løype som ikkje er i konflikt med villreinens bruk av området.
- Lage flyttbare mindre informasjonstavler som blir sett ut i terrenget eksempelvis i område der det er vårskiløping og kalvingsområde for villreinen.
- Sikre at det er god informasjon i Dumdalen slik at regelverket for bruken av grottene blir godt kjent.
- Overvaking og eventuelt justering av tiltak undervegs.

Mål 2: Gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom informasjon og tilrettelegging

- Gje brukarane god og spissa informasjon i alle ledd (før besøk, undervegs og i verneområdet).
- Fokusere på «kundereisa» ut frå Norsk Fjellsenter i Lom og Breheimsenteret/[Fortunsdalen](#) i Luster.

Tiltak for å nå måla:

- Etablere nettside for dei besøkande etter mal frå Miljødirektoratet med fokus på spissa informasjon der forvaltninga er avsendar.
- Etablere ny verneområdeinformasjon på informasjonspunkta rundt Breheimen etter ny mal frå Miljødirektoratet.
- Etablere «kundereisa» Skjåk. I grove trekk ser ein for seg følgande tiltak:
 - **Norsk Fjellsenter** (start) – **Dønfoss** (informasjon) – **Sota** (tilrettelegging).
 - **Norsk Fjellsenter:** Etablere informasjon saman med Norsk Fjellsenter som peikar ut til «endestasjonen» med startpunkt og attraksjon.
 - **Dønfoss:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt ved butikken på Dønfoss med eit nytt informasjonspunkt. Informasjonspunkt skal vera i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Skjåk kommune og andre aktørar i området. Punktet bør fungere som eit blikkfang som invitere forbipasserande til å stoppe opp. Punktet skal peike vidare innover mot Sota seter som informasjons- og startpunkt.
 - **Sota seter:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt ved Sota seter med eit nytt informasjonspunkt. Informasjonspunkt skal vera i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Skjåk kommune og andre aktørar i området. Punktet skal invitere forbipasserande til å stoppe opp og innfallsporten skal peike vidare mot DNT-stien/løypa som går gjennom området. Det kan også vurderast å etablere ein natursti eller liknande med utgangspunkt i

informasjonspunktet. Naturstien kan delvis gå utanfor/innanfor Mysubytta landskapsvernområde.

- Moment for vidare prosess på dette punktet:
 - Invitere Norsk Fjellsenter, Skjåk kommune og andre lokale aktørar som eventuelt blir omfatta av tiltaka til idémlydring og synfaring. For å halde driftskostnadane låge må det satsast på enkle utandørs informasjonspunkt.
 - På bakgrunn av punktet ovanfor vurdere om det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie av «kundereisa» mellom Fjellsenteret og Sota seter. Ei moglegheitsstudie vil gje eit betre inntrykk av utforming og kva for tiltak som er nødvendig.
 - Saman med mellom anna Reinheimen-Breheimen villreinutvalg og Villreinemnda for Reinheimen-Breheimen vurdere om det er naudsynt med ei sårbarheitskartlegging av området før eventuelle tiltak blir sett i verk.

- Etablere «kundereisa» Luster. I grove trekk ser ein for seg følgande tiltak:
 - **Breheimsenteret og Fortunsdalen** (start) – **Skjolden** (informasjon) – Mørkridsdalen (tilrettelegging).
 - **Breheimsenteret og Fortunsdalen:** Etablere informasjon og formidlingsopplegg saman med besøkssentera som peikar ut til «endestasjonen» med startpunkt og attraksjon.
 - **Skjolden:** Etablere informasjonspunkt utandørs ved Fjordstova i samsvar med merkevarestrategien. Vurdere oppgradering av eksisterande utstilling i Fjordstova med ny kunnskap og i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Luster kommune og andre aktuelle lokale aktørar. Punktet bør fungere som eit naturleg møtestad og blikkfang for folk som kjem til Skjolden hotell, Fjordstova og nærbutikken. Punktet skal peike vidare til to informasjons- og startpunkt i Mørkridsdalen.
 - **Mørkridsdalen:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt med eit nytt i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Luster kommune og andre lokale aktørar. Punktet skal invitere forbipasserande til å stoppe opp og innfallsporren skal peike vidare mot DNT-stien som går gjennom området. Det kan vurderast å nytte buforveg og vårstølen t.d. Steinhaugen eller Berget til natursti eller liknande med utgangspunkt i informasjonspunktet. Vidare vil det bli vurdert om det er naudsynt med andre infrastrukturiltak kring dette punktet, som mellom anna storleik på parkeringsplass og avfallshandtering.

- Moment for vidare prosess på dette punktet:
 - Invitere Breheimsenteret, Luster kommune og andre lokale aktørar som eventuelt blir omfatta av tiltaka til idémlydring og synfaring.
 - På bakgrunn av punktet ovanfor vurdere om det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie av «kundereisa» mellom besøkssentera og Mørkridsdalen. Ei moglegheitstudie vil gje eit betre inntrykk av utforming og kva for tiltak som er naudsynt.
 - Avklare med grunneigar om å nytte buforveg og støl som formidlingsarena, samt å kunne nytte eksisterande stølshus i formidlinga.
 - Avklare drift og ansvar for utstillinga på Fjordstova.
- «Kundereisa» Lom:
 - Har allerede ei etablert kundereise frå Norsk Fjellsenter til Sognefjellshytta (Jotunheimen nasjonalpark). Langs denne aksen er det ønskjeleg med informasjon om Breheimen nasjonalpark på dei etablerte informasjonspunkta.

Mål 3: Leggje til rette for lokal berekraftig verdiskaping

- Arbeide for å få eit tettare samarbeid med reiselivet og andre næringsaktørar.
- Vurdere om det kan etablerast infrastruktur som er positiv for verneverdiane og som reiselivet også kan bruke for sine besøkande, jf. mål 2.

Tiltak for å nå måla:

- Gjennomføre informasjonsmøte og/eller «vertskapskurs» med jamne mellomrom der ulike tema blir teke opp.
- Etablere fysiske tiltak i utkanten av/utanfor verneområda som reiselivet kan nytte seg av, jf. mål 2.

4 Kommunikasjonsplan

4.1 Bakgrunn

Føremålet med kommunikasjonsplanen er å bidra til at måla i besøksstrategien blir nådd gjennom å leggje føringar for forvaltninga sitt kommunikasjonsarbeid. Planen skal skildre kommunikasjonsmål, målgrupper, budskap, kanalar og ansvars- og oppgåvefordeling. Siste del av planen er ei tiltaksliste med tidsfristar.

49

Kommunikasjonsplanen blir eit viktig verktøy i arbeidet med å kanalisere ferdsla inn mot startpunkt og innfallsportar som toler meir besøk, og der dette ikkje forringar verneverdiar og verneføremål. Vi skal ønskje «velkomen inn» på ein inkluderande måte, samstundes som vi bidreg til å auke forståinga for vernet og kanalisere besøkande til innfallsportar som toler det.

Kommunikasjonsplanen er utarbeidd av sekretariatet som eit utkast å arbeide vidare med, i samarbeid med lokalsamfunn og reiselivsorganisasjonar.

4.2 Mål for kommunikasjon

Det overordna målet med kommunikasjonsplanen er å leggje føringar for korleis vi skal kommunisere for å støtte oppunder målsetjingane i besøksstrategien og dei strategiske måla.

Vi skal kommunisere for å:

- Kanalisere ferdsle til gode og tilrettelagde innfallsportar og startpunkt.
- Synleggjere berekraftige aktivitetstilbod rundt nasjonalparken.
- Leggje til rette for naturvenleg og enkelt friluftsliv.
- Formidle kunnskap om villrein.
- Formidle kunnskap om kulturlandskap og historie.
- Formidle kunnskap om høg fjellsøkosystem og klima.
- Leggje til rette for opplevingar knytt til geologi og vassdragsnatur.

4.3 Målgrupper

4.3.1 Grunneigar

Grunneigar er den som eig grunnen og som slik sett har spesielle rettigheitar i eit område. Grunneigar kan vera ein eller fleire personar, organisasjonar, kommunar, staten eller liknande. Grunneigar er ein viktig samarbeidspart i mange samanhengar. Det er difor viktig at grunneigar og forvaltningsmyndigheit er kjent med kva den andre driv med, og at informasjonsflyten går baa vegane. På den måte vil ein kunne få til ein meir samkøyrte aktivitet og ein oppnå at forvaltninga av eit område bli best mogleg.

4.3.14.3.2 Lokalbefolkninga

Folket i bygder og grender kring verneområda i Breheimen kan vere både gjester, formidlarar og forvaltarar av verneområda. Det er viktig med god kommunikasjon med denne gruppa for å sikre forståing for verneverdiane og sikre at dei gode naturopplevingane vil halde fram. Dette er ei viktig målgruppe også i samband med lokal verdiskaping.

4.3.24.3.3 Turisten

Ei viktig gruppe er førstegongsbesøkande som ikkje har noko spesiell kunnskap om verneområdet eller friluftsliv frå før. Vi skal framheve innfallsportar som er tilrettelagte og enkle å nå og som gjev ei god nasjonalparkoppleving. Samarbeid, dialog og informasjonsflyt saman med besøkssentra er viktig.

4.3.34.3.4 Fjellvandrarar

I brukarundersøkinga til Breheimen var ein stor del av dei besøkande røynde friluftsfolk med god kunnskap og som gjekk fleirdagars turar. Desse er viktig å nå med god informasjon fordi dei brukar større delar av verneområda og oppheld seg lenger innanfor vernegrensene enn andre. Tilrettelagte startpunkt, kart og stiar er etterspurt informasjon for denne gruppa. Godt samarbeid og dialog med DNT – Oslo og Omegn blir prioritert.

4.3.44.3.5 Reiselivet

Overnattingsbedrifter, aktivitetsbedrifter og andre reiselivsbedrifter som har aktivitet i og rundt nasjonalparken har mest direkte kontakt med gjestene og dermed høve til å formidle verneverdiane for områda. Godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom forvaltning og reiselivet i regionen vil bli høgt prioritert.

4.4 Bodskap

Bodskapen som vert kommunisert skal støtte opp om besøksstrategien. Det er vårt ansvar å produsere god og lettfatteleg informasjon som bidreg til å kanalisere alle besøkande til gode nasjonalparkopplevingar utanom dei mest sårbare områda, og samstundes auke forståinga for vernet. Dette vil vi gjere ved å:

- Løfte fram besøkspunkt i randsona som toler stort besøk, er godt tilrettelagt med informasjon og som gjev ei god nasjonalparkoppleving.
- Løfte fram opplevingar i landskapsverneområda med seterdalar.
- Løfte fram besøkssentra som naturlege besøkspunkt for alle som ønskjer å vite meir om verneområda.
- Marknadsføre nasjonalparken som krevjande høg fjellsområde som passar for folk med erfaring, då det er lite tilrettelegging.

- Syne fram historier om tradisjonell bruk og ferdsel som stølsdrift, beitebruk, skjøtsel og tradisjonelt friluftsliv.
- Syne fram berekraftige og naturbaserte aktivitetstilbod i og rundt nasjonalparken.
- Dempe kommunikasjon av aktivitetar som kan uroe villreinstamma i Reinheimen – Breheimen.

4.5 Kanalar

For å nå målgruppene med budskapet vår må vi ta i bruk ulike kanalar og verkemiddel. Vi har valt ein kombinasjon av tradisjonelle og moderne kanalar for å nå ut til flest mogeleg innanfor våre målgrupper. I brukarundersøkinga kom det fram at dei fleste planlegg turen i god tid før dei kjem til verneområda. Difor må god informasjon også vere tilgjengeleg i samband med planlegginga av turen til verneområdet. Budskapet må presenterast gjennom heile kundereisa, frå planlegging til reisa er gjennomført.

4.5.1 Informasjonspunkt ved innfallsportar

Informasjonspunkta ved innfallsportane er ein viktig kanal for å fortelje om og nå ut til den besøkande om kva som er viktig å ta omsyn til i eit mindre avgrensa område. Informasjonspunkta som eksisterer i dag skal i hovudsak vidareførast. Kvart punkt vil bli vurdert om det trengs å rustast opp og alle informasjonstavler må erstattast etter ny merkevareprofil for Noregs nasjonalparker. Informasjonen som skal formidlast må tilpassast dei ulike innfallsportane. I besøksstrategien må også omfang av tilrettelegging og rekkefølge på oppgradering prioriterast i ein tiltaksplan.

4.5.2 Besøksretta nettside

Denne skal vere besøksretta og innehalde så mykje og god informasjon at gjesten og andre målgrupper står att med minimalt av usvarte spørsmål. Den skal ønskje velkomen inn i dei mindre sårbare områda og randsona samstundes som den skal innehalde tydeleg og lettfattelig informasjon om reglar og verneverdiar. Sida skal vere eit verktøy som alle målgruppene kan bruke og nyttiggjere seg av. Det skal ikkje vere ei reiselivsside, men det skal vere mogleg å planlegge opplevinga av nasjonalparken med utgangspunkt i nettsida gjennom at vi lenker vidare til destinasjonsselskapa og dei lenker vidare til oss. Det same gjeld for besøkssentra, som vi har laga ei eiga temaside om og ønskjer å løfte fram. Vi ønskjer i størst mogeleg grad å løfte fram dei same opplevingane og aktivitetane som reiselivet gjer så lenge det ikkje strir mot vernet.

Tema for sida (dette er ikkje endeleg):

- Om nasjonalparken
- Opplevingar og aktivitetar
- Besøkssentra

- Innfallsportar
- Villrein
- Historisk bruk
- Reise og overnatting

4.5.3 Sosiale medium

Verneområda i Breheimen har valt å nytte Facebook og Instagram som sosialt medium. Kanalane skal nyttast til å produsere og dele innhald med ein god blanding av inspirasjon og informasjon. Det vil vere formålstenleg å jobbe tett med destinasjonsselskapa og andre aktuelle samarbeidspartnarar, både for å samarbeide om innhald og enkelt kunne krysspublisere.

4.5.3.1 Instagram

Instagram skal brukast til å inspirere og å kome med kort informasjon og enkle tips. Innhaldet skal vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald. Gode bilete i tråd med merkevara er viktig.

4.5.3.2 Facebook

Facebooksida skal ha mykje av den same funksjonen som Instagram, men skal i større grad vere ein informasjonskanal. Det er likevel viktig å finne ein god balanse mellom inspirasjon og informasjon for å halde oppe interessa til følgjarane. Også her skal innhaldet vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald, men med ein større del eigenprodusert stoff.

4.5.4 Destinasjonsselskapa sine kanalar

Desse kanalane er viktige informasjonskjelder for gjesten både i planleggingsfasen og medan han ein er på tur. Det er i dag stor variasjon i kor mykje informasjon dei ulike destinasjonsselskapa har om nasjonalparken. Vi skal jobbe for å løfte denne informasjonen i desse kanalane, både ved direkte å ha tett samarbeid med destinasjonsselskapa og ved at det vert naturleg å lenke frå deira sider til vår besøksretta nettside.

4.5.5 Besøkssentera

Besøkssentera er viktige formidlarar av budskapen vår. Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei [trete](#) besøkssentera rundt nasjonalparken.

4.5.6 Brosjyrar

Vi skal utarbeide ein ny kartbrosjyre med generell informasjon om verneområda, naturen og opplevingane i området. Brosjyren skal vere ei kjelde til informasjon og ein invitasjon til besøkande.

4.5.7 Arbeid mot pressa

Vi skal ha ein god dialog med pressa, særleg lokal presse. Nytte dei moglegheitene som byr seg, men og sjølv ta initiativ til saker for å få ut budskapet vår.

4.5.8 Vegskilting/kartløyningar

Rett og konsekvent skilting er viktig for at gjestene skal få ei god oppleving når dei besøker oss. Vi skal ha god dialog med vegvesenet, fylkeskommunen, kommunane, kartleverandørar og andre for å bidra til at skilting og kart er korrekte.

4.5.9 Film og foto om parken

Vi skal arbeide for å ha ein oppdatert bildebase med gode bilete og filmsnuttar frå nasjonalparken som kan nyttast på sosiale medium og i trykte medium.

4.6 Korleis kommunisere med målgruppene

Som det kjem fram av brukarundersøkinga startar turen til verneområda på internett. Det er difor viktig at dei besøkande kan finne god og presis informasjon via den besøksretta nettsida som omhandlar verneområda, både kva som er lov og kva ein skal ta omsyn til. Turtips og kart er etterspurt på nett. Dette gir høve til å kunne styre noko ferdsel.

Turen vidare er til randsona til verneområda, gjerne til overnattings-, spise- og aktivitetsbedrifter. Besøkssentra er eit viktig knutepunkt mellom forvaltning, reiseliv og dei besøkande. Dialogen og budskapet må forankrast her, då det er dei som har den direkte kontakten med dei besøkande.

Ved startpunkt og informasjonspunkta skal merkevarestrategien sin visuelle profil bidra til å gi ein kvalitet på opplevinga. Det er også her ein kan vere meir spesifikk i kva opplevingar som ventar i verneområdet, og om det er noko ein skal ta ekstra omsyn til, anten det er farar eller naturverdiar.

Ei viktig gruppe er dei lokale. Dei har ofte mykje kunnskap som er interessant for både forvaltning og andre besøkande, samstundes som dei er interessert i ny kunnskap. Gode prosessar og involvering er viktig for lokal forankring og stoltheit.

5 Tiltaksplan

Tiltaksplan besøksstrategi Breheimen nasjonalpark		
Verneområde	Beskriving	Gjennomføringsperiode
Alle	Utarbeide ny besøksretta nettside og brosjyre for verneområda i Breheimen. Marknadsføre turalternativ der forvaltninga er avsender.	2022 →
Alle	Utarbeide nye informasjonsplakatar etter ny merkevare for verneområda i Breheimen.	2023 →
Alle	Starte arbeidet med å skifte ut informasjonsstativ og -plakatar i tråd med vedlegg 1.	2024 →
Alle	Gjennomføre møter og synfaring i samband med ei eventuell etablering av «kundereisa» i Skjåk kommune og Luster kommune.	2024 →
Breheimen NP, Strynefjellet LVO	Utarbeide nye informasjonsskilt til dei ulike grottene i Dumdalen og flyttbare skilt som informerer om villrein og vårskiløping.	2021 - 2024 ³
Alle	Saman med andre utarbeide relevant «informasjonsreklame» for verneområda som kan nyttast på sosiale medium gjennom året.	2021 →
Alle	Saman med andre aktørar vurdere om sti eller løype som er i konflikt med verneverdiane kan leggjast om eller fjernast.	2024 →
Alle	Gjennomføre informasjonsmøte med reiselivet og eventuelt andre aktørar der ulike relevante tema frå forvaltninga og frå reiselivsnæringa blir teke opp.	2023 →

6 Kjelder

Artsdatabanken. 2018. Artsdatabanken. Norsk rødliste for naturtyper

Breheimen nasjonalparkstyre. 2017. Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø

Fylkesmannen i Oppland v/ Vorkinn, Marit. 2020. Bruk og brukere i Jotunheimen 1992-2019.

Kartfortelling. Kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Kvalitetsnorm for villrein, i Reinheimen-Breheimen villreinområde. www.villrein.no

Kistefos Skogtjenester. 2018. Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2018 (unnateke offentlegheita).

Lovdata. www.lovdata.no

Miljødirektoratet. Designmanual for Norges nasjonalparker.

Miljødirektoratet. 2015. Innfallsporier - Veileder M-417/2015.

Miljødirektoratet. 2015. Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder.

Nasjonalparkriket reiseliv. www.nasjonalparkriket.no

Norsk institutt for naturforskning. Rapport 227. 2007. Villreinen i Ottadalsområdet

Norsk institutt for naturforskning. Rapport 643. 2011. Villreinen i Ottadalen.

Norsk institutt for naturforskning. Rapport 1589. 2019. Sårbarhetsvurdering av utvalgte lokaliteter i Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Norsk institutt for naturforskning Rapport 1349. 2017. Bruken og brukarane av Breheimen nasjonalpark 2016.

Norsk institutt for naturforskning Rapport 2126. 2022. Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein. Første klassifisering – 2022.

Norsk klimaservicesenter. <https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/om>

Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommuner. 2016. Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026.

Speleoconsult AS. 2022. Befaringsrapport Dumdalen.

Visit Jotunheimen. www.visitjotunheimen.no

Visit Sognefjord. www.sognefjord.no

Sjå publikasjonar her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/publikasjoner/besoksstrategi>

Norges nasjonalparker

Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01
E-post: post@miljodir.no
Nett: www.miljodirektoratet.no
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	34/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	24.10.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Høyring. Besøksstrategi for verneområda i Breheimen.

Sakspapir:

- Høyringsbrev 6. september frå nasjonalparkstyret i Breheimen - Besøksstrategi for verneområda i Breheimen.

Saksutgreiing:

Breheimen nasjonalparkstyre har med brev 6. september sendt forslag til besøksstrategi for verneområda i Breheimen på høyring med frist for innspel den 24. oktober 2023. Gjennom høyringsrunda ynskjer nasjonalparkstyret innspel frå aktuelle aktørar i og rundt verneområda i Breheimen.

Besøksstrategien for Breheimen er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at ein skal legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

I høyringsbrevet er det spesielt bed om innspel kring desse momenta:

- Kapittel 2.2: Reiselivet.
- Kapittel 3: Mål og strategiske grep.
- Kapittel 4: Kommunikasjonsplan.
- Eventuelle faktafeil i strategien.

Opplysningar og merknader.

Fjellstyret skal ivareta bruksrettane, samtidig som ein og legg til rette for lokal verdiskaping, friluftsutøving og naturvern.

Området nord for Bøverdalen og Høydalen er av dei mest urørte areala vi har på statsallmenningane våre. Samanlikna med områda i og ved Jotunheimen er komersiell bruk, tilretteleggingsgrad og ferdsel på eit vesentleg mindre nivå. Det kan vere vi skal famne om dette området slik det er i dag, og vere tydeleg på at ein ikkje ynskjer auka ferdsel, , tilrettelegging og markndadsføring av dette området.

Forslag til vedtak:

Auka satsing, informasjon og opprusting av innfallsportane til nasjonalparken kan ha betydning for dei bruksberettiga i seter- og beiteområda i Bøverdalen og Høydalen.

Beitedyra er viktige for å ivareta kulturlandskapet, og tiltak som blir gjort må ikkje vere til hinder for den tradisjonelle beitebruken. Å ivareta kulturlandskapet er eit viktig delmål i verneområda, og tiltak for å styre ferdselen til eller i nasjonalparken, må ikkje vera konfliktfylt i høve til beiteinteressene.

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret er skeptiske til at det skal opprettast ein informasjonspunkt ved Jotunheimen fjellstue, ved innfallsvegen til Høydalen og Bøverdalen. Riksveg 55 er ein veg med særst stort trafikkgrunnlag, og eit informasjonspunkt her kan potensielt generere mykje trafikk inn mot Bøverdalen og Høydalen.

I Dumdalen må besøksstrategien legge til rette for guiding og komersiell aktivitet i grottene. Ved å legge opp til bruk av guide/aktivitetsfirmaer sikrar ein at verneverdiane blir ivareteke, samstundes som ein styrkar den lokale verdiskapninga.

Breheimen Nasjonalpark
v/ Nasjonalparkforvaltar Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Innspel til besøksstrategi for verneområda i Breheimen Nasjonalpark.

Fortun Bygdalag er nyleg autorisert som besøkscenter for nasjonalparkane Breheimen og Jotunheimen. Me er i ferd med å etablere eit selskap som skal førestå utvikling og drift av senteret, og vil i samband med dette kome med følgande innspel til ovanfor nemnde besøksstrategi.

Me syner til motteke dokument for Besøksstrategi for Breheimen. Innleiingsvis vil me nemne at vårt syn er besøksstrategien samsvarar godt med formålet og dei tre temaene me har valt for å utvikle Fortunsdalen besøkscenter. Dette dokumentet vil danne eit godt grunnlag i arbeidet med utvikling av ein besøksstrategi for senteret, og me ser og fram til å samarbeide med Breheimen nasjonalpark og dei to andre sentera i området, Breheimsenteret og Norsk Fjellsenter.

Ut over dette har me følgande kommentarar til besøksstrategien:

Kapittel 2.4.4.2 Informasjonspunkt.

- I figur 19 bør Fortunsdalen besøkscenter visast på kartet som nytt besøkscenter.
- I samband med opprusting av uteareala ved senteret bør det også vurderast nytt informasjonspunkt om Breheimen, i figur 19. og figur 21, jf. besøkspotensialet for senteret.

Kapittel 2.4.4.5. Informasjonsentera.

- Her bør oversikten oppdaterast, i og med at Fortun no er autorisert som eit tredje besøkscenter. Forslag til oppdatering av siste setning: «Sentera i Lom og Jostedalen omfattande informasjon og utstillingar om Breheimen Nasjonalpark. Det nye senteret i Fortun vil legge vekt på samarbeid med desse sentra for å utvikle informasjon og utstillingar som samsvarar med det som allereie er etablert.»

Kapittel 2.5. Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen.

- Innfallsportar og informasjon, side 42. Her bør avsnitt 3 (informasjon) og 5 (kundereise) oppdaterast slik at det samsvarar med utvikling av senteret i Fortun.

Kapittel 3.2 Strategiske grep.

- Tabellen her bør oppdaterast tilsvarande som ovanfor, mht. Kundereise frå Fortun, via Skjolden og til Mørkridsdalen, samt frå Fortun til Nørdstedalen og Sognefjellet.

Kapittel 4.5.5. Besøksentera.

- Forslag til oppdatert tekst, andre setning: «Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei to besøksentera rundt nasjonalparken, samt etablere godt samarbeid med nytt besøksenter i Fortun».

For styret i Fortun Bygdalag.


Magnar Bjørk



Breheimen nasjonalparkstyre
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Vorkinn, 61 26 60 68

Høyring - besøksstrategi for verneområda i Breheimen

Vi viser til oversending frå nasjonalparkstyret 12.07.23, og takkar for utsett svarfrist.

Statsforvaltaren er godt nøgd med og stør det overordna grepet som er valt; Å freiste å kanalisere trafikken til utkanten av verneområdet og å ikkje auke ferdselen inn i kjerneområdet.


Villrein

Ivaretaking av villreinens leveområde er sentralt i besøksstrategien, og det er gjeve ei grundig og god oppsummering av tilhøva for villreinen.

Seks av ti nasjonale villreinområde, inkl. Rondane, har areal heilt eller delvis i Innlandet. Desse 6 områda utgjer den nordlege europeiske villreinregionen. Den sørlege europeiske villreinregionen består av fire område, der det er påvist den dødelege og smittsame skrantesjuken i to av områda (Nordfjella og Hardangervidda). *Innlandet sit med andre ord og forvaltar ein vesentleg del av det siste regionale villreinområda i Europa utan smittsam skrantesjuka.* Det gjev oss eit stort ansvar.

I Innlandet overlappar dei nasjonale villreinområda i stor grad med nasjonalparkane, slik at nasjonalparkforvaltninga blir svært viktig for villreinen.

Besøksstrategien viser til at Breheimen-Reinheimen er eit stort område med mykje høgfjell og brear, og i eit langsiktig klimaperspektiv vil området verdi for villreinen berre auke. Det er svært positivt at besøksstrategien drøfter klimatilpassingar òg for villreinen. I eit langsiktig perspektiv vil det vere særleg viktig å halde trekkmoglegheitene mellom Breheimen og Reinheimen opne .




Figur 1 Overlapp mellom nasjonale villreinområder og verneområder i Innlandet

Dei besøkande

Breheimen nasjonalparkstyre gjennomførde ei brukarundersøking i 2016. Sidan har ein hatt ein Korona-epidemi, ein sterkt endra sikkerheitssituasjon i verda og tydelegare effektar av klimaendringane med varme somrar i Sør-Europa. Desse endringane viser at ein må vere førebudd på raske endringar i bruken av norske naturområde, ved at Noreg blir eit meir attraktivt reisemål både ut frå sikkerheit og sommartemperaturar.

Breheimen ligg mellom store ferdselsårer mellom Aust- og Vestlandet, og sjølv om både Jotunheimen og Jostedalsbreen nok i utgangpunktet er meir kjende blant utanlandske besøkande i dag, må ein rekne med auka trafikk òg i Breheimen. Spørsmålet er om dette krev ein større innsats på overvaking enn i dag, t.d. med etablering av eitt eller to faste overvakingpunkt med ferdselsteljarar som blir fylgde nøye opp gjennom sommaren. Alternativt overvaking gjennom observasjonsstudiar nokre dagar gjennom sommaren. Statens naturoppsyn har frå fleire år attende etablert slike referansepunkt på Dovrefjell. Slike langtidsseriar gjev eit mykje betre forståing av svingingar i ferdselen enn teljingar eit par år, slik ein gjerne har ved utarbeiding av besøksstrategiar.

Eit eksempel er vist på neste side, frå Fokstumyra naturreservat. Her får vi ei mykje betre forståing av korleis utviklinga er.



Figur 2 Ferdselsteljar på Fokstummyra. NB! Tala frå 2023 er foreløpige. Nedgangen i 2023 skuldast ekstremveret «Hans»

Informasjon

Informasjon ved den enkelt innfallspørt er viktig, men det er viktig å målrette informasjonen på desse punkta. Det er begrensa kor mykje informasjon folk tek til seg når dei er klare til å gå ut i eit område, slik at ein bør fokusere på kva som er viktige hensyn å ta og sporlaus ferdsle, jfr. det som er sagt om dette i besøksstrategien.

Det blir og føreslege svært mange informasjonspunkt. Vi veit ikkje kva vurderingar som er gjort i høve til vedlikehald av punkta, men kanskje bør ein vurdere utforminga/mengda av informasjon på kvart punkt i høve til framtidig behov for tilsyn, vedlikehald og oppdateringar noko grundigare.

DNT har i brukarundersøkingane som er gjennomførde i ulike nasjonalparker vist seg å vere ei svært viktig informasjonskjelde, kanskje den viktigaste for mange besøkande. Det er i besøksstrategien vist til at DNT Oslo og Omegn er ein viktig samarbeidspart, men det vil vere enda viktigare å jobbe mot ut.no. Dette er den viktigaste informasjonskanalen for norske turgåarar pr. i dag.

Kundereise

Eitt av tiltaka som blir føreslege, er å etablere ei «Kundereise» frå dei eksisterande informasjonssentra, via informasjonspunkt vidare og til ein innfallspørt. Spørsmålet er kor enkelt dette er i praksis, og kor mykje ressursar som skal brukast på eit slikt tiltak.

For det fyrste er det eit spørsmål kor mange som er innom informasjonssenterane. Nær halvparten av dei besøkande i Breheimen i 2016 hadde vore i området tidlegare. Det er lite truleg at desse søker informasjon på informasjonssenterane viss dei har vore der før. Ei nettside dei kan sjekke på førehand mens dei planlegg turen vil vere langt viktigare for denne gruppa, ikkje minst ei Facebookside med jevnlege oppdateringar.

For det andre veit ein at mange turistar planlegg turen godt på førehand, og det kan sjå ut til at di lengre unna ein kjem frå, desto meir planlegg ein turen. Dette har nok samanheng med kor mykje



reisa kostar; at ein vil ha mest mogleg att for den tida og pengane ein bruker på reisa. Å endre reiseruta til folk når reisa er starta, kan difor vere svært vanskeleg. Dette gjeld ikkje minst for nasjonalparkstyra som rår over svært avgrensa med midlar. I ein slik situasjon vil nasjonalparkstyret mest sannsynleg ha meir att for å tilpasse tiltak til dei reisestraumane som finns, framfor å prøve å etablere tiltak på tvers av desse reisestraumane. Vi ville difor å ha vurdert tiltaket med å etablere ei slik rute på nytt.

Mindre kommentarar

I innleiinga manglar ei omtale av kva kommunar som har areal i Breheimen. Dette kunne t.d. vore vist på kartet i figur 1. For dei som ikkje er lokalkjende ville fleire kartutsnitt gjennom rapporten, evt. som vedlegg, ha letta tilgangen til besøksstrategien.

Kommunikasjonsplanen har eit sterkt fokus på det nasjonalparkstyret ynskjer å formidle og gje informasjon om. Dette etterlet eit inntrykk av at styret er opptatt av einvegs informasjon i større grad enn dialog. Vi trur ikkje dette er tilsikta, så det kan vurderast om ein skal formulere seg litt annleis på enkelte punkt.

Oppsummering

Vi meiner at planen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med besøksforvaltning, med ein klar strategi i botn for arbeidet. Planen ville ha vore eit enda betre arbeidsreiskap for styret viss det vart gjort ei noko sterkare prioritering av tiltak framover. Dette kan vere ei oppgåve å jobbe vidare med for det nye styret som kjem på plass frå 2024.

Vi ynskjer lukke til med vidare arbeid!

Med helsing

Vebjørn Knarrum (e.f.)
avdelingsdirektør

Marit Vorkinn
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

27. Eventuelt

[Besøksstrategi for Breheimen – høyring](#). Nemnda kan framleis gi innspel sjølv om fristen er passert.

Vedtak: Sekretær utformar eit høyringssvar til besøksstrategien for Breheimen. Spesielt fokus på ferdsel på stigar med mindre enn 30 passeringar pr døgn og kva effekt dei kan ha på villrein sjølv om dei har mindre ferdsel enn terskelnivå for stigar med vegring jf *NINA-rapport 51 Horisont Snøhetta*.

Kommentar til fjerde avsnitt på side 13 i besøksstrategien:

Merka stinett er meir utvikla i vestområda, der områdebruken til villreinen er mindre, enn lenger aust. Ferdsla har vore på eit akseptabelt nivå, og for det meste ligg den innanfor 3-30 personar per. dag eller lågare. Dette er rekna som ei akseptabel tolegrense for villrein i undersøkingar gjort i Rondane, Snøhetta og Nordfjella om villreinen sin arealbruk. Det gjeld alle stiar over skoggrensa i vestområda. Dei stiane som har størst ferdsel i sumarsesongen der det er villreintrekk er stien Sota – Tverråldalskyrkja og Heillstuguvassosen – Åfåttjønn (NINA rapport 1349 om brukarane av Breheimen NP). Sjølv på desse strekningane er ferdsla svært sjeldan oppe i 30 personar per dag.

Villreinnemnda vil poengtere at tolegrensene som vart funne i [NINA-temahefte 51](#) gjeld villrein sine kryssingar av stigar. (Strand, O., Flemsæter, F., Gundersen, V. & Rønningen, K. 2013. *Horisont Snøhetta*. - NINA Temahefte 51. 99 s).

Sjølv om ferdsel er under 30 passeringar pr døgn kan villrein bli påverka på andre måtar enn vegring mot å krysse stigen. Effekten ein stig vil ha på villrein vil også vera avhengig av kor den blir lagt (funksjonsområde). Ein stig inn i eit kalvingsområde vil naturlegvis vera negativ sjølv om den har relativt få passeringar (om det er mogleg med ferdsel der i mai). Poenget er at det er meir enn berre talet på passeringar som er avgjerande for om ein stig kan ha effekt på villrein (på ein eller annan måte). Effekt på kondisjon kan truleg slå inn på eit mykje lågare ferdselnivå. Eit døme kan vera ein person som går på ein stig gjennom ein dal der villrein finn godt beite. Ferdsel av ein person i eit slikt tilfelle vil ofte skremme vekk villreinen (kortvarig) slik at den bruker mindre tid på beite / meir tid på flukt enn optimalt og kanskje vel eit mindre optimalt beiteområde (kortvarig).

Villrein blir som regel forstyrra av folk som går i nærleiken og slik sett vil kondisjon kunne bli ramma av mindre ferdsel sjølv om ein stig ikkje skapar vegring. I "Horisont Snøhetta-rapporten" var det vist til at villrein kryssa stigar meir ved moderat ferdsel på stigen (<10 passeringar), forklart gjennom noko auka forstyrning (og truleg auka energiforbruk hjå villrein).

I 2018 gjorde NINA ei analyse av mellom anna sårbarheit for DNT-ruta over Kamperhamrane og inn i Breheimen nasjonalpark ([NINA-rapport 1593](#)). (Vistad, O. I., Evju, M., Eide, N. E. og Rød-Eriksen, L. 2018. *Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Kattanakken, Oldeskaret og Sunndalen. NINA Rapport 1593. Norsk institutt for naturforskning.*)

Eit utklipp frå rapporten er teke med som eit døme på sårbarheitsvurdering:


Som figur 5.9 syner så går stien over Kamperhamrane gjennom aktuelle barmarksbeite, og den kryssar trekkleier to stader, over tangane før og etter vatna. Det er også ytterlegare to trekkleier vestafor den avgrensa lokaliteten,

som ikkje er tatt med i utrekninga av sårbarheit. Utrekna sårbarheitskår for villrein er 34 (tabell 5.4). Vestområde av Jostedalsbreen nasjonalpark er opplagt viktige beiteområder om sumaren. Tilgangen til snøfenner og breklattar er attaktive område for å få fred for insektplaga på varme sumardagar. Ev. auka ferdsel innafor Sunndalssetra vil kunne gje unnvikingseffektar og endra status for bruk, som igjen vil gje utslag på sårbarheitsvurderinga (blir høgare). Det er ukjent kva mengde ferdsel som utløyser unnviking av eit område, og det varierer truleg mykje frå villreinstamme til villreinstamme.

Etter villreinnemnda sitt syn bør vurderingar av sårbarheit for villrein basere seg på tilsvarende metodikk som i NINA-rapport 1593.

Fluktavstand blir ofte teke med som eit poeng når sårbarheit blir vurdert hjå villrein. Villreinstammene i Norge er i rapporten "[Miljøkvalitetsnorm for villrein](#)" delt i to grupper med ulik buffer iht sensitive einingar / funksjonsområder, der villrein i Breheimen er i den gruppa med minst buffer (500m). Fluktavstandar er også inkludert i vurderinga av sårbarheit i NINA-rapport 1593.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær

STATSFORVALTEREN I INNLANDET BREHEIMEN NASJONALPARK
Postboks 987

2604 LILLEHAMMER

Deres ref:
2021/2684Vår ref:
2023/14513-2
Hanne Thingstadberget, plan
Marte Hveem Igeltjørn, samferdsel
May-Tove Smiseth, kultur
Bjørn-Arild Sveen, klima og miljøDato:
19.10.2023

Svar - Høyring - Besøksstrategi for verneområda i Breheimen nasjonalpark

Me viser til oversending frå Dykk ved e-post datert 06.09., med svarfrist 16.10.2023. Saka omhandlar høyring av forslag til besøksstrategi for verneområda i Breheimen nasjonalpark.

Plan- og miljømessige forhold

Breheimen er særlege ved at ein har i lita grad fysiske inngrep i leveområda til villreinen. Samstundes blir òg nytta randsonene i stor grad av villreinen, noko som kan gi utfordringar med tanke på tilrettelegging for bruk av fjellet.

Vi ser det som positivt at ein i besøksstrategien har ein før-var-holdning, og er merksam på at utviklinga kan endre seg i område som i dag har liten ferdsel. Nye konflikhtar med villrein kan motverkast med aktiv kanalisering av ferdsel til mindre sårbare område i verneområdet. Innhaldet i besøksstrategien til verneområdet gir òg signal til forvaltninga utanfor verneområdet.

Heilskapen i ein besøksstrategi er vesentleg, ved at ein ser samanheng mellom område innanfor og utanfor verneområdet. I denne samanhengen er kopling til regional plan for Ottadalsområdet vesentleg. I besøksstrategien ser ein utover verneområdet ved å legge vekt på kundereisa frå besøkssentera og ut til sjølve attraksjonen. I tillegg blir det vist til merka og umerka stiar frå kart i forvaltningsplanen. I framtidig revidering vil det òg vere naturleg å sjå til eventuelle utarbeide stig- og løypeplanar.

Kommunikasjonsplanen støttar opp om mål og strategiske grep. Ei besøksretta nettside er eit godt verkemiddel. Det er viktig at ein tar ein tydeleg plass i den digitale marknadsføringa, slik at besøkande nyttar dei innfallsportane som er ønskeleg. Sosiale medium, slik som Instagram, kan vere ein arena for marknadsføring frå andre aktørar som kan vere uheldig for verneverdiane.

Postadresse:
Postboks 4404
Bedriftssenteret
2325 Hamar**Besøksadresse:**
Innlandet fylkeskommune
Parkgata 64
Hamar**Telefon:** +47 62 00 08 80
E-post: post@innlandetfylke.no
Internett: www.innlandetfylke.no
Org.nr.: 920717152

Kulturvernaglege forhold

Kulturarv støttar opp om forvaltningsmålet om ein nullvisjon for tap av kulturminne og kulturhistoriske kvalitetar i Breheimen og er sams i at sikringa av kulturminne skal skje i nært samarbeid med kulturminnestyresmaktene. Det gjeld særleg punktet om slitasje, og at man her har ein god dialog forut for tilrettelegging og skjøtsel. Dei tre kulepunkta med tiltak er i så måte gode mål å forholde seg til som utgangspunkt.

Vi meiner likevel at verneområdeforvaltninga bør utarbeide ein kulturminneplan med sårbarheitsvurdering, slik forvaltningsplanen tek til orde for. Sjølv om ein har god oversikt over kulturminna og -miljøa i område, vil ein slik plan bidra til å likestille verneverdiane i parken, og gje verdifull kunnskap til arbeid med kanalisering av ferdsel og med opplevingar. Likeins bidreg gjenstandsfunna frå bresmeltinga til den samla kunnskapen om bruken av fjellområdet over fleire tusen år, og utviklar med det den nasjonale forteljinga om fjella i Noreg.

Det bør i tillegg opnast opp for moglegheit til vegetasjonsskjøtsel i plana, i tilfelle det skulle bli aktuelt i forbindelse med tilrettelegging. Særleg i forbindelse med arealbruk som seter- og stølsdrift.

Samferdselsaglege forhold

Besøksstrategien inneber skilting langs veg og informasjonstavler ved knutepunkt/rasteplassar e.l. Vi minner om at det er Statens vegvesen som er skiltstyresmakt, og som gjer vedtak om oppsetjing av skilt langs riks- og fylkesveg. Når det gjeld skilt langs fylkesveg, skal søknaden først sendast til Innlandet fylkeskommune, som vidare sender søknaden til Statens vegvesen saman med vår vurdering.

Med vennleg helsing

Kristin Ryen Reithaug
seksjonssjef

Hanne Thingstadberget
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:

-STATENS VEGVESEN

Til

Breheimen Nasjonalparkstyre
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

HØYRINGSUTTALE BESØKSSTRATEGI FOR BREHEIMEN

Syner til brev frå Breheimen Nasjonalparkstyre, dagsett 12. juli 2023 angående høyring for besøksstrategien for Breheimen.

Skjåk Almanning har fylgjande innspel til høyringsutkastet;

1. Vi er kjent med merkevarestrategien til Miljødirektoratet og «velkomen inn» prinsippet i delar av denne, men meiner at både forvaltning og brukarar treng meir, og tydelegare informasjon om kva som faktisk *ikkje* er tillate i verneområda våre. Dei aller fleste ynskjer å rette seg etter regelverk, men ein kan ikkje forventa at tilreisande aktivt skal oppsøke verneforskrifter og forvaltningsplanar for å finne ut av dette. Ein ynskjer enkel og lettfatteleg info rundt dette, både på infotavler og digitalt om det er mogleg å få til. Dette gjeld mellom anna bruk av drone, villvarding, sykling, motorferdsel, telting, organisert ferdsel, ferdsel i høve villrein, kiting og bandtvang for å nemne noko.
2. Vernestatus / ordet nasjonalpark er på mange måtar med på å auke marknadsføringsverdien på eit område, og difor kan vernestatusen i seg sjølv delvis vere skuld i auka ferdsel inn i område som før var mindre kjent, og meir urørde og lite brukt. I den samanheng er ein redd for at ein del av infopunkta som er tenkt oppretta, kanskje vil vere med å auke ferdselen ytterlegare inn i området. Vi meiner at ein difor bør vere forsiktig med å teikne inn startpunkt for stigar, og gjere ei grundigare vurdering av fleire av infopunkta som er tenkt, særleg i områda som er sentrale for villreinen.
3. Friluftslivet, saman med sosiale media har endra bruken både av naturområda og kanalisering av ferdsel kolossalt berre på 10 år – noko som gjer at undersøkingar frå berre få år tilbake, kan vere mindre relevante for både dagens, og ikkje minst framtidens bruk og informasjonsbehov. Og fylgje med i denne utviklinga er heilt essensielt for å ta vare på verneverdiane framover – og klare å styre ferdselen dit ein ynskjer. Mange av infopunkta vil vere nedsnødd eller mindre synlege på vinteren, i ei tid då dyrelivet er på det mest sårbare – og forstyringar potensielt kan gjere stor skade. Og finne gode løysingar som dekker informasjonsbehovet / tiltak også på den årstida er litt omtala i strategien (med fokus på Grotliområde), men kunne kanskje fått større plass og meir omtale då ein ser at folk stadig tek i bruk «nye» område, og gjennom ein lengre periode av vinteren samanlikna med den tradisjonelle «påsketuristen». Bruken har auka og endra seg mykje berre dei siste 5 åra pga. randoneeutstyr.

at	26/46	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
au	26/47	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
av	26/48	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
aw	26/49	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ax	26/50	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ay	26/51	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
az	26/52	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ba	26/53	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bb	26/54	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bc	26/55	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bd	26/56	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
be	26/57	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bf	26/58	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bg	26/59	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bh	26/60	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bi	26/61	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bj	26/62	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bk	26/63	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bl	26/64	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bm	26/65	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bn	26/66	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bo	26/67	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bp	26/68	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bq	26/69	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
br	26/70	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bs	26/71	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bt	26/72	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bu	26/73	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bv	26/74	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bw	26/75	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bx	26/76	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
by	26/77	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
bz	26/78	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ca	26/79	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cb	26/80	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cc	26/81	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cd	26/82	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ce	26/83	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cf	26/84	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cg	26/85	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ch	26/86	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ci	26/87	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cj	26/88	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ck	26/89	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cl	26/90	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cm	26/91	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cn	26/92	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
co	26/93	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cp	26/94	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cq	26/95	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cr	26/96	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cs	26/97	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
ct	26/98	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cu	26/99	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000
cv	26/100	Mar	1000	Peter Johnsen	1000	1000	1000	1000

DULSETE LIGGI
380 m.o.H.

INNMARK PÅ DULSETE
FOR
BRUK G.NR 26 BRUK NR 1-2-3-4-5-9-11

MOEN
GNR
24/1

FRÅDELING ER
TINGLYST
31 JANUAR 1997
836 m²
på 26/3 og 6
tillagt 26/1



NORD

ca 380 m.o.H

SØR
STATENS KARTVECK
26/21
TINGLYST
FRÅDELING
31 JANUAR 1997
836 m²
fradelte 26/1

FRÅDELING
TINGLYST
31/10-1997

Målestokk 1:1000

[Signature]

Fig. 5.



VEDLEGG nr. 8

Er dette med respekt for eit steinstølgjerde frå 1.700-talet, og eit kulturminne.

P.S.

Kan ein endra på eit steinstølgjerde ?,
men ikkje fjerna nokre store steinar i elveløpet ?,
i eit verna området i Breheimen Nasjonalpark.
Er det teoretisk kunnskap som trengs, *eller er det «vet» ?*

Skjolden grunneigarlag
v/Knut Stokkenes
6876 SKJOLDEN
kn-st@online.no

7.10.2023

Breheimen nasjonalparkstyre
sfinpost@statsforvalteren.no

UTTALE BESØKSSTRATEGI BREHEIMEN, saksnr. 2021/2684

Skjolden grunneigarlag har på generelt grunnlag desse innspela til besøksstrategi Breheimen:

- Toalett på Hødnevollen og Jervane.
Det er ei stadig aukande utfordring at det ikkje er toalett tilgjengeleg for besøkjande i området. Skjolden grunneigarlag er villig til å diskutera drift og vedlikehald.
- Støtte til tiltak på prioriterte vegstrekningar
 - Jervane – Berget / området rundt Drivande
 - Rundtur Hødnevollen – Liane – Bølifossen – Hødnevollen.
(støtte må ikkje gå utover tiltaket «Buføringsveg»).
- Skilting
Små infotavler på utvalde plassar (for eksempel i Berget) og namnepunkt som kan gjere turopplevinga enda meir interessant.

Skjolden grunneigarlag

Knut Stokkenes
leiar

From: "Karlis Bremers" <karlis@bremers.no>
Sent: Mon, 16 Oct 2023 14:48:30 +0200
To: "Stokkenes, Aina-Elise Bolstad" <aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no>
Subject: Innspel til besøksstrategien til Breheimen Nasjonalpark - Adventure Tours Norway

Hei igjen!

Tek kontakt på vegne av Adventure Tours ang. besøksstrategien for Breheimen Nasjonalpark: - Adventure Tours tilbyr sykkel-og vandreturar i Mørkridsdalen, med hovudfokus på Drivandefossen som endepunkt. Dette er eit produkt me har solgt i hovudsak til cruisemarknaden, men også til individuelt reisande og grupper. I 2023 har me hatt omtrent 15-20 slike turar, med ca. 150 gjester. Me leiger også ut sykklar til våre turistar, der Drivandefossen og den Romantiske vegen er dit me pleier å sende dei som leiger sykkel hjå oss. Vanskeleg å anslå kor mange av dei som leiger sykklar som reiser til Gjervane/Drivande - tippar omlag 200-300 stk. i 2023.

1. Lurer på om det er planar for å utvide parkeringsplass ved Gjervane?

2. Lurer på om det er mogleg å opparbeide ein eigna plass til sykkelparkering på Gjervane? Ein eigna stad for sykkelparkering med t.d. forankra sykkelstativ (med moglegheit for å låse inn sykklar for gruppene våre), er eit ynskje for oss. Eit slikt tiltak ville vore positivt, ettersom turistane hadde tatt mindre plass på parkeringsplassen dersom det hadde vore ein tilrettelagt plass for å parkere sykklar. Adventure Tours er positiv til å bidra økonomisk for å realisere ein sykkelparkering.

Eg har førebels ikkje tatt kontakt med grunneigar ang. dette endå - veit de kven som eig grunnen?

mvh.

--

Karlis Bremers
Manager Adventure Tours Norway
Marketing Manager Port of Skjolden



www.adventuretours.no

Email: post@adventuretours.no / karlis@bremers.no

Mobile: +47 957 66 385

Tel.: (+47) 969 13 130

Fra: Karlis Bremers <karlis@bremers.no>
Sendt: mandag 16. oktober 2023 14:35
Til: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad
Kopi: Vegard Bolstad; thomasevjestad@gmail.com; markenstokkenes@gmail.com
Emne: Ang. besøksstrategi til Breheimen Nasjonalpark og informasjon ang. Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt
Vedlegg: Skisse frå Bolstadnosi og til Skori_1.jpg; Kart i Google Earth.jpg; Totaloversikt-Sognetrappa med delbilete_small (1).jpg; Overview-Sognetrappa_delar.jpg; Copy of Innspel arealplan_kvittering_1007252.pdf

Hei Aina!

Eg hadde dessverre ikkje høve til å møte ang. Besøksstrategien til Breheimen Nasjonalpark på Fjordstova den 20.09, og tenkte å sende ein epost på vegne av «Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt» for å informere litt om våre planar. Usikker kor relevant vårt prosjekt er for nasjonalparkstyret, men informasjonutveksling og ein dialog og kontakt ser me på som positivt - kanskje ein finn felles interesseområder der samarbeid kan vera nyttig.

Litt om prosjektet:

«Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt» er eit frivillig lag som skal arbeida for å eit aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. Laget skal ta vare på folkehelse og er basert på frivillig innsats. Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt skal ikkje ha økonomisk vinning til formål. Som eit tiltak for å nå desse målsetjingane vil Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt etablere ein sti, sherpasti og trapp for Bolstadnosi rett opp, med retur via Rebni og Rebnisli. Arbeid skal skje i samråd og samarbeid med grunneigarar, samt instansar som er aktuelle samarbeidspartar, bidragsytarar og/eller premissleverandørar. Vennelaget har som visjon å etablere ein av dei flottaste fjellturane i landet.

Me ynskjer å avklare med Breheimen Nasjonalparkstyre:

- Tilrettelegging av sti i Mørkridsdalen landskapsverneområde. Viser til vedlagt kartskisse.

Vennelaget tenkjer i hovudsak mindre tiltak som betre merking av eksisterande sti (Rebnisli - Skåravatnet - Bolstadnosi) og skilting, ettersom eksisterande sti allereie er av brukbar kvalitet.

Korleis stiller nasjonalparkstyret seg til tilrettelegging, merking og skilting av sti i dette området?

- Er det naudsynt å signere ein form for avtale med Nasjonalparkstyret for tilrettelegging, merking og skilting av sti i Mørkridsdalen landskapsverneområde?

- Vennelaget har deltatt på møte med Bolstad og Heltne sameige, og fekk positiv tiltakemlding på våre planar og tilrettelegging. Utdrag frå referatet til sameiget: «stiller seg positive til avtale om tilrettelegging og turstiar Bolstadnosi Rundt». Grunneigaravtale med sameiget er endå ikkje signert formelt. Vennelaget har signert grunneigaravtalar med alle grunneigarar på fremsida av Bolstadnosi der stien er skissert.

Eg såg raskt over besøksstragetidokumentet som ligg på nett, der de nemner dei eksisterande informasjonpunkta i Mørkrid og Hødnevollen som dei eksisterande punkta de vil fornye/oppgradere, samt sjå på utstililnga på Fjordstova og etablere eit utandørs informasjonspunkt i Skjolden sentrum. Vennelaget er positive til desse tiltaka. Vennelaget ser også på Skjolden sentrum som eit viktig akse til informasjon ut til brukarar av Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt, og vennelaget ser på sikt å etablere eige informasjonspunkt i: Skjolden sentrum, turstistart på Fløyen og vegaskillet i Bolstad. Dersom nasjonalparkstyret ser på vegaskillet i Bolstad og veg/sti via Rebni som ein aktuell fremtidig innfallsport til Breheimen, så kan det vera eit aktuelt samarbeidspunkt. Kva er nasjonalparkstyret sitt syn på denne vegen/stien i samband med besøksstrategien? Vårt syn er at prosjektet Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt har veldig stort potensiale til å tiltrekke seg turistar, at dette også vil bidra til auka trafikk inn i Breheimen Nasjonalpark, og er noko nasjonalparkstyret burde ta med seg i tankane i strategiarbeidet.

Punkta nedanfor er eksempel på tiltak som kan vera interessant for nasjonalparkstyret å ha kjennskap til:

- Parkering v. vegaskillet i Bolstad - Vennelaget har tidlegare sendt innspel til Luster kommune sitt arealplanarbeid - viser til vedlegg. Denne parkeringsplassen blir i dag nytta i stor grad til vandring til Rebni, Rebnisli og Skåravatnet. Parkeringsplassen er allereie for liten på travle sommardagar, og grunneigarar har etterlyst ein utviding og betre drift av plassen for å avlaste trafikk og unngå parkering ved veginngang til Heltne. Skilting, merking og utviding av plassen vil vera veldig positivt. Grunneigar av vegaskillet har uttalt at dei kan vera interesserte i å selge grunnen til Bygdelaget eller kommunen. Er denne parkeringsplassen av interesse for dykk, og kan det vera aktuelt å bidra økonomisk til ein utviding av denne?

- Omlegging av sti utanfor bebyggelse på Rebni.
Grunneigar på Rebni gard har ynskje om å legge om sti, slik at den ikkje går gjennom gardstunet.
Grunneigar er positiv til eit slikt tiltak, og har idear om korleis ein kan bygge om sti og skilte.
- Parkering Skjolden - Vennelaget har tidlegare sendt innspel til Luster kommune sitt arealplanarbeid - viser til vedlegg.

Vennelaget håpar Nasjonalparkstyret stiller seg positivt til vårt prosjekt.

Mvh.

--

Karlis Bremers
Manager Adventure Tours Norway
Marketing Manager Port of Skjolden

www.adventuretours.no
Email: post@adventuretours.no / karlis@bremers.no
Mobile: +47 957 66 385
Tel.: (+47) 969 13 130

From: "Karlis Bremers" <karlis@bremers.no>
Sent: Mon, 16 Oct 2023 14:35:09 +0200
To: "Stokkenes, Aina-Elise Bolstad" <aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no>
Cc: "Vegard Bolstad" <vegard@bolstad.info>; "thomasevjestad@gmail.com" <thomasevjestad@gmail.com>; "markenstokkenes@gmail.com" <markenstokkenes@gmail.com>
Subject: Ang. besøksstrategi til Breheimen Nasjonalpark og informasjon ang. Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt
Attachments: Skisse frå Bolstadnosi og til Skori_1.jpg, Kart i Google Earth.jpg, Totaloversikt-Sognetrappa med delbilete_small (1).jpg, Overview-Sognetrappa_delar.jpg, Copy of Innspel arealplan_kvittering_1007252.pdf

Hei Aina!

Eg hadde dessverre ikkje høve til å møte ang. Besøksstrategien til Breheimen Nasjonalpark på Fjordstova den 20.09, og tenkte å sende ein epost på vegne av «Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt» for å informere litt om våre planar.

Usikker kor relevant vårt prosjekt er for nasjonalparkstyret, men informasjonutveksling og ein dialog og kontakt ser me på som positivt – kanskje ein finn felles interesseområder der samarbeid kan vera nyttig.

Litt om prosjektet:

«Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt» er eit frivillig lag som skal arbeida for å eit aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. Laget skal ta vare på folkehelse og er basert på frivillig innsats. Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt skal ikkje ha økonomisk vinning til formål.

Som eit tiltak for å nå desse målsetjingane vil Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt etablere ein sti, sherpasti og trapp for Bolstadnosi rett opp, med retur via Rebni og Rebnisli.

Arbeid skal skje i samråd og samarbeid med grunneigarar, samt instansar som er aktuelle samarbeidspartar, bidragsytarar og/eller premissleverandørar.

Vennelaget har som visjon å etablere ein av dei flottaste fjellturane i landet.

Me ynskjer å avklare med Breheimen Nasjonalparkstyre:

- Tilrettelegging av sti i Mørkridsdalen landskapsverneområde. Viser til vedlagt kartskisse. Vennelaget tenkjer i hovudsak mindre tiltak som betre merking av eksisterande sti (Rebnisli – Skåravatnet – Bolstadnosi) og skilting, ettersom eksisterande sti allereie er av brukbar kvalitet. Korleis stiller nasjonalparkstyret seg til tilrettelegging, merking og skilting av sti i dette området?

- Er det naudsynt å signere ein form for avtale med Nasjonalparkstyret for tilrettelegging, merking og skilting av sti i Mørkridsdalen landskapsverneområde?
- Vennelaget har deltatt på møte med Bolstad og Heltne sameige, og fekk positiv tiltakemelding på våre planar og tilrettelegging. Utdrag frå referatet til sameiget: «stiller seg positive til avtale om tilrettelegging og turstiar Bolstadnosi Rundt». Grunneigaravtale med sameiget er endå ikkje signert formelt. Vennelaget har signert grunneigaravtalar med alle grunneigarar på fremsida av Bolstadnosi der stien er skissert.

Eg såg raskt over besøksstragetidokumentet som ligg på nett, der de nemner dei eksisterande informasjonspunkta i Mørkrid og Hødnevollen som dei eksisterande punkta de vil fornye/oppgradere, samt sjå på utstillingsplass på Fjordstova og etablere eit utandørs informasjonspunkt i Skjolden sentrum. Vennelaget er positive til desse tiltaka.

Vennelaget ser også på Skjolden sentrum som eit viktig akse til informasjon ut til brukarar av Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt, og vennelaget ser på sikt å etablere eige informasjonspunkt i: Skjolden sentrum, turstistart på Fløyen og vegaskillet i Bolstad.

Dersom nasjonalparkstyret ser på vegaskillet i Bolstad og veg/sti via Rebni som ein aktuell fremtidig innfallsport til Breheimen, så kan det vera eit aktuelt samarbeidspunkt. **Kva er nasjonalparkstyret sitt syn på denne vegen/stien i samband med besøksstrategien?**

Vårt syn er at prosjektet Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt har veldig stort potensiale til å tiltrekke seg turistar, at dette også vil bidra til auka trafikk inn i Breheimen Nasjonalpark, og er noko nasjonalparkstyret burde ta med seg i tankane i strategiarbeidet.

Punkta nedanfor er eksempel på tiltak som kan vera interessant for nasjonalparkstyret å ha kjennskap til:

- **Parkering v. vegaskillet i Bolstad** – Vennelaget har tidlegare sendt innspel til Luster kommune sitt arealplanarbeid – viser til vedlegg. Denne parkeringsplassen blir i dag nytta i stor grad til vandring til Rebni, Rebnisli og Skåravatnet. Parkeringsplassen er allereie for liten på travle sommardagar, og grunneigarar har etterlyst ein utviding og betre drift av plassen for å avlaste trafikk og unngå parkering ved veginngang til Heltne. Skilting, merking og utviding av plassen vil vera veldig positivt. Grunneigar av vegaskillet har uttalt at dei kan vera interesserte i å selge grunnen til Bygdelaget eller kommunen. Er denne parkeringsplassen av interesse for dykk, og kan det vera aktuelt å bidra økonomisk til ein utviding av denne?
- **Omlegging av sti utanfor bebyggelse på Rebni.** Grunneigar på Rebni gard har ynskje om å legge om sti, slik at den ikkje går gjennom gardstunet. Grunneigar er positiv til eit slikt tiltak, og har idear om korleis ein kan bygge om sti og skilte.
- **Parkering Skjolden** – Vennelaget har tidlegare sendt innspel til Luster kommune sitt arealplanarbeid – viser til vedlegg.

Vennelaget håpar Nasjonalparkstyret stiller seg positivt til vårt prosjekt.

Mvh.

--

Karlis Bremers

Manager Adventure Tours Norway

Marketing Manager Port of Skjolden




www.adventuretours.no

Email: post@adventuretours.no / karlis@bremers.no

Mobile: +47 957 66 385

Tel.: (+47) 969 13 130



5639

Rebnisli

Skori

Myrasvatnet

Tussavatnet

535

Rebni

353

Skori

1043

1060

Øyastolen

Flaten

936

1014

Rundnosi

5639

Heitnehagen

89

Heitne

852

Liasete

5639

Flohaug

Hjerseggnosi

Bolstad

Bolstad

5639

Mørkridsdalen



End

Lap 1

X Start

Bolstad

Floane

Nymoen Leirplass


Eidsvatnet

Eidsgrovi

Skjolden

End of Sognefjorden


143



Raud del

Oransje del

Grønn del



Raud del

Oransje del

Grønn del



Arealdelen - innspelskjema

Innsendt	24.03.2023 20:18:22
ReferanselD	LK118-1007252
Om innsendar	
Innsendar er: <input type="checkbox"/> Privatperson <input checked="" type="checkbox"/> Organisasjon	
Kontaktinformasjon	
Organisasjonsnummer 927973502	
Organisasjonsnavn VENNELAGET FOR SOGNETRAPPA OG BOLSTADNOSI RUNDT	
Adresse c/o Karlis Bremers Lustravegen 4405	
Postnummer/-sted 6876 SKJOLDEN	
Kontaktperson førenamn Karlis	Etternamn Bremers
E-post karlis@bremers.no	

Innspel	
Krets	
Innspelet gjeld område: Skjolden	
Gards- og bruksnummer for innspel	
Gnr. 20	Bnr. 160
Gjeld det fleire gards- og bruksnummer? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Her kan du legge inn fleire relevante gards- og bruksnummer 1	
Gnr. 26	Bnr. 24
Her kan du legge inn fleire relevante gards- og bruksnummer 2	
Gnr. 20	Bnr. 160
Her kan du legge inn fleire relevante gards- og bruksnummer 3	

Gnr. 26	Bnr. 7
Skriftleg innspel	
Tittel for innspel Forslag til parkering i Skjolden	
Skildring av innspel - trykk på spørsmålsteikn for rettleiing	
<p>"Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt" ynskjer betre parkeringsmoglegheiter i Skjolden i samband med generell auke i reiselivet i Skjolden, og ein venta fremtidig auke i reiselivet pga. realisering av Sognetrappa.</p> <p>Det har lenge vore eit behov for betre parkeringsmoglegheiter, og spesielt i Skjolden sentrum i høgsesong, og spesielt etter Skjolden hotell sin auka satsing på individuelle gjester som kjem med eigen bil. Dette behovet vil berre bli større i framtida. Tilgjengeleg areal til parkering i Skjolden sentrum (mellom bruene) er begrensa, og ein bør sjå på andre aktuelle stader som kan avlaste sentrumsområdet. Alternativt kan ein sjå på moglegheita for å fylle ut Mørkridselva i større grad for å utvide tilgjengeleg areal mellom Fjordstova og Mørkridselva.</p> <p>Under kjem 3 forslag til areal for parkeringsplassar, i prioritert rekkefølge:</p> <p>1. "Vegaskjelet" (20/160): Dette arealet blir allereie nytta til parkering, men er førebels ikkje regulert til parkering. Underteikna har snakka med grunneigar, som er positiv til å selge arealet til bruk for parkering, og kommunen bør vurdere kjøp. Det er gode moglegheiter for å doble parkeringskapasitet ved å fylle på med grus inntil grense for dyrka mark (inntil gjerde). Skilt for parkering bør også etablerast.</p> <p>2. "Skjolden Grasbane" (26/7): Arealet blir allereie nytta til parkering i dag (i samband med aktivitet på Skjolden grasbane), men er i utgangspunktet berre kjent for lokalbefolkninga. Bør sjå på moglegheita for å fylle ut arealet og utnytte det betre, samt sette opp parkeringsskilt. Arealet er allereie regulert som parkering, men ein bør utvide reguleringa til å inkludere Friluftsområdet "FL1" som ligg mellom P2 og Fv.55, og nytte dette arealet betre. Fotgjengerovergang over Fv.55 bør vurderast i samband med denne parkeringsplassen, ettersom den naturleg også vil bli brukt i samband med Skjolden badestrand.</p> <p>3. "Ved småbåthamna" (26/24): På andre sida av småbåthamna er eit område som allereie er regulert til parkering, og som ein bør realisere etter punkt 1 og 2.</p>	
Vedlegg	
26,24_Parkering v. småbåthamna_Skjolden.jpg	
26,7_Parkering v. Grasbana_Skjolden.jpg	
20,160_Parkering v. Vegaskjelet_Skjolden.jpg	

From: Mari Arnøygard Wedum[mari@visitjotunheimen.no]
Sent: 16.10.2023 15:28:06
To: Grevrusten, Stein Magne[stein.grevrusten@statsforvalteren.no]; Grevrusten, Stein Magne[stein.grevrusten@statsforvalteren.no]
Cc: Marit Tangvik[marit@visitjotunheimen.no]; Tatjana Breda-Gulbrandsen[tatjana@nasjonalparkriket.no]; 'Ole Erik Bjørnstadhaugen'[oleerik@nasjonalparkriket.no]
Subject: Høyringsuttale frå Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv | Besøksstrategi Breheimen
Heisann!

Takk for tilsendt høyringsbrev og besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark! Vi synes det er positivt at dykk får på plass ein eigen besøksstrategi for Breheimen. Som det kjem fram av strategien, er reiselivet viktig i området, og vi er opne for god og tett dialog om utviklinga framover.

[Her kjem samla innspel til besøksstrategien frå destinasjonsselskapa Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv:](#)

Kapittel 2.2: Reiselivet

Vi foreslår at dykk går over og oppdaterer lista over «bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet», på s. 26, for å få ei komplett oversikt over kva bedrifter som har aktivitet i tilknytning til verneområdet. Her kan vi vere behjelpelege.

T.d. få med aktivitetsbedriftene Jotunheimen Arrangement og 500 fjell.

Kapittel 3: Mål og strategiske grep

Under strategiske grep og «tiltak for å nå måla» står mellom anna:

- «• Sikre at godkjente stiar og løyper er godt merka.
- Synleggjere på digitale plattformer dei innfallsportane som er ønskjeleg at dei besøkande brukar.
- *Marknadsføre turar som forvaltninga meiner ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.»*

Dette synes vi er gode og interessant punkt. For at vi skal bidra her, er det **viktig at dykk sender oss informasjon som er relevant ut i frå sesong**. Vi vil meir enn gjerne dele både turtips og generelle ferdselstips når dette er relevant. Vi opplever at våre følgjarar sett pris på slik informasjon.

Forslag: Forvaltninga informerer reiselivet fortløpande gjennom året med relevant info, konkret innhald dei ynskjer å kome ut med, og altså tek initiativet til innlegg vi kan samarbeide om eller reposte i våre kanalar. Krysspublisering eller «samarbeidsinnlegg» er relevant.

Forvaltninga kan i større grad nytte destinasjonsselskapa (oss) som ledd i sin kommunikasjon. Strategien peiker på at destinasjonsselskapa har bredt nedslagsfelt, og at våre kanalar er viktige informasjonskjelder for gjesten både i planleggingsfasa og under opphaldet. Her er nøkkelen dialog og at vi får kunnskapsgrunnlaget frå

forvaltninga, slik at vi kan dele informasjonen på riktig måte. *Dette er noko som òg kan føyast inn under tiltak på Mål 2, om det passer seg.*

Kapittel 4: Kommunikasjon

Vårt hovudbodskap er eit ynskje om å systematisere dialogen mellom reiselivet og forvaltninga. Vi ser det står *generelt* på tiltakslista, men her er forslag til korleis det kan løyast:

- Tips oss jamleg gjennom året. Vi er opne for å bidra til å dele informasjon og nytte våre eigne kanalar til folkenyttig informasjonsspreiing om verneområda.
- Eit dialogmøte per år med reiselivsbedrifter og destinasjonsselskap. Vi trur det er smart med årlege møtepunkt der både reiselivet og destinasjonsselskapa kan treffe forvaltninga og få ei «statusoppdatering». Dette ligg i tiltaksplanen hjå dykk, men det står ikkje noko om tidsintervallet. Ved møter/innspeleir, bør det *leggast til rette for å kunne delta digitalt*.
- *Fagleg rådgjevande utval*: Vi ynskjer ei tydeleggjering av fagleg rådgjevande utval si rolle i besøksforvaltninga, og at reiselivet (destinasjonsselskapa) blir inkludert.

Elles flott med dei planlagde oppgraderingane av eksisterande informasjonstavler og dei nye som er planlagt. Det er super informasjon for gjestane.

Lykke til med arbeidet vidare! Vi satsar på at vi høyrer frå dykk!

På vegne av:

Visit Jotunheimen ved Marit Tangvik og Mari Arnøygard Wedum
Nasjonalparkkriket Reiseliv ved Ole Erik Bjørnstadhaugen og Tatjana Breda-Gulbrandsen

Fjellhelsing frå

Mari Arnøygard Wedum
Dagleg leiar i Visit Jotunheimen

mari@visitjotunheimen.no
Tlf. +47 99 64 17 84
[visitjotunheimen.no](https://www.visitjotunheimen.no)



Fra: Grevrusten, Stein Magne <stein.grevrusten@statsforvalteren.no>

Sendt: onsdag 6. september 2023 14:45

Emne: Høring - Besøksstrategi Breheimen

Hei!

Besøksstrategien for Breheimen blir nå sendt ut på høring. Høringsfristen er satt til 16. oktober 2023.

Se vedlagt høringsbrev. Dokumentet blir bare sendt ut på e-post.

Se mer om besøksstrategien her:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/publikasjoner/besoksstrategi>

Ta kontakt dersom det er spørsmål.

Med vennlig hilsen

Stein Grevrusten

Nasjonalparkforvalter



**Breheimen
nasjonalpark**

Mobil: 977 37 221

E-post: stein.grevrusten@statsforvalteren.no

Web: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/>



Breheimen nasjonalparkstyre
Grevrusten, Stein Magne

Dykkar ref.
2021/2684-10

Vår ref.
23/3394 - 2

Dato
12.10.2023

Høyringsinnspel frå Luster kommune besøksstrategi Breheimen nasjonalpark

Viser til høyring av besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark. Luster kommune, næring og natur er positive til strategien, og har følgjande innspel:

- Fortsette godt samarbeid mellom landbruk og nasjonalparkforvaltning.
- Luster kommune er interesserte i å jobbe fram «kundereise i Luster», kanskje med to utgangspunkt i dei to besøksentra (Jostedal og Fortun). Kundereise 1: Breheimsenteret i Jostedal som utgangspunkt- og Jostedal camping /hotell for overnatting og mat, og reise til Vanddalen som startpunkt for turar, td. til Myrhyrna- ein moderat tur til eit flott fjell med utsyn til både Jostedalsbreen og Breheimen. Kundereise 2: frå besøksenteret i Fortun til Mørkridsdalen, med turar i ulik lengde/vanskegrad.
- Myri er og ein særskilt aktuell stad for vinterturar i Breheimen og randsona til Breheimen, prioritet 1 som informasjonspunkt?
- Auka «opplæring» av reiselivsaktørar/ destinasjonsselskap som nyttar Breheimen som arena- slik at dei gjev god informasjon til besøkande om td. villrein, grotter, sårbar natur. Td. digital «villreinopplæring», vertskapsseminar (bruk besøksentra til dette), meir informasjonsdeling.
- Få reiselivet med på laget i å formidle verneverdiane, bruke dei meir aktivt for å nå td. utanlandske gjester.
- Aktuelle verksemder i randsona er Forthun 1882, Vassbakken camping, Nymoen camping, Skjolden hotel, Turtagrø Hotell, Skjolden brygge, Nes gard, Jostedal camping, Jostedal hotell, Villa Fjellheim, Sognefjord adventure, Jostedalen breførrelag, Icetroll, Jostedal Ski. Norgesguidene har opphøyrd, men Bre og fjell har kanskje aktivitet i Breheimen?
- Det bør vere informasjonspunkt også på Breheimsenteret med informasjon om nasjonalparken utandørs.
- Informasjon om nasjonalparken bør også innehalde generell informasjon om allemanspliktene- spesielt sporlaus og omsynsfull ferdsle, bandtvang osv.
- Utvikle nettside med informasjon til besøkande er viktig.

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	postmottak@luster.kommune.no
Postboks 77		Org.nr.	Heimeside
6866 Gaupne		964 968 241	http://www.luster.kommune.no

- Sjå på moglegheita til å samarbeid med besøksentre og lokale skuler for å etablere formidlingsopplegg som aukar lokal forståing for vernet- og lokal kunnskap om verneområdet?

Med helsing

Marte Meland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Mottakar
Aina-Elise Bolstad Næring og natur
Stokkenes

From: "Johannes Hauge" <johanneshauge2301@gmail.com>
Sent: Mon, 18 Sep 2023 14:11:28 +0200
To: "Stokkenes, Aina-Elise Bolstad" <aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no>
Subject: Fwd: Dulsete

Hei Aina skreiv noko rundt det me prata om sist,skal det leggst fram for styre må eg få korekktur av Elin.Men eg føler me vil mykje det same,og eg trur me i samarbeid med alle kan få til masse bra på Dulsete,men informasjon er veldig viktig og der er du god.Viktigheit av att ein har engasjerte grunneigarar som tek eigarskap i prosjekta er heilt avgjerande,viss ikkje raknar prosjekta det trur eg er viktig og få fram.Og att ein planlegg fram i tid slik du har starta no.

----- Forwarded message -----

Fra: Johannes Hauge <johanneshauge2301@gmail.com>
Date: man. 18. sep. 2023 kl. 13:09
Subject: Dulsete
To: <hauegard76@gmail.com>

Betraktninger rundt slått og skjøtsel på Dulsete.

Bakgrunnen for vår interesse av Dulsete er att vår familie har henta ut ressursar der i form av beiting,støling og slått i mange generasjonar i lag med andre brukarar.Noko som har skapt det stølsmiljø som er der med gamle sel,uteløer,slåttemark og steingjerde.Men etter att det vart slutt på stølinga var no naturen på god veg til ta over stølsvoll og slått gjerdet,gamle løer og sel vart heller ikkje prioritert vedlikehold noko som er forståelig med tanke på andre bygningar på gardane heime.

Eg snakka mange gonger med bestefar om stølinga,det var mykje slitt men og noko det likte fekk eg inntrykk av.Men det som gjekk igjen som negativt var att det no vaks opp med skog overalt, det vart liksom tema.Litt trist att han ikkje fekk sjå det er på bedringens veg no.

Vernet

Når verneprosessen starta vekte det kjensler i manga,oss inkludert kva skjer no.Men me fant fort ut att det ville gje muligheiter for og sette i gang med ting som me ivra for i lag med Nasjonalparkstyret og forvaltar.Me starta rydding av skog og slått på gjerdet i 2012 året etter me overtok garden.No er dette til berikelse og sjå for alle som ferdast i dalen,det syns eg me kan vera stolte av alle partar.Og me hatt eit flott samarbeid med Sno heile vegen til gjensidig glede håpar eg.

Stølshuset

Me er so heldig og eit stort og gammelt Sel på Dulsete i følge Geir Vetti det eldste i dalen.Det er fint for oss men og for stølsmiljø,det er viktig att blir teke vare på når det ligg rett ved turstien der folk går forbi.Men de krever mykje arbeid og investering noko me no er i ferd med og utføra.

Vegen vidare

Fortsette slått,no me større areal inne på gjerdet.

Utvide slått på utsida av gjerdet langs tursti,har gjort dette i år og tidlegare år.

Rydding skog på Stølsvoll og myr,åpne opp landskapet meir.

Når ein ryddar er det plass og behov for meir beitedyr.

Rydde gate frå Råsamyri til Dulsete er ikkje som mykje som skal til trur eg,vil gje ein fantastisk opplevelse.Kan eventuelt ta berre i toppen fyrst.

Sette opp permanent gjerde i staden for el gjerdet der det er hol i steingjerdet,og ta ned igjen når muren er fiksa.Ein kan eventuelt ta nokre av dei kort parti på muren som er dårleg først.

Gjenbygging Løa

Det vil kunna bli behov for plass til lagring av meir utstyr viss ein skal auka på med diverse arbeid i dalen,me har no slåmaskin og rive i vårt uthus som tek mykje av plassen der.Me har plannar om og nytta selet vårt meir no når me driv og restaurerer og etterpå.Det er litt tungvint med fullt uthus med slåtteutstyr osv.

Forslag vårt er att ein sette opp kopi av løa vår som var inn på stølsvollen.Den kan nyttast til lagring av utstyr i den minste delen.Den andre kan nyttast til eit besøkssenter,kunnskapsformidling og museum osv.Ein plass folk kan gå inn og få ein unik opplevelse.Informasjon om Verneområde.Bilder frå heile Mørkridsdalen Før og No.Utstilling av redskap nytta på stølane og utmarka.Kan nyttast av Skule og Sno,eg var med min ungar når Skulen hadde prosjekt Skulen og Naturarven og det var veldig bra,alle var veldig engasjerte og stolte over naturen sin.Det gjorde dei nysgjerrige på naturen rundt seg. Og her i dalen er det mykje som kan trekkast fram og informerast om på eit slikt lite besøkssenter.

Johannes Hauge

88888

Fra: Fjordstova <fjordstova@skjolden.com>
Sendt: mandag 9. oktober 2023 15:44
Til: 'Stokkenes, Aina-Elise Bolstad'
Kopi: 'Anne Marie Bolstad'; trine_kvamme@hotmail.com
Emne: Breheimen Utstillinga - høyring 16.10

Hei!

Her kjem Fjordstova sitt innspel til høyringa:

Utstillinga ved inngangen av Fjordstova vert kalla Breheimen utstillinga. Faktum er at størstedelen av utstillinga omhandlar Mørkridsdalen og vart den gong produsert i samarbeid med Bjørn Bergum og Kulturdagane Skjolden. Det er difor Kulturdagane Skjolden og Fjordstova som står bak utstillinga og materialet er eigd av Kulturdagane. Sidan Skjolden er innfallsporten til Mørkridsdalen, er det naturleg at denne utstillinga framleis har sin plass på Fjordstova. Av helsemessige årsaker er det ikkje alle som har høve til å sjå Mørkridsdalen eller Breheimen med egne auge. Det er difor fint å kunne ha denne utstillinga i form av bilete og filmar på ein sentral plass, så naturen er tilgjengeleg for alle.

Sidan Skjolden har cruiseskipanløp er det ekstra viktig med all informasjon og tilbod ein kan ha for å aktivisere tusenvis av reisande til Skjolden. Fjordstova har også status som «informasjonspunkt» for Visit Sognefjord og denne utstillinga har stor verdi for alle tilreisande til området.

Fjordstova ønskjer å behalde utstillinga slik som den står i dag, men er open for utbetringar og eventuelle endringar/oppdateringar.

Med venleg helsing
FJORDSTOVA AS

Turid Øiene
-dagleg leiar-

Kopi til:
Skjolden Bygdelag
Kulturdagane Skjolden



Arkivsaksnummer: 2023/14306-1

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 20.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	34/23	24.11.2023

Breheimen nasjonalpark-Tiltak i verneområdet i 2024

Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det blir søkt om tiltaksmidlar for 2024 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2024, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet.

Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg naudsynt fram mot innmeldingsfristen den 10. januar 2024. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.

2. Breheimen nasjonalparkstyre tek skjema om SNO-ressurs til orientering. Nasjonalparkstyret vil påpeike at det er viktig at verneområda i Breheimen får tildelt ressursar til oppsyn på linje med tidlegare år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev datert 13.11.2023 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyret - Innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurs i verneområder – 2024.
 - Strategi for bruk av midler til tiltak 2020-2025
 - Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs

Saksopplysninger

Tiltaksplanen skal evaluerast kvart år og dette framlegget til tiltaksplan er forankra i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen, Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Mysubytta landskapsvernområde og Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Framlegget til tiltaksplan 2024 er m.a. basert på erfaringar sekretariatet har med gjennomførte tiltak i 2023. Dette er altså ei liste over tiltak som sekretariatet ynskjer skal verta utført i løpet av 2024. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO i Breheimen, med bl.a. møte på Teams den 14. november, og elles jamleg kontakt knytt til gjennomføring og planlegging av tiltak (sjå vedlegg).

Gjennom tiltaksplanen melder nasjonalparkstyret inn behov for midlar til gjennomføring av tiltak i verneområda i 2024. Frist for innmelding i elektronisk søknadssenter er 10. januar 2024. Midlar til tiltak i verneområda er statlege investeringsmidlar som vert løyvd over post 1420.31 for å betre naturtilstanden i verneområda. I brevet frå Miljødirektoratet står det bl.a.:

Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.

Heimelsgrunnlag


Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark med tilhørende verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Vurdering

Skjøtsel

Miljødirektoratet har gjeve føringar for prioritering av tiltak gjennom *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025*. I strategien er det presisert at det overordna målet for forvaltning av verneområda er at verneføremålet og verneverdiane i det enkelte verneområde skal ivaretaast. I Mysubytta-, Høydalen-, Vigdalen- og Mørkridsdalen landskapsvernområde er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet vore ein av dei største truslane mot verneverdiane. I Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde har det sidan 2011 og fram til i dag vore gjennomført ulike skjøtselstiltak. Det er svært viktig at skjøtsel av desse områda held fram og oppfølging av desse områda gjennom skjøtelsplan har høg prioritet. For Mysubytta- og Mørkridsdalen landskapsvernområde vart det utarbeidd skjøtelsplanar i 2016/2017, og skjøtelsplanane for Vigdalen- og Høydalen landskapsvernområde vart godkjent i 2021. I alle desse områda vil det vera behov for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane og verneføremåla.



Figur 1. Trusselfaktorer i verneområder pr 31.12.2017

I følgje *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025* gjeld følgjande prioriteringar for skjøtselsprosjekt:

Prioritet 1: Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene.

Prioritet 2: Løpende skjøtselstiltak

Tiltaka i landskapsvernområda er oppfølging av dei ulike skjøtselsplanane. I Mørkridsdalen er det fleire pågåande skjøtselstiltak som krev årleg oppfølging, til dømes slått av lauvenger og slåttemark, og styrte beiteprosjekt. Resultata av desse tiltaka viste også att ved utarbeidinga av skjøtselsplanen har mange område fått auka verdivurdering i forhold til då vernet kom i 2009. Det blir også gjennomført styrt beiteprosjekt i Vigdalen LVO. Sidan mykje av verneverdiane i landskapsvernområda er knytt opp mot det å ha tilgang på beitedyr i landskapsvernområda, er det viktig at buforvegar blir helde i hevd. Difor er noko midlar knytt opp mot mindre utbetringar av desse.

Stølsområda og kulturlandskapet er viktige verneverdiar. Desse ønskjer vi å ta vare på og framheve gjennom samarbeid med grunneigarar og brukarar. Gjennom slike samarbeid blir det rydda skog og problemvekstar. Siste åra har det vore rydda gran i Vigdalen og ein ser seg ferdig med det prosjektet. Det er viktig å følgje opp slik hogst med rydding og beite slik at ikkje uønskt vekstar som bringebær tek over areala på stølsvollen. Noko av det mest særeigne for Mørkridsdalen er den omfattande haustingsskogen. Dette er viktige område både biologisk og kulturhistorisk. Det er i skjøtselsplanen skissert mange tiltak for å ta vare på og skjøtte haustingsskogen. Til dette er det viktig å nytte profesjonelle folk.

Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen. Det er ein gamal seterdal der det ikkje lenger er aktiv setring, men det blir sleppet omlag 60 kyr og 100 sauer på utmarksbeite. Desse går spreidd i Høydalen, gjerne med flest dyr i Søre og Nørde Høydalen. Dette gjer at det framleis er opne naturbeitemarker i desse setergrendene, men attgroing med einer, vier og bjørk er eit problem i heile dalen. I alt vart det skild ut 4 viktige og lokalt viktige naturbeitemarker i dalen, og innan desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane. I 2021 vart det starta opp med rydding av areal både på nordre- og søre Høydalen og tiltaket vart vidareført i 2022 og 2023. Dette må fortsetje i åra framover også. Godt samarbeid med grunneigar og seterbrukarar er heilt avgjerande for at ein kan lykkast med dette arbeidet.

Mysubytta er eit karakteristisk og representativt seterlandskap for nordlege delar av Gudbrandsdalen. Beitetrykket her er for lågt til at seterleveane, beitevollane og naturbeitemarkane kan oppretthaldast på lang sikt. Beiteområda oppover lia og i rasmarkane gror svært raskt att. Det er allereie gjort nokre tiltak for å rydde lauvoppslag omkring setrane, og ein del naturbeitemark er rydda for einer. Målsetjinga med restaurerings- og skjøtselstiltaka er å ta vare på eit heilskapleg seterlandskap med dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som er karakteristiske for området. Meir spesifikt framover er målsetjinga å oppretthalde og helst auke beitebruken i tillegg til å fjerne einer og lauvtre.

Det er lagt opp til to nye skjøtselsprosjekt med styrt beiting av geit, eitt i Mysubytta landskapsvernområde, og eitt i Mørkridsdalen landskapsvernområde i 2024. Det er i tillegg lagt inn eitt skjøtselstiltak som går på byrje restaurering av slåttemyr i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Sjå vedlagt tiltaksplan for detaljert oversikt over dei enkelte tiltaka i landskapsvernområda.

Opprusting/vedlikehald av buforvegen Mørkridsdalen

Sidan vernet i 2009 har det blitt fleire beitedyr i Mørkridsdalen, det er mange bønder som nyttar områda og mange av dei kulturstyrte naturtypelokalitetane har fått auka verdi. Nå er det både sau, storfe og hest som beitar i verneområdet. Å få hest og storfe på beite inn den lange dalen krev at buforvegen blir vedlikehalden. Ved synfaring saman med grunneigarlaget og beitelaget vart det peika fleire punkt og kortare strekningar der det trengst utbetringar for å sikre føreseieleg og trygg buforing. Skjolden grunneigarlag har kome med attendemelding på ei prioriteringsliste for tiltak på buforvegen, med fokus på parsellar kor tap av storfe er prioritert høgast. I samråd med fylkeskommunen i Vestland er det ynskjeleg å utarbeida tiltaksplan for buforvegen i Mørkridsdalen på strekninga Hødnevollen-Fossen. Målet er å finna gode løysingar på tiltak knytt til buforvegen slik at ein ivareteke kultur-, opplevings- og bruksverdien. Det er ynskjeleg at tiltaksplanen med sine råd og anbefalingar skal ligga til grunn før eventuelle tiltak på buforvegen vert gjennomført.

Besøksstrategi og implementering av merkevara Norges nasjonalparker

Alle nasjonalparker skulle ha ferdig ein besøksstrategi innan år 2020, men langt frå alle nasjonalparkane er ferdige med dette arbeidet. Arbeidet i Breheimen starta opp med ei besøksundersøking i innfallsportane kring Breheimen sommaren 2016 og ei etterundersøking vinteren/våren 2016/2017. Resultata frå undersøkingane var lagt fram for nasjonalparkstyret våren 2017. Vidare er det prioritert kunnskapsinnhenting av natur- og kulturverdiar sommaren 2017 og 2018. I 2020 til 2023 har det nye sekretariatet arbeid vidare med besøksstrategien og nasjonalparkstyret godkjente besøksstrategien i styremøte i september 2021. Besøksstrategien vart fagleg godkjent i Miljødirektoratet den 11.03.2022. I godkjenninga vart det peikt på 3 ting som direktoratet meinte burde bli med i strategien: Eit kapittel om klimautfordringar, nye moment frå kvalitetsnormen for villrein (klar april 2022) og sårbarheitsvurdering av Dumdalsgrottane (klar oktober 2022). Høyring av besøksstrategien vart gjennomført hausten 2023, og endeleg vedtak av nasjonalparkstyret er på inneverande møte 24.11.23

Med bakgrunn i at besøksstrategien er godkjent, kan nasjonalparkstyret melde inn behov for midlar til å utarbeide nye informasjonsplakatar, temaplakatar, informasjonspunkt osv. Alle informasjonstiltak som vert sett i verk skal vere i tråd med merkevara Norges nasjonalparker. Det er lagt inn midlar til denne type tiltak i tiltaksplanen for 2024. Miljødirektoratet har starta arbeidet med å utarbeide nytt kart og brosjyre for Breheimen NP, men prosessen har teke tid på grunn av stor arbeidsmengde hos dei som utfører arbeidet for direktoratet. Sekretariatet har som mål om å utarbeide denne i løpet av 2024.

